



SGON OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE

Eigarmelding 2012

Fylkeskommunalt eigarskap i selskap



Føreord

Dette er femte gongen Sogn og Fjordane fylkeskommune legg fram ei melding om eigarskapen sin i selskap. Eigarmeldinga er såleis ei rullering av den vedtekne meldinga frå 2011.

Del I omhandlar eigarpolitikk. I denne delen kjem det fram vurderingar av mellom anna prinsipielle utfordringar, samfunnsansvar og etikk, retningsliner for utøving av fylkeskommunal eigarskap, og regelverk knytt til habilitet for folkevalde i ulike rollar.

Del II har omtale av kvart av selskapa og ei vurdering av eigarskapen. Omtalen bygger på årsrekneskap og årsmeldingar frå selskapa for 2011. I tillegg inneheld del II ei kortfatta oversikt over stiftingar der fylkeskommunen er involvert.

Fylkeskommunen har ved utgangen av oktober 2012 eigarskap i 20 aksjeselskap, 3 interkommunale selskap, 1 gjensidig selskap og 1 særlovsselskap. Eigarmeldinga omhandlar i hovudsak eigarskap per 31.12.2011, men omtalar også kjente endringar så langt i 2012.

Fylkestinget handsama eigarmeldinga i møte den 16. oktober 2012, sak 46/12, og gjorde då slikt vedtak:

1. *Fylkestinget sluttar seg til vurderingane og prinsippa for eigarpolitikk i del I av eigarmeldinga, jf. vedlegg 1.*

2. *Fylkestinget sluttar seg til omtalen og vurderinga av dei einskilde selskap og stiftingar i del II av eigarmeldinga, jf. vedlegg 1.*

3. *Fylkestinget legg følgjande til grunn for dei einskilde selskapa, jf. del II i vedlegg 1:*
 - a) *Vidareføre eigarskapen. Dette gjeld Sogn og Fjordane Energi AS, Sogn og Fjordane Holding AS, F1 Holding AS, Fjord Invest Såkorn AS, Framtidsfylket AS, Gulen og Masfjorden Utvikling AS, Innovasjon Norge, Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane AS, Lutelandet Utvikling AS, Njøs Næringsutvikling, Vigo IKS, Sogn og Fjordane Teater L/L, Sandane Industri AS, Firda Produkt AS, Origod AS, Sogneprodukt AS, Kommunekraft AS og Trivselshagen IKS.*

 - b) *Vidareføre eigarskapen inntil vidare. Dette gjeld Botnaneset Industriselskap AS, Luna Industri AS, Firda Billag og Opplæringsfartøy AS.*



- c) Fylkeskommunen deltek i strategiprosessen, og eigarskapen held fram inntil vidare: Dette gjeld AS Norsk Fjordhestsenter.
 - d) Fylkestinget stadfester varsel om utmelding av SF Revisjon IKS: Dette gjeld Sogn og Fjordane Revisjon IKS.
4. *Fylkesutvalet får fullmakt til å gjøre naudsynte tiltak, t.d. søkje om vedtektsendring, slik at Helse Førde i framtida vel styret i Bustadstiftinga ved fylkessjukehuset i Lærdal, Bustadstiftinga ved fylkessjukehuset på Nordfjordeid og Bustadstiftinga ved Sentralsjukehuset Sogn og Fjordane.*
5. *Fylkestinget ber om at det i framtida også vert rapportert på selskapet sitt etiske regelverk og implementering av dette.*

Saksprotokollen frå fylkestinget ligg vedlagt til slutt i eigarmeldinga.

November 2012,

Tore Eriksen
fylkesrådmann

Sogn og Fjordane fylkeskommune

EIGARMELDING 2012

FYLKESKOMMUNEN SIN EIGARPOLITIKK SOM EIGAR I SELSKAP

Innheld

Del I

GENERELL DEL – EIGARPOLITIKK	6
0. Samandrag	6
1. Bakgrunnen for eigarmeldinga	7
2. Omfanget av det fylkeskommunale eigarskapet	7
2.1. Selskapa	7
2.2. Eventuell avgrensning av eigarmeldinga	8
3. Prinsipielle utfordringar	8
3.1. Fylkeskommunen som folkestyre og forvalningsorgan.	8
3.2. Fylkeskommunen som aktør i interkommunale selskap.....	9
3.3. Fylkeskommunen som aktør i privat sektor.....	9
4. Samfunnsansvar og etikk	9
5. Fylkeskommunal eigarskap i dag	10
6. Korleis utøve fylkeskommunal eigarskap	11
6.1. Generelt.....	11
6.2. Val av utsending til generalforsamling og val av styre.....	11
6.3. Rutinar for fylkestinget og fylkesutvalet si utøving av eigarstyring	13
7. Retningsliner for utøving av fylkeskommunalt eigarskap	14
7.1. Generelt.....	14
7.2. Kriterium for å gå inn – og å bli sitjande – som eigar i selskap og opprettar av stiftingar	15
7.3. Vurderingar ved å avvikle engasjement i selskap.....	15
7.4. Aktivt og profesjonelt eigarskap - kriterium for utpeiking av styremedlemer - habilitet ...	16
7.4.1. Styret sitt ansvar	16
7.4.2. Habilitet – folkevalde i ulike rollar.....	17
7.4.3. Folkevalde som styremedlemer	19
7.4.4 Anbodsaker/konkurranse med private interesser	19
1. Omtale av kvart selskap	21
Sogn og Fjordane Energi AS	22
Sogn og Fjordane Holding AS	26
F1 Holding AS	28
Fjord 1 AS – einskilde opplysningar	30
Botnaneset Industriselskap AS.....	33
Fjord Invest Såkorn AS	36
Framtidsfylket AS.....	38
Gulen og Masfjorden Utvikling AS.....	40
Innovasjon Norge	42
Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane AS	44
Luna Industri AS	46
Lutelandet Utvikling AS	48
Njøs Næringsutvikling AS	50
Firda Billag AS	52
Opplæringfartøy AS.....	55
Vigo IKS	57
Sogn og Fjordane Teater L/L.....	58
AS Norsk Fjordhestsenter	61
Sandane Industri AS	64
Firda Produkt AS.....	66
Origod AS	68
Sogneproduct AS	70

Kommunekraft AS	72
Sogn og Fjordane Revisjon IKS.....	74
Trivselshagen IKS	76
Kommunal Landspensjonskasse (KLP)	78
2. Stiftingar som fylkeskommunen er opprettar av.....	79
Stiftinga Singerheimen	81
Bustadstiftinga ved fylkessjukehuset i Lærdal.....	82
Bustadstiftinga ved fylkessjukehuset på Nordfjordeid	83
Bustadstiftinga ved Sentralsjukehuset Sogn og Fjordane	84
Stiftinga Sogn og Fjordane Næringsutvikling	85
Stiftinga Førde Internasjonale Folkemusikkfestival	86
Stiftinga Vestlandsforskning	86
Stiftinga Røde Kors Nordisk United World College	87
Stiftinga Nynorsk kultursentrum.....	88
Stiftinga Langvin	89
Stiftinga Vestnorsk Jazzsenter.....	90
Stiftinga Balejazz	91
Stiftinga Sogn og Fjordane Kunstmuseum.....	92
Stiftinga Norsk Country-Treff	93
Stiftinga Nærøyfjorden Verdsarvpark	94
Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane.....	94
Stiftinga Norsk Kvernsteinsenter.....	95
3. Bompengeselskap med fylkeskommunal garanti.....	97
Fatlatunnelen AS	97
AS Fjærlandsvegen	97
4. Vedlegg.....	98
Oversikt over fylkeskommunal eigarskap i selskap.....	98
Etiske prinsipp og retningslinjer	99
Valde utsendingar frå Sogn og Fjordane fylkeskommune.....	103
Mal for rapportering	105

Del I

GENERELL DEL – EIGARPOLITIKK

0. Samandrag

Dette er den femte eigarmeldinga som no er lagt fram for fylkestinget. Det er fylkesrådmannen som har fått ansvaret for den årlege rulleringa av eigarmeldinga etter at den første ”Eigarmelding 2008” var utarbeidd av ei styringsgruppe. Denne eigarmeldinga tek utgangspunkt i den vedtekne eigarmeldinga for 2011.

Del I av eigarmeldinga omhandlar i det vesentlege eigarpolitikk der det kjem fram synspunkt og vurderingar av m.a. prinsipielle utfordringar, samfunnsansvar og etikk, korleis utøve fylkeskommunal eigarskap, retningsliner for utøving av fylkeskommunal eigarskap, aktivt og profesjonelt eigarskap samt regelverk knytt til habilitet – folkevalde i ulike roller.

Del II av eigarmeldinga har omtale av kvart av selskapa som fylkeskommunen har eigarskap i og ei vurdering av fortsatt eigarskap. I tillegg er det utarbeidd ei kortfatta oversikt over stiftingar der fylkeskommunen er stiftar/medstiftar, og bomvegselskap der fylkeskommunen har stilt garanti.

1. Bakgrunnen for eigarmeldinga

I FU-sak-32/07 vart det etablert ei ordning for val av utsendingar til generalforsamlingar mv. I same sak fekk fylkesrådmannen i oppdrag å greie ut om fylkeskommunen si eigarrolle i aksjeselskap, interkommunale selskap, stiftingar mv. Etter at fylkesrådmannen la fram si utgrieing vedtok fylkesutvalet at det skulle nemnast opp ei styringsgruppe som skulle legge fram den første eigarmeldinga for fylkestinget.

Styringsgruppa la fram Eigarmelding 2008 til handsaming i oktober 2008, og fylkestinget slutta seg til styringsgruppa sitt framlegg. Fylkesrådmannen fekk ansvaret for den årlege rulleringa av eigarmeldinga.

Kommunenes Sentralforbund (KS) har i boka ”Styring og eierskap i kommunalt eide selskaper” peika på at det kan vere ulike grunnar til at ein kommune/fylkeskommune etablerer eit selskap eller går saman med andre om å etablere eit selskap. Slike grunnar kan vere auka krav til effektivitet, endringar i lovverket eller behov for samarbeid med andre om tenesteytingar mv. Etter nokre år kan kommunen sitt forhold til selskapet bli fjernare og den opphavlege grunnen til etableringa av selskapet ikkje lenger er aktuell. KS tilrar at kommunen ”tek eigarskapen tilbake” og finn ut kva som var den opphavlege grunnen til etableringa og om den framleis er viktig, sett i samanheng med kommunen sin totale tenesteproduksjon.

Regjeringa har i stortingsmelding nr 13 (2006-2007) ”Et aktivt og langsiktig eierskap” gått igjennom den statlege eigarskapen. Meldinga vart lagt fram i desember 2006. Seinare har regjeringa lagt fram dokumenta ”Regjeringens eierpolitikk” frå 2007 og 2008, og ”Statens eierberetning” for 2008, 2009 og 2010.

”Statens eierberetning” gjev ei oversikt over den statlege eigarskapen, korleis eigarskapen forvaltas og korleis selskapa utviklar seg. Den skal også auke kunnskapen både om departementet sitt arbeid med forvaltninga av eigarskapen og om det enkelte selskap.

Desse dokumenta har vore ein inspirasjon ved utarbeiding av eigarmeldinga for fylkeskommunen.

2. Omfanget av det fylkeskommunale eigarskapet

2.1. Selskapa

Fylkeskommunen har per september 2012 eigarskap i 20 aksjeselskap, 3 interkommunale selskap, 1 gjensidig selskap og 1 særlovsselskap. Av aksjeselskapa er to (Sogn og Fjordane Holding AS og F1 Holding AS) heileigd av fylkeskommunen. Dei andre aksjeselskapa er eigde anten i lag med kommunar eller private, eller i ein kombinasjon av dette, og eigarprosenten varierer frå 80 % til 0,31 %.

Selskapa er i del II organiserte ut frå fylkeskommunen sitt føremål med eigarskapen eller typen verksemد:

Investering: Sogn og Fjordane Energi AS, Sogn og Fjordane Holding AS, F1 Holding AS

Næringsutvikling: Botnaneset Industriselskap AS, Fjord Invest Såkorn AS, Framtidsfylket AS, Gulen og Masfjorden Utvikling AS, Innovasjon Norge, Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane AS, Luna Industri AS, Lutelandet Utvikling AS, Njøs Næringsutvikling AS,

Samferdsle: Firda Billag AS,

Opplæring: Opplæringsfartøy AS, Vigo IKS,

Kultur: Sogn og Fjordane Teater L/L, Norsk Fjordhestsenter AS,

Arbeidsmarknadsbedrifter: Sandane Industri AS, Firda Produkt AS, Origod AS, Sogneprodukter AS,

Andre oppgåver: Kommunekraft AS, Sogn og Fjordane Revisjon IKS, Trivselshagen IKS og Kommunal Landspensjonskasse.

Eigarskapen i Fjord1 AS er forvalta gjennom 100 % eigarskap i F1 Holding AS. Det vert likevel ein avgrensa gjennomgang av Fjord1 AS i del II.

Fylkeskommunen er medstiftar i 17 stiftingar. Desse er:

Stiftinga Singerheimen, dei tre bustadstiftingane ved sjukehusa i Førde, Lærdal og Nordfjordeid, Stiftinga Sogn og Fjordane Næringsutvikling, Stiftinga Førde Internasjonale Folkemusikkfestival, Stiftinga Vestlandsforskning, Stiftinga Røde Kors Nordisk United World College, Stiftinga Nynorsk Kultursentrums, Stiftinga Langvin, Stiftinga Vestnorsk Jazzsenter, Stiftinga Balejazz, Stiftinga Sogn og Fjordane Kunstmuseum, Stiftinga Norsk Country Treff, Stiftinga Nærøyfjorden Verdsarvpark, Stiftinga Musea i Sogn og Stiftinga Norsk Kvernsteinsenter.

Stiftingane eig seg sjølve, og fell difor utanfor vanleg eigarskapsproblematikk. Stiftingar har ikkje noko operativt eigarorgan, t.d. ei generalforsamling, der eigarane utøver mynde. Det kan likevel vere ønskjeleg å få utvikle ein strategi for fylkeskommunen si eventuelle deltaking ved opprettning av nye stiftingar. For nokre av stiftingane vel fylkeskommunen (fylkesutvalet eller hovudutvala) heile styret, medan fylkeskommunen for dei andre stiftingane vel ein eller fleire styremedlemer.

Fylkeskommunen har stilt garanti for lån i bompengeselskap. Garantien gir fylkeskommunen rett til å velje to styremedlem i kvart av selskapa. Fylkesutvalet vel den eine medlemen og fylkesrådmannen den andre. Garantien gjer ikkje fylkeskommunen til eigar i selskapa, fylkeskommunen kan ikkje utøve selskapskontroll i selskapa og fylkeskommunen har ikkje rett til å møte på generalforsamlinga. Dei aktuelle selskapa er nærare omtala under del II nedanfor.

Vidare har fylkeskommunen gjeve ansvarlege lån til tre selskap. To av selskapa har fylkeskommunen eigardel i. Dette gjeld Lutelandet Utvikling AS, med eit lån på kr 1,7 mill., og Opplæringsfartøy, med eit lån på kr 1 mill. I tillegg vart det i 2011 gjeve eit ansvarleg lån på kr 1,6 mill. til Gode Busser Holding AS, jf. FU-sak 150/10.

2.2. Eventuell avgrensing av eigarmeldinga

I følgje den ordninga for val av utsendingar til generalforsamlingar som vart vedteken i FU-sak 32/07 skal fylkeskommunen møte på generalforsamlingar i 25 selskap.

Sidan fylkeskommunen sin eigarprosent varierer frå 100 % til 0,31 % kunne det vore føremålstenleg å foreta ei avgrensing i talet på aksjeselskap som skal omfattast av eigarmeldinga. Fylkesrådmannen har valt å omtale alle selskapa også i denne eigarmeldinga, slik at ein får eit best muleg grunnlag for å vurdere fylkeskommunen sin totale eigarskap og eventuelt sal av aksjar.

3. Prinsipielle utfordringar

3.1. Fylkeskommunen som folkestyre og forvaltningsorgan.

Fylkeskommunen har som primæroppgåve å opptre som folkestyre og forvaltningsorgan. Formålsparagrafen i kommunelova av 25.09.1992, § 1 lyder slik:

”Formålet med denne lov er å legge forholdene til rette for et funksjonsdyktig kommunalt og fylkeskommunalt folkestyre, og for en rasjonell og effektiv forvaltning av de kommunale og fylkeskommunale fellesinteresser innenfor rammen av det nasjonale fellesskap og med sikte på en bærekraftig utvikling.”

§ 1 kan vanskeleg tolkast som heimel for å engasjere seg i aksjeselskap, enten dei er reint offentlege eller private. På den andre sida hindrar ikkje § 1 at fylkeskommunen gjer det. Fylkeskommunen kan som andre ha aktivitet innanfor privatretten. Dette står i utgangspunktet eit kvart rettssubjekt fritt, også offentlege organ.

Aktivitet knytt til folkestyre og forvaltningsmynde, må ha lovheimel. Fylkeskommunen kan i kraft av dette påleggje borgarar plikter og rettar av ulikt slag. Dette er i all hovudsak regulert i offentlegrettslege lover og forskrifter. Den aktivitet fylkeskommunen kan drive innanfor privat sektor, kan være heimla i eige tiltak, i avtaleretten og/eller som følgje av privatrettsleg lovgjeving på dei ulike områda. Alt dette altså på lik linje med vanlege private aktørar.

Kombinasjonen av å utøve forvaltningsmynde og næring reiser ei rekke prinsipielle spørsmål knytt til for eksempel utøving av eigarrolle, representasjon, lojalitet, habilitet, konkurransevilkår og ansvar, og det er viktig å vere medviten dette.

3.2. Fylkeskommunen som aktør i interkommunale selskap.

Fylkeskommunar, primærkommunar mv. kan engasjere seg i interkommunale selskap etter reglane i lov om interkommunale selskap av 29.01.1999. Dei står nokså fritt til å definere kva slag formål selskapet og verksemda skal ha. Det kan her for eksempel være transportverksemd, næringshagar, revisjonsselskap og liknande. Dette er verksemder som normalt er grenseoverskridande for kommunegrenser. Dessutan har det vore ein viss tradisjon for at fylkeskommunen har engasjert seg i slike verksemder, heilt fram til i dag. Dei beste eksempel er tidlegare Firda Billag IKS (no Firda Billag AS), Trivselshagen IKS, Sogn og Fjordane Revisjon IKS.

3.3. Fylkeskommunen som aktør i privat sektor.

Her møter vi selskap og verksemder som både har ein link til kommunelova § 1 på den eine sida, og nær opp til rein forretningsmessig næringsverksemd på den andre sida.

Eksempel på slike selskap er SFE AS og Fjord 1 AS. I desse to selskapa har fylkeskommunen lenge vore engasjert, dels under andre selskapsnamn tidlegare. Selskapa har vore viktige for fylkeskommunen i den forstand at dei har utnytt og utvikla store ressursar innan energisektoren (SFE), samt utvikla transportverksemd på sjø og land (Fjord1) til gode for fylket sine innbyggjarar. Selskapa har også gjeve fylkeskommunen aksjeutbytte og er ei viktig finansieringskjelde for fylkeskommunen sitt alminnelege folkestyre og utøving av forvaltningsmynde.

Dei utfordringar som er vist til i pkt. 3.1. framfor kjem mest på spissen overfor slike selskap. Dette gjeld særleg der fylkeskommunen opptrer i ein marknad med konkurranse (anbod), for eksempel innanfor den aktivitet som vert utøvd i Fjord 1 AS, men også elles.

4. Samfunnsansvar og etikk

Verdiskapinga i selskapa medverkar til velferd. Samfunnsansvar handlar om korleis verdiane vert skapte. Det handlar om korleis selskapa påverkar menneske, miljø og samfunn. Ansvarlege selskap tek omsyn til dette.

Fylkeskommunen ventar difor at omsynet til samfunnsansvar i selskapa – i nødvendig grad – vert konkretisert gjennom at:

- selskapa vert drivne slik at dei i det store og heile gir eit positivt bidrag til samfunnet

- selskapa stiller seg opne til alle som har legitime interesser knytt til verksemda
- selskapa sameiner økonomi og etikk i alle deler av verksemda
- selskapet medverkar til ei utvikling som tener bærekraftig miljø og langsiktige utviklingsinteresser
- selskapa opptrer ansvarleg og langsiktig i omstillingsprosesser der ein tek omsyn til sårbare lokalsamfunn
- selskapa bør ha høgt ambisjonsnivå for satsing på forsking og utvikling
- selskapa arbeider systematisk og trygt med helse, miljø og tryggleik
- selskapa arbeider aktivt for likestilling i verksemda og i styret
- selskapa har ei medviten haldning til rekruttering av personar med minoritetsbakgrunn

Føremålet med etiske retningslinjer er å skape betre medvit om haldningar og etikk.

Fylkeskommunen ventar at selskapa har utarbeidd etiske retningsliner som m.a. omhandlar:

- nøkternt nivå på honorar/godtgjersle, gaver, reiser ol til styremedlemer m.fl.
- interessekonfliktar
- forholdet til kundar, leverandørar og konkurrentar
- forholdet til medarbeidarane
- rutinar for varsling og reaksjonar/oppfylging av brot på retningslinene

Fylkestinget vedtok i møte den 14.12.93, sak 36/93, etiske retningslinjer og prinsipp for fylkeskommunen, jf. vedlegg 2. Desse gjeld for dei folkevalde i alle situasjonar der dei opptrer som folkevalde på vegne av fylkeskommunen.

Der ein fylkestingmedlem er medlem av eit styre i eit aksjeselskap vil det vere selskapet sine etiske retningslinjer som gjeld for utøvinga av styrevervet.

5. Fylkeskommunal eigarskap i dag

Fylkeskommunen er blitt eigar i dei fleste selskapa ved at det er kome ei oppmoding om å delta med kapital, anten som tilskot eller ved å kjøpe aksjar. I nokre tilfelle har fylkeskommunen aktivt gått i lag med andre eigarar for å fremje eit bestemt formål til gagn for fylkeskommunen, t.d. etableringa av Opplæringsfartøy AS.

Fjord 1 AS og SFE AS vart etablerte som følgje av at Fylkesbaatane og SFE tidlegare var verksemder som var ein del av den fylkeskommunale forvaltninga.

F1 Holding AS vart etablert i 2011 for å forvalte aksjane i Fjord1 AS i samband med prosessen om sal som vart starta av Møre og Romsdal fylkeskommune. Tilsvarande vart Sogn og Fjordane Holding AS etablert av fylkeskommunen som eineeigar for eventuell forvaltning av aksjane i SFE AS. Aksjane i SFE AS er framleis eigmeld direkte av fylkeskommunen.

I selskapsavtalene for IKS og i vedtekten for aksjeselskap står gjerne at formålet med selskapet er å dekkje deltagarane sine behov for bestemte tenester, yte noko til gode samfunnsmessige formål eller forretningsmessige/finansielle mål.

Fylkeskommunen sine mål hittil med eigarskapen har variert frå selskap til selskap og er i hovudsak samansett av eitt eller fleire av følgjande punkt:

- Sikre at investert kapital oppnår høgast mogeleg avkastning over tid, dvs. forretningsmessige mål
- Sikre at inntekter av naturressursane i fylket kjem innbyggjarane i fylket til gode

- Behalde og vidareutvikle arbeidsplassar; spesielt kompetansearbeidsplassar/FoU-miljø i fylket
- Være fødselshjelpar ved nyetableringar som ikkje vil kome opp og gå utan fylkeskommunalt medeigarskap
- Sikre god infrastruktur i fylket (straum, vegar, kollektivtrafikk, FoU-miljø)
- Sikre gode fellesskapsløysingar innan einskilde område som t.d. kultur og revisjon.

Fylkeskommunen meiner at eigarskap i selskap har vore ein suksess i dei fleste tilfella og har medført gode både for fylkeskommunen og for samfunnet elles.

6. Korleis utøve fylkeskommunal eigarskap

6.1. Generelt

Det er fylkestinget som kollegialt organ som utøver eigarrolla i selskap. Fylkeskommunen sin eigarskap i selskapet vert utøvd gjennom den valde representanten i det operative eigarorganet, dvs. representantskapet eller generalforsamlinga. Representanten skal utøve fylkeskommunen sine interesser i selskapet, denne må difor reflektere fleirtalet i fylkestinget. Det er difor viktig med dialog mellom fylkestinget og representanten i generalforsamlinga eller representantskapet for aktivt å kunne utøve eigarstyring – dette er nærmere omtala under pkt. 6.3 nedanfor.

Utbytepolitikk vil vere ein del av eigarskapspolitikken i aksjeselskap. For tida er det berre Fjord 1 AS (via F1 Holding AS) og SFE AS som gjev utbyte til fylkeskommunen.

Kommunelova med forskrift har reglar om eigarskapskontroll og selskapskontroll. Med dette er meint kontroll med eller ettersyn av forvaltninga av ein kommune sine eigarinteresser i heileigde selskap eller i selskap der kommunen har majoritetsinteressene.

Ved utøvinga av eigarskap i aksjeselskap og interkommunale selskap skal det særleg leggjast vekt på at fylkeskommunen fører kontroll med eigarinteressene, og at representantane i dei operative eigarorgana utøver fylkeskommunen sine eigarinteresser i samsvar med fylkestinget sine vedtak og føresetnader, og i samsvar med selskapslovgivinga.

Fylkestinget bør regelmessig drøfte eigarskapen sin i dei ulike selskapa, særleg om den er i samsvar med formålet med selskapet og eigarskapen. Fylkestinget bør også gi klare signal til sine representantar i representantskapa og generalforsamlingane.

Fylkeskommunen bør utøve eit aktivt eigarskap gjennom å formulere klare forventningar/krav til selskapa og ved å utøve tilstrekkeleg kontroll. Dette kan gjerast gjennom gode rutinar for eigardialog med selskapa, gjennom representantane i dei operative eigarorgana, representantskap eller generalforsamling, i samsvar med fylkestinget sine vedtak/føringar. Dialog kring utbyte i selskapa bør skje som del av eigardialogen – tilpassa fylkeskommunen sin budsjettprosess.

6.2. Val av utsending til generalforsamling og val av styre

Generalforsamlingar

Det er utsendingane til generalforsamlingane som utøver fylkeskommunen si rolle som eigarrepresentant i selskapet. I samsvar med eigarmeldinga frå 2010, FT-sak 43/10, skal fylkesutvalet velje alle dei politiske utsendingane til selskapa. Det skal framleis vere slik at fylkesrådmannen vel utsendingane der eigarposten er mindre enn kr 100 000 i aksjekapital. Vala skal gjelde for heile den fylkeskommunale valperioden.

I FU-sak 101/12 vart det vedteke at det skal vere politisk valt utsending til generalforsamlinga i Sogn og Fjordane Teater, trass i at eigarposten er mindre enn kr 80 000. Sogn og Fjordane fylkeskommune eig 80 % av aksjane i Sogn og Fjordane Teater. Det er også naturleg at det er politisk valt utsending i Sogn og Fjordane Holding AS, trass i at aksjekapitalen er redusert til kr 30 000.

Det kan i praksis skje at fylkeskommunen ikkje er representert på enkelte av generalforsamlingane. Dette kan kome av at innkallingane oftast vert utsende frå selskapa berre ei veke før møtet slik aksjelovas krav er. Dei valde utsendingane får såleis for lita tid på seg til å møte.

Det vert sendt ut melding frå fylkeskommunen til alle selskapa der ein oppmodar om å varsle om generalforsamling i god tid. Det er presisert at møtetidspunkt bør fastsetjast så tidleg som muleg, medan saksliste og sakspapir kan sendast ut i samsvar med den lovfesta fristen.

Dersom korkje den valde utsendinga eller varautsendinga kan møte på generalforsamlinga, er det i utgangspunktet ingen som møter for fylkeskommunen. Dette kan i ein del tilfelle vere uheldig. Ein utveg kan då vere at den valde utsendinga gir fullmakt til ein anna person til å møte for han. Fullmektigen si oppgåve blir då å møte på generalforsamlinga. Han har ikkje det totale ansvaret som eigarrepresentant som også inneber rapportering til fylkesutvalet. Dette ansvaret ligg fortsatt på den valde utsendinga. Eit anna alternativ kan vere at det vert vald to-tre varautsendinger slik at ein har fleire å ta av.

Representantane til representantskapa i interkommunale selskap vert valde av fylkestinget i samsvar med kravet i IKS-lova. Føresetnaden her er at det berre er dei valde representantane som kan møte.

Det vart i FU-sak 32/07 vedteke at for selskap der eigarskapen er under kr 3000 skal fylkeskommunen ikkje møte på generalforsamlinga. Dette galdt då ni selskap. Av desse er det no berre eitt selskap att, det er Kommunekraft AS. Eigarane i selskapet er 125 primærkommunar og åtte fylkeskommunar som alle har kraftinteresser. Sidan fylkeskommunen kan nyte godt av selskapet sine tenester og ekspertise, er det naturleg at fylkeskommunen møter på generalforsamlinga viss nokon har høve til det.

Det vart i FU-sak 32/07 ikkje nemnt noko om val av utsendingar til dei såkalla "eigarmøta" i selskapa. Dette er ikkje-lovfesta organ som vert haldne etter behov gjennom heile året. Det er i følgje aksjelova ikkje noko som heiter "eigarmøte" i tillegg til generalforsamlinga, for det er generalforsamlinga som er det eigentlege eigarmøtet etter lova. Fylkestinget slutta seg til styringsgruppa si tilråding til at ordninga bør vere at dei som er valde som utsendingar til generalforsamlingane også møter på "eigarmøta", eventuelt supplert med ein representant frå administrasjonen.

Styre

Styra i selskapa vert valde av det operative eigarorganet. Eigarane kan påverke valet av styret ved å gi føringar for sine representantar i eigarorganet, eller eigarane kan i ein eigaravtale avtale ei fordeling av styreverva.

Med unnatak for styra i Fjord1 AS (via F1 Holding AS), Sogn og Fjordane Holding AS, Botnaneset Industriselskap AS og Sogn og Fjordane Teater L/L er det ikkje i vedtektena eller i eigaravtale lagt opp til at fylkeskommunen skal vedta forslag på kandidatar til styra. Styra vert i nokre selskap valde etter forslag frå ei valnemnd, dette gjeld til dømes for SFE AS. Representantar frå aksjonærane skal vere medlemer i valnemnda, og fylkesordføraren vart i 2012 valt for to år. Nokre av selskapa tek kontakt med fylkeskommunen på førehand for å få oppgjeve

aktuelle representantar til styret, men fylkeskommunen har som regel ingen styremedlemer som kan reknast for å vere ”sine”.

Det kunne vore ønskjeleg at fylkeskommunen kan vere med å påverke valet av styremedlemer meir direkte i fleire selskap, særleg for selskap der fylkeskommunen har ein større eigardel og det er ønskjeleg å få spesielle kandidatar inn i styret.

I tilfelle der fylkeskommunen skal gå inn som ny eigar i aksjeselskap kan ein ta opp spørsmålet om å vedtekts- eller avtalefeste prosedyre for val av styret. Det vil og kunne vere ei løysing at fleire av selskapa etablerer valnemnder som tek seg av å skaffe kandidatar til styret.

Det er no lagt inn informasjon i del II for dei selskapa der fylkeskommunen har utpeikt eigne representantar i styret.

Reglar om kjønnsbalanse i styra i aksjeselskap

Stortinget vedtok våren 2009 krav om representasjon av begge kjønn i styra i kommunalt kontrollerte aksjeselskap. Kravet er lovfesta i ein regel i kommunelova § 80 a som viser til aksjelova § 20-6 som regulerer kjønnsbalansen i statsaksjeselskap. For at eit selskap skal kunne reknast for å vere kommunalt kontrollerte aksjeselskap må kommunar og fylkeskommunar til saman eige minst to tredeler av aksjane i selskapet.

Aksjelova § 20-6, 1. ledd, gjeld val av medlemer og varamedlemer som vert valde av eigarane og lyder slik:

- ”(1) I styret i statsaksjeselskap skal begge kjønn være representert på følgende måte:
 - 1. Har styret to eller tre medlemmer, skal hvert kjønn være representert.
 - 2. Har styret fire eller fem medlemmer, skal hvert kjønn være representert med minst to.
 - 3. Har styret seks til åtte medlemmer, skal hvert kjønn være representert med minst tre.
 - 4. Har styret ni medlemmer, skal hvert kjønn være representert med minst fire, og har styret flere medlemmer, skal hvert kjønn være representert med minst 40 prosent.
 - 5. Reglene i nr 1 til 4 gjelder tilsvarende ved valg av varamedlemmer.”

Aksjelova § 20-6, 2. ledd, gjeld val av medlemer og varamedlemer som vert valde av og blant dei tilsette og lyder slik:

”(2) Første ledd gjelder ikke styremedlemmer som skal velges bland de ansatte etter § 6-4 eller § 6-35 jf. allmennaksjeloven § 6-37 første ledd. Når det skal velges to eller flere styremedlemmer som nevnt i første punktum, skal begge kjønn være representert. Det samme gjelder for varamedlemmer. Annet og tredje punktum gjelder ikke dersom et av kjønnene utgjør mindre enn 20 prosent av samlet antall ansatte i selskapet på det tidspunkt valget skjer.”

Lovendringa gjaldt med verknad frå 1.1.10 for selskap som er stifta og registrert i Føretaksregisteret etter 1.1.2010. For eksisterande selskap gjeld ei overgangsordning som er slik at styra må vere samansette i samsvar med lova innan to år etter ikraftsetjingsdatoen, dvs. seinast 1.1.2012.

6.3. Rutinar for fylkestinget og fylkesutvalet si utøving av eigarstyring

Det er naudsynt med rutinar for å få eigarstyringa til å fungere mest mogleg effektivt og i tråd med den politiske vilje. Hensikta må vere å etablere ein god informasjonsflyt og kontakt mellom partane.

Det er utsendingane til dei operative eigarorgana, generalforsamlingar og representantskap, si oppgåve å utøve fylkeskommunen sine interesser i selskapen. Denne utøvinga av eigarstyringa skal reflektere fleirtalet i fylkestinget.

Fylkestinget har oppmoda om at det vart etablert ei ordning med at utsendingane drøfter saker/eigarpolitikken med fylkestinget eller fylkesutvalet minst ein gong for året. Når desse drøftingane skjer i fylkesutvalet bør utvalet supplerast med representantar frå dei partia som ikkje er medlem der. Drøftingane bør som hovudregel gjelde for aksjeselskap og interkommunale selskap der fylkeskommunen har ein eigarskap på minst 100 000 kr og dette utgjer minst 15 % av eigarskapen i selskapet, eller for selskap med lågare eigardel når det er viktig av strategiske omsyn. Fylkestinget oppmoda vidare om at for Fjord1 Nordvestlandske AS og SFE AS bør drøftingane også skje i fylkestinget.

Det er etablert nokre rutinar, og fylkeskommunen vil jobbe kontinuerleg for å oppretthalde og utvikle desse. Rutinane på noverande tidspunkt er desse:

- Eit FU-møte i byrjinga av 1. halvår (fyrste eller andre møtet etter jul) vert utvida med ein sekvens der eigarrepresentantane møter. Deltakarane får høve til å drøfte aktuelle saker / eigarpolitikk, og utsendingane kan få styringssignal før komande generalforsamling / representantskapsmøte.
- Utsendingane eller vara møter på generalforsamling/årsmøte, og utarbeider ein skriftleg rapport til fylkesutvalet. Rapporteringsfristen er 31. juli. Rapporten skal omhandle hovudtrekka i årsrekneskapen, årsrapporten og andre viktige saker. Ein mal for denne rapporteringa er utarbeidd, jf. vedlegg 4.
- Representantar frå Fjord1 AS og SFE AS vert invitert til fylkestinget i juni for å orientere om årsrekneskap og aktuelle saker
- Rapportane frå utsendingane vert sendt ut i høveleg tid før første fylkesutvalsmøte etter sommaren. Fylkesutvalet tek rapportane til orientering, og det er høve til å drøfte eventuelle spørsmål.
- I løpet av hausten kan fylkesutvalet møte eigarrepresentanten viss det er ønskjeleg med ytterlegare informasjon. Informasjonen frå rapporten og eventuell dialog i etterkant vert nytta som bakgrunn for styringssignalene som skal gjevast i møtet etter jul.

7. Retningsliner for utøving av fylkeskommunalt eigarskap

7.1. Generelt

Fylkeskommunen sin eigarskap i aksjeselskap har oppstått på fleire måtar:

- Historiske årsakar frå langt tilbake ved skiping av fylkeskommunale forvaltningsbedrifter som hadde som hovudmål å bygge infrastruktur innan samferdsle og energiforsyning i fylket. Etter kvart som desse bransjane har vortne opna for konkurranse, har selskapen vorte skipa om til aksjeselskap og eigarskapen er motivert ut frå forretningsmessige mål og næringsstrategiske mål (sikre arbeidsplassar, kompetanse, inntekter av naturressursar i fylket).
- Vere fødselshjelpar ved etablering av nye selskap, dvs. fylkeskommunen vert sett på som ein viktig partner for å få etablert selskapet, m.a. for å skaffe nok aksjekapital
- Løysing av konkrete oppgåver som med fordel kan skiljast ut som eige selskap
- Fellestiltak med kommunane (IKS) og andre.

Fylkeskommunen sin eigarskap i dei interkommunale selskapa Trivselshagen IKS og Sogn og Fjordane Revisjon IKS skjedde ved at fylkeskommunen gjekk saman med kommunar for å løyse konkrete, lovpålagde oppgåver.

Fylkeskommunen si deltaking som opprettar av stiftingar har i dei seinare åra kunne synast å vere tilfeldig. Det typiske er også her at fylkeskommunen får invitasjon om å bli med i å etablere ei stifting slik at stiftinga kan få nok stiftingskapital.

7.2. Kriterium for å gå inn – og å bli sitjande – som eigar i selskap og opprettar av stiftingar

Fylkestinget er av den oppfatning at det fylkeskommunale engasjementet som eigar/medstifter gjennomgåande har vore ein suksess, fordi ein på denne måten har hjelpt fram ei heil rekke tiltak som ulike lokalsamfunn og aktørar elles ikkje ville ha makta å løfte fram på eiga hand.

Lokalsamfunna, så vel som ulike deler av kultur livet, er dermed tilført varige verdiar i form av trivselsskapande verksemder så vel som bedrifter med direkte næringspolitisk effekt.

Fylkestinget er av den oppfatning at det er all grunn til å vidareføre eigarskap og rolla som medstifter som ein lekk i arbeidet for regional utvikling. Deltaking i nye prosjekt bør derfor mottast med ei positiv tilnærming så langt eit eller fleire av kriteria nedanfor er oppfylt.

Fylkestinget fastsetter ingen fleire avgrensingar utover dette på kva type engasjement som kan vere aktuelt. Det må vere styrande at fylkeskommunale kriterium for eigarskapen er oppfylt, i tillegg til ei normal risiko- og kostnad-/nyttevurdering for aktuelle tiltak.

Fylkeskommunalt eigarskap og rolla som medstifter blir vidareført som reiskap i det regionalpolitiske arbeidet, og kan nyttast i den grad eitt aller fleire av følgjande kriterium er til stades:

- Sikre at investert kapital oppnår høgst mogeleg avkastning over tid, dvs. forretningsmessige mål
- Sikre at inntekter av naturressursane i fylket kjem innbyggjarane i fylket til gode
- Behalde og vidareutvikle arbeidsplassar; spesielt kompetansearbeidsplassar/FoU-miljø i fylket
- Være fødselshjelpar ved nyetableringar som ikkje vil kome opp å gå utan fylkeskommunalt medeigarskap
- Sikre god infrastruktur i fylket (straum, vegar, kollektivtrafikk, FoU-miljø)
- Sikre gode fellesskapsløysingar innan einskilde område som td kultur og revisjon.

Vidare skal det med jamne mellomrom, t.d. ved årleg rullering av eigarmeldinga, vurderast om enkeltengasjement bør avviklast, men då i nær samarbeid med dei partane det gjeld.

7.3. Vurderingar ved å avvikle engasjement i selskap

Ved vurderinga av om fylkeskommunen skal selje seg ut or nokon av aksjeselskapa, er det naturleg å ta ei vurdering opp mot kriteria i pkt. 7.2 ovanfor. Jo færre av desse kriteria som fortsatt er oppfylte, jo sterkare talar det for sal av aksjane. I alle høve er det naturleg å vurdere sal når målet med å gå inn som eigar er oppfylt eller når selskapet ikkje lenger treng fylkeskommunen som aksjonær. Fylkestinget har også sagt at dersom fylkeskommunen enten skal redusere eksisterande eigardelar eller selje seg heilt ut av selskap, må dette grundig vurderast med omsyn til andre eigarar og gjeldande vedtekter i aktuelle selskap.

Dersom fylkeskommunen skal få inntekter frå dei aksjeselskapa som ikkje gir utbyte, vil ei løysing vere å selje aksjane, i den grad det ikkje er restriksjonar på sal i vedtekten.

For å kunne realisere verdiar og redusere på talet aksjeselskap som fylkeskommunen er eigar i bør det ved høve vurderast om det er tenleg å selje aksjane i ein del av selskapa. Sal bør særleg vurderast i tilfelle der formålet med selskapet er blitt endra.

Eigarskap i interkommunale selskap kan ikkje overdragast til andre. For desse er ordninga at deltarane kan seie opp deltarforholdet sitt med eitt års varsel. Ved uttreden får deltarane utbetalt ein utløysingssum som er lik andelens nettoverdi.

Det er ikkje muleg å selje seg ut or ei stifting. Opprettarane eig ikkje stiftinga, ho er eit sjølevigande rettssubjekt. Dersom fylkeskommunen ikkje lenger ønskjer å stå som opprettar i ei stifting, er einaste løysinga å ta initiativet til å få stiftinga oppløyst. Saka skal då handsamast av styret og i siste instans Stiftingstilsynet som skal godkjenne oppløysinga. Ved oppløysinga går ikkje grunnkapitalen attende til opprettarane. Det er avviklingsstyret og Stiftingstilsynet som avgjer korleis den totale kapitalen skal nyttast etter at kreditorane sine krav er dekka.

På same måten som fylkeskommunen bør vere positiv til å gå inn i slike engasjement, må ein i framtida ha ei meir medviten haldning til det å avvikle eigarskap. Alle fylkeskommunale eigarposisjonar bør derfor vurderast med jamne mellomrom, og fylkeskommunen bør vurdere å gå ut t.d. når

- dei opphavlege føresetnadene ikkje lenger er til stades
- dersom eit tiltak har utvikla seg så positivt at det er ”sjølvgåande” utan fylkeskommunalt eigarskap, slik at andre med føremon kan overta eigarskap og ansvar. Dette gjeld ikkje dei store selskapa der vi har stor eigardel og som gjev årlege økonomiske bidrag, som SFE AS og Fjord1 AS (via F1 Holding AS).
- når kriseramma selskap og verksemder fylkeskommunen har eigarskap i ikkje lenger har ei framtid

Det er viktig å signalisere når ein går inn i eit tiltak at engasjementet blir vurdert jamnleg og om kriteria for å gå ut er til stades.

Ved sal av slike eigapostar er det ein føresetnad at fylkeskommunen skal ha oppgjer etter forretningsmessig verdi. Vidare må slik avvikling skje i nært samarbeid med andre aktørar, lokalsamfunn og eventuelle tilsette.

Det bør med jamne mellomrom, t.d. ved årleg rullering av eigarmeldinga, vurderast om enkeltengasjement i selskap bør avviklast, men då i nært samarbeid med partane det gjeld.

7.4. Aktivt og profesjonelt eigarskap - kriterium for utpeiking av styremedlemer - habilitet

7.4.1. Styret sitt ansvar

Forvaltninga av aksjeselskap og interkommunale selskap ligg til styret. Dette er heimla i aksjelova og lov om interkommunale selskap. Det betyr at det overordna myndet og ansvaret for forvaltninga av selskapet ligg til styret. Styret skal også føre tilsyn med den daglege leiinga og selskapet si verksemde elles. Generalforsamlinga i aksjeselskap og representantskapet i eit IKS er selskapet sitt øvste organ, men dei deltek ikkje i forvaltninga av selskapet. Dei har rolla som såkalla operative eigarorgan.

Styret er ansvarleg for at selskapet vert forvalta lojalt i samsvar med formålet med selskapet. Styret skal difor sørge for at selskapet realiserer den visjonen som eigarane hadde ved etableringa av selskapet, og i kva lei selskapet skal styrast. Styret skal vere ein støttespelar for leiinga i selskapet, og det skal samstundes følgje opp, evaluere og kontrollere leiinga.

Styret skal sørge for at det som kollegium er kompetent og profesjonelt i utøvinga av oppgåvene sine. Dette inneber at styremedlemene må greie å skilje rollar og å unngå rolleblanding. Dette er særleg viktig i offentleg eigde selskap sidan her er mange ulike interessentar med sine spesielle krav og forventningar.

Rolla som styremedlem er forskjellig frå rolla som folkevald sidan styrevervet er eit frivillig, personleg verv. Ein styremedlem representerer berre seg sjølv og ikkje eigarane. Han skal ivareta selskapet sine interesser til beste for alle eigarane. Det er den enkelte styremedlem sitt ansvar å drive godt styrearbeid, og dette er ikkje ut frå funksjonen som folkevald, men som den personleg ansvarlege personen som styremedlemen er.

7.4.2. Habilitet – folkevalde i ulike roller

Habilitet

I den seinare tid har fylkeskommunen handsama saker der det er blitt sett sokjelys på dei folkevalde sine roller, og der det har oppstått tvil og usemje om korleis habilitetsreglane i forvaltningslova skal forståast og nyttast. Likeeins har dei folkevalde sine roller som både folkevalde og styre-/bedriftsforsamlingsmedlemer vore eit tema i det offentlege rom.

Fylkestinget si oppfatning er at både rolleforståing og habilitet må handterast på ein måte som ikkje er egna til å så tvil om at avgjerder i fylkeskommunale organ blir tekne på sakleg grunnlag. Dette er eit viktig tema ved handsaminga av eigarmelding, og målet må vere at ein kjem ut med ei felles forståing som tek i vare dei to viktigaste omsyna som er:

1. At alle avgjerder blir tekne av uhilda personar
2. Hindre at habilitetsreglane blir utvida utover lovkrava, med det resultat at folkevalde urettmessig blir avskorne frå retten og plikta til å delta i saker vedkomande organ får til handsaming.

Etter kommunelova. § 40, nr 1 og 2, har folkevalde både rett og plikt til å delta i møta i organet og til å delta i handsaminga av saker og røyste for vedtak. Inabilitet kan gjere at denne retten og plikta må vike. Vidare seier § 40, nr 4 at organet kan frita ein medlem frå å delta i handsaminga av ei sak når han ber om det og ”vektige personlige grunner tilsier dette.” Denne regelen er ikkje meint å skulle brukast som ein habilitetsregel, men den vil likevel kunne vere til hjelp der habilitetsreglane i forvaltningslova viser seg å by på vanskelege og uklare avgrensingsspørsmål, jf. kommentarutgåva til kommunelova forfatta av professor i forvaltningsrett Jan Fridtjof Bernt og Oddvar Overå.

I tillegg til reglane i forvaltningslova § 6 har kommunelova § 40, nr 3, også reglar om habilitet for folkevalde. Desse er avgrensa til val, fastsettjing av godtgjersler og handsaminga av klagesaker. Aksjelova § 5-3 (4) og § 6-28 har reglar om habilitet for styret og generalforsamlinga som særleg regulerer personlege eller økonomiske særinteresser.

Formuleringane i forvaltningslova vil ofta bli nytta i denne samanheng. Her blir det i § 6, 1. ledd lista opp ein del forhold som automatisk medfører inhabilitet – og er dermed uproblematisk å handtere.

Andre ledd omtalar ”andre forhold” der personlege fordeler og ulemper for den folkevalde eller nærstående blir nemnt særskilt. Dette må forståast slik at lovgjevar dermed har meint at det er slike forhold som ofta vil vere omfatta av slike habilitetsvurderingar. I Jan Fridtjof Bernt og Oddvar Overå sine kommentarar til kommunelova er det vel 20 sider med kommentarar og døme på korleis lova har vore praktisert i ulike folkevalde organ, og som dermed er meint som ei

rettesnor for korleis lova kan nyttast. Alle døma handlar om personlege fordeler eller ulemper. Det kan likevel sjølv sagt tenkast forhold utover dette der habiliteten må vurderast.

Det er og viktig å peike på at praktiseringa av andre ledd er basert på folkevald skjønn. Så lenge ein ligg innanfor det juridiske handlingsrommet, er avgjerda opp til dei folkevalde og deira dommekraft. Eit fasitsvar på kva som er korrekt finst såleis ikkje i slike saker: Fleirtalet har rett, kort og godt. Ein skal i denne samanheng merke seg at det ikkje finst anna rettsprakssis på dette området enn avgjerder i folkevalde organ, på eit unntak nær: Torghattendommen. Her la Högsterett til grunn at tre medlemer av fylkesutvalet i Møre og Romsdal fylkeskommune som også var styremedlemer i MRF, var ugilde i ei sak der fylkesutvalet handsama ei klage over tildeling av konsesjon og offentlege tilskot til eit snøggbåtsamband.

Etter ei lovendring frå 1. november 2011 vil ein fylkestingmedlem vere automatisk ugild når fylkestinget skal handsame ei sak der fylkestingmedlemen er medlem av styret for eit selskap som er part i saka, utan omsyn til om selskapet er privat eller offentleg eigd.

Lovendringa byggjer på det synspunkt at det bør gjelde same reglar for folkevalde sine engasjement i offentleg eigde selskap som i private selskap. Det er lagt særleg vekt på å få habilitetsreglar som gjer at ein kan unngå samanblanding av rollar og tek i vare innbyggjarane sin tillit til kommunen. Det er viktig å vere merksam på at lovendringa ikkje set forbod mot å velje som styremedlem nokon som er fylkestingmedlem, den seier berre kva konsekvensar det kan få for habiliteten i konkrete saker. Det er opp til fylkestinget å avgjere om ein skal innføre eit slikt forbod. For statseigde selskap gjeld ei ordning med at stortingsrepresentantar, statsrådar og statssekretærar ikkje kan veljast inn i styra, dette for å unngå habilitets- og interessekonfliktar.

Lovendringa gjeld ikkje for valde utsendingar til generalforsamlingane i selskapa eller for medlemer av andre organ i selskapa enn styre og bedriftsforsamlingar.

Folkevalde i ulike rollar

I følgje ein lang og ubroten tradisjon, og i samsvar med legalitetsprinsippet, skal folkevalde utøve sine oppgåver uhilda, upartisk og til beste for borgarar i fylket. Det må lagast reglar og ordningar som best mogeleg tek i vare slike omsyn. Folkevalde skal vere lojale mot desse prinsippa og reglar når dei utøver forvaltningsmynde.

Dette er eit viktig tema, fordi det i folk flest si rettsoppfatning har ei grenseline mot habilitet, og som både rettmessig og urettmessig kan nyttast til å så tvil om ei avgjerd er korrekt eller ikkje. Fylkestingsmedlemer flest opptrer i mange roller: Som kommunepolitikarar, som medlemer og tillitsvalde i ulike interesseorganisasjonar, som næringsdrivande o.a. Dette gjev sjølv sagt ei kontaktflate til ulike interesser – som svært ofte vil kunne få følgjer for fylkeskommunale avgjerder. Vi har sett døme på at interessegrupper, som har fått avgjerder mot seg, i media har hevdta inhabilitet mot medlemer av fylkestinget med bakgrunn i slike forhold.

Fylkestinget er av den oppfatning at det er viktig at alle medlemer av fylkestinget registrerer sine interesser, både økonomiske og politiske, i styrevervregisteret.

Fylkestinget er av den oppfatning at slike økonomiske og politiske interesser sjeldan vil utløyse inhabilitet med mindre det er særskilde høve som knyter seg til vedkomande person eller sak. Dersom omgrepet inhabilitet skulle strekkast så langt, ville det medføre ei innsnevring av det politiske handlingsrommet, og kan til slutt ramme rekrutteringa til politisk verksemd. Det er og eit poeng at denne type interesser og engasjement nettopp fører ein del menneske inn i politikken.

7.4.3. Folkevalde som styremedlemer

I Eigarmelding 2008 vart det vist til at det er lang praksis for at fylkestingsmedlemer blir valde som styremedlemer i fylkeskommunalt eigde selskap. Dette har føremoner fordi fylkestinget då har ressurspersonar plassert i systemet som, innanfor aksjelova sine rammer, kan ivareta fylkeskommunen sine eigarinteresser, samtidig som slike medlemer representerer ein viktig informasjonskanal og kunnskapsbase. Fylkestinget har oppretthalde denne praksisen – samtidig som ein medverkar til at styret som kollegium skal representere god nok breidde og relevant kompetanse. Det kan såleis også vere aktuelt å velje styremedlemer utan fylkeskommunal forankring.

Samtidig inneber dette utfordringar med omsyn til rolleforståing og det set krav til styremedlemene når dei opptrer i folkevalde organ der deira selskap er tema eller del av tema. Det kan vere gode argument for at ein i slike samanhengar opptrer meir som ressursperson som står til forsamlinga sin disposisjon - enn som aktiv debattant. Dette gjeld sjølv om ein formelt ikkje er inhabil. Slike forhold må vurderast skjønnsmessig frå sak til sak, og er først og fremst eit ansvar som kviler mest på personen sjølv og vedkomande si gruppe.

I saker der styremedlemer og medlemer av representantskap/bedriftsforsamling er representert i folkevalde organ, er det svært viktig at organet er nøye med å vurdere vedkomande sin habilitet. Ein hovudregel er at forhold som gjeld konkurranse med private aktørar, t.d. konsesjonssaker, vil utløyse inhabilitet, jf. Torghattendommen. Alminnelege politiske spørsmål må ein likevel kunne vere med å diskutere og ta avgjerd i, sjølv om det er omfatta av generelle forhold som påverkar verksemda sitt interessefelt. Som omtala ovanfor er habilitetsreglane for styremedlemer og medlemer av bedriftsforsamling endra frå 1.11.2011.

Sidan fylkeskommunen ikkje er eigar i stiftingar, vil styremedlemene si rolle i høve fylkeskommunen ikkje vere problematisk slik som for aksjeselskap sidan dei her ikkje kjem i ei dobbeltrolle både som eigar og styremedlem.

7.4.4 Anbodsaker/konkurranse med private interesser

Fylkeskommunal eigarskap i aksjeselskap kan føre til at det oppstår bindingar i utøvinga av forvaltningsmynde og folkestyre i til dømes slike samanhengar:

- Ved utforming av konsesjonsvilkår innan transport og energisektoren.
- Ved tildeling av konsesjonar innanfor sektorar kor også fylkeskommunen utøver næringsverksemd.
- Ved anbodskonkurransar.
- Ved at fylkeskommunen gjer seg stadig meir økonomisk avhengig av inntekter frå slike selskap i høve utøving av primærverksemda knytt til folkestyre og utøving av forvaltningsmynde.
- Fylkestingsmedlemer, tilsette m.v. kan få lojalitetskonfliktar ved utøving av ulike roller. Dette fører fylkeskommunen over i utfordringar kring habilitetsspørsmål, utanforliggjande omsyn i skjønnsutøving knytt til forvaltingssaker, ansvarsspørsmål og liknande.

Dette er eit svært følsamt område når det gjeld fylkeskommunen sitt omdømme, og set tilsvarande krav til korrekt handsaming på alle måtar, også når det gjeld å rydde all tvil av vegen med omsyn til uhilda sakshandsaming. Stort sett vil dette pr. i dag handle om Fjord1 AS sitt verkeområde.

Fylkestinget er av den oppfatning at styremedlemer vil vere inhabile i all handsaming frå og med utarbeiding av anbodsgrunnlag og fram til endeleg avgjerd. Grunnen til dette er at ein ved utforming av anbodsgrunnlaget m.a. fastset tekniske spesifikasjonar på materiell. Deltek tillitsvalde i Fjord 1 AS i dette arbeidet eller er med på å godkjenne anbodsgrunnlaget, kan dette utløyse grunngjevne skuldingar om at vedkomande har hatt høve til å medverke til gunstige spesifikasjonar for sitt selskap.

Fylkestinget er av den oppfatning at det vil vere urimeleg å utelukke slike medlemer frå alminnelege politiske drøftingar om fylkeskommunal rutetrafikk. Eit grensetilfelle her kan vere spørsmålet om kor vidt ein skal nytte anbod eller ikkje. Det kan hevdast tillitsvalde i selskapet vil vere motstandarar av anbod fordi dette vil sikre eige selskap jobben gjennom forhandlingar.

Del II - Omtale av selskapa

1. Omtale av kvart selskap

Generelt

Meldinga er skiven for det meste med grunnlag i selskapa sine årsrekneskap og årsmeldingar frå 2011 samt protokollar og utsendingane sine rapportar frå generalforsamling/ representantskapsmøte.

Meldinga omhandlar alle dei 24 selskapa som står i oversikta i vedlegg 1. I tillegg kjem ein kort omtale om fylkeskommunen som selskapsmedlem i Kommunal Landspensjonskasse.

Det er i omtalen av kvart selskap gjeve ei tilråding om fylkeskommunen bør halde fram som eigar, eller om eigarskapen bør avviklast. Det vert opp til fylkesutvalet i kvart tilfelle å ta stilling til eventuell avvikling. Berre store og prinsipielle saker må til fylkestinget for avgjerd, jf. delegeringsreglementet kapittel 4.5.

Selskapa er i det følgjande organiserte ut frå fylkeskommunen sitt føremål med eigarskapen eller typen verksemd:

Investering: Sogn og Fjordane Energi AS, Sogn og Fjordane Holding AS, F1 Holding AS
 Næringsutvikling: Botnaneset Industriselskap AS, Fjord Invest Såkorn AS, Framtidsfylket AS, Gulen og Masfjorden Utvikling AS, Innovasjon Norge, Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane AS, Luna Industri AS, Lutelandet Utvikling AS, Njøs Næringsutvikling AS,
 Samferdsle: Firda Billag AS,

Opplæring: Opplæringsfartøy AS, Vigo IKS,

Kultur: Sogn og Fjordane Teater L/L, Norsk Fjordhestsenter AS,

Arbeidsmarknadsbedrifter: Sandane Industri AS, Firda Produkt AS, Origod AS, Sogneprodukter AS,

Andre oppgåver: Kommunekraft AS, Sogn og Fjordane Revisjon IKS, Trivselshagen IKS og Kommunal Landspensjonskasse.

Definisjon av nøkkeltal

I vurderinga av selskapet si økonomiske utvikling har vi brukte 4 nøkkeltal som seier noko om utvikling i lønsemdu a) og b), likviditet c) og soliditet d). Nedanfor følgjer definisjonen av nøkkeltala.

a) *Totalrentabilitet*: (resultat før skatt + finanskostnader) / gjennomsnittleg totalkapital
 Totalrentabiliteten viser avkastninga på totalkapitalen (lønnsemdua) i det enkelte selskap i det enkelte år.

b) *Sjølvfinansiering i % av langsiktig gjeld*: (resultat før skatt + avskrivningar) / langsiktig gjeld
 Sjølvfinansieringsgraden viser selskapet si evne til å betene gjeld.

c) *Arbeidskapital i % av driftsinntekter*: (omløpsmidlar – kortsiktig gjeld) / driftsinntekter
 Arbeidskapital i % av driftsinntekter seier noko om selskapet sin likviditet.

d) *Eigenkapitalprosent*: Eigenkapital / totalkapital
 Eigenkapitalprosenten viser selskapet sin soliditet.

Sogn og Fjordane Energi AS

Adresse: Bukta, 6823 Sandane
 Telfnr: 57 88 47 00
 Epost: post@sfe.no

Styret

Arvid Lillehauge (leiar), Birger C. Schønberg (nestleiar), Bente Frøyen Steindal, Mathias Råheim, Per Atle Kjøllesdal, Kristin Linnerud, Geir Magne Evebø, Stig Solheim og Oddmund Årdal.

Etter generalforsamling i juni 2012 er styret sett saman slik: Per Atle Kjøllesdal (leiar), Birger C. Schønberg (nestleiar), Arvid Lillehauge, Olin Johanne Henden, Kristin Linnerud, Bengt Solheim-Olsen.

Styregodtgjersler mv.

- Godtgjersle til styreleiaren: kr 114 000 pr. år.
- Godtgjersle til nestleien: godtgjersle vert utbetalt til arbeidsgjevar
- Godtgjersle til andre styremedlemer: kr 54 000 pr. år
- Andre godtgjersler/gode til styremedlemer: To styremedlemer har motteke kr 3 000 (Råheim) og kr 33 000 (Kjøllesdal).
- Løn til dagleg leiar (konsernsjef) i selskapet: kr 1 399 000 + pensjonskostnader kr 238 000 + anna godtgjersle kr 97 000

Revisor

Deloitte AS

Fylkeskommunal eigardel

Eigarprosent: 48,15 Aksjeposten sin pålydande verdi: kr 356 mill.

Andre eigarar er BKK (38,54 %), Flora kommune, Gloppe kommune/Gloppe Energi AS, Bremanger kommune, Askvoll kommune, Selje kommune, Eid kommune og Naustdal kommune

Fylkeskommunalt lån eller garanti

Ingen

Verksemd

Selskapet er eit energikonsern med hovudaktivitet innan vasskraftsproduksjon, krafthandel og kraftoverføring gjennom dei heileigde datterselskapa SFE Produksjon AS, SFE Kraft AS og SFE Nett AS.

Selskapet og datterselskapa har eigarskap i fleire andre selskap. Dei seinare åra har konsernet vore ein aktiv medspelar i etablering av ein vindkraftindustri på Vestlandet, og har eigapostar mellom anna i selskapet Vestavind Kraft.

Vestavind Kraft AS er eigmeld av SFE saman med 6 andre energiselskap på Vestlandet. Formålet med selskapet er å utvikle, bygge, eige og drive vindkraftanlegg.

SFE tilbyr også tenester innan rådgjeving mot småkraftmarknaden, entreprenørtenester, bustadalarm, enøk-tenester og breibandtenester. SFE si breibandsatsing skjer gjennom Enivest AS der dei har ein eigarskap på 38,7 %.

Selskapet har også etablert eit rådgjevingsmiljø som er leiande innan energieffektivisering på Vestlandet.

Viktige hendingar i 2011

Driftsåret 2011 vart prega av orkanen Dagmar. SFE var av dei selskapa som vart hardast råka. Kostnadene vart 60 mill. kr. I tillegg er avkastning på nettkapitalen uvanleg låg grunna den låge renta.

Resultatet etter skatt er på 10 mill. kr, ein reduksjon på heile 111 mill. kr frå 2010. I styremeldinga for 2010 vart det signalisert ei forventning om svakare resultat i 2011 enn for 2010, men Dagmar førte til at resultatet vart vesentleg lågare.

SFE auka eigarskapen sin i Vestavind Kraft AS frå 14,3 % til 35 % i 2011.

SFE selde i 2011 aksjane i bioenergiselskapa Fjord Miljøenergi AS og Ulvesund Kraftvarmeverk AS. Med desse sala har SFE avvikla engasjementet sitt innan bioenergi og varmeleveranse.

SFE er aksjonær i utviklings- og såkornfonda Fjord Invest AS og Fjord Invest SørVest AS. Vidare har SFE stor aktivitet innan fornybar energi og brukar ressursar på forretningsutvikling. Mellom anna gjekk SFE i 2011 inn som medeigar i datalagringsselskapet Lefdal Gruve Drift AS. Selskapet skal nytte fornybar energi til kjøling av dataserverar i gamle gruvehallar på Lefdal i Nordfjord.

Året 2011 var prega av tidvis svært høge kraftprisar gjennom etterjulsinteren og utover våren. I andre halvår var derimot kraftprisane låge mellom anna på grunn av store tilsig.

Sjukefråværet i SFE er framleis lågt. Dette er eit resultat av eit langsiktig og systematisk HMS-arbeid med bidrag og engasjement frå heile konsernet. Dette er eit arbeid som også har fått stor merksemd utanfor SFE. Det resulterte mellom anna i tildeling av "IA-prisen 2011" og prisen for "Årets eldsjel" i Sogn og Fjordane. Sjukefråværet i 2011 var på 2,58 % mot 1,82 % i 2010.

Økonomisk utvikling (omsetning, resultat, resultatgrad, utbyte til fylkeskommunen for rekneskapsåret 2011, økonomiske nøkkeltal samanlikna med året før)

(1000 kroner)	2009	2010	2011
Sum inntekt	831 879	1 261 547	1 386 378
Resultat etter skatt	127 954	120 727	10 190
Totalkapitalrentabilitet	10 %	11 %	7 %
Sjølvfinansiering i % av Langsiktig gjeld	71 %	21 %	12 %
Arbeidskapital i % av driftsinntekter	-33 %	-21 %	-30 %
Eigenkapitalprosent:	32 %	30 %	29 %

Inntektene er fordelt med kr 1 146 mill. frå sal av kraft, kr 196 mill. frå nettinntekter og kr 44 mill. frå andre driftsinntekter. Konsernet sine inntekter syner ein positiv utvikling frå 2010.

Lønnsemda i selskapet er tilfredsstillande med ein positiv utvikling i driftsinntektene. Resultat etter skatt i 2011er på kr 10 mill. kr som er vesentleg lågare enn i 2010. Kostandar knytt til orkanen Dagmar, estimert til 60 mill. kr, er hovudgrunnen til det svake resultatet. Selskapet har søkt NVE om unntak frå KILE-utgifter (Kvalitetsjustert Inntektsramme for Ikkje Levert Energi), men det er ikkje teke omsyn til eit eventuelt medhald i søknaden i resultatrekneskapen. I tillegg er høg skattelegging for kraftproduksjon eit element som påverkar resultatet negativt. SFE sin prognose for 2012 viser medan eit resultat som er vesentleg betre enn 2011, men som er dårlegare enn resultatet i 2010. Totalrentabiliteten i selskapet er 7 %.

Eigenkapitaldelen pr. 31.12.2011 utgjer 29 % av totalkapitalen og er på om lag same nivå som i 2010. Selskapet er såleis i ein god finansiell situasjon.

Finansiell risiko vert handtert ut frå vedtekne risikorammer innafor områda krafthandel og finans.

Arbeidskapitalen er framleis negativ, men selskapet opplyser i si årsmelding at likviditeten er god. Selskapet har trekkrettar på kr 300 mill. (herav kr 200 mill. langsigktig). Pr 31.12.11 var trekkretten unytta.

Utbryte til fylkeskommunen: 2009: kr 43,1 mill., 2010: kr 43,3 mill., 2011: kr 19,2 mill.

Aktuelle planar og utsikter for dei komande åra

Statnett har konsesjonssøkt ny 420kV-linje Ørskog – Fardal med planlagde transforméringsstasjonar i Høyanger, Moskog og Ålfoten. SFE har vore aktiv i prosessen med etablering av nytt sentralnett, og traséval og transforméringsstasjonar er i samsvar med selskapet sine tilrådingar. Det er venta at konsesjon ligg føre hausten 2011, og at nytt sentralnett er ferdigstilt i 2015.

Ved inngangen til 2012 hadde SFE sine vassmagasin ein fyllingsgrad på 84 %. Dette står i skarp kontrast til fyllingsgraden ved inngangen til 2011, som var 55 %. Høg fyllingsgard gjer at det er venta høgare produksjon i 2012 en middelproduksjonen på 2 065 GWh.

SFE sin prognose for 2012 viser eit resultat som er vesentleg betre enn resultatet i 2011, men som er dårlegare enn resultatet i 2010. Ettersom SFE si hovudinntening er basert på vasskraftproduksjon er konsernet utsett for stor risiko for variasjon i årsresultatet grunna varierande kraftpris og produksjonsvolum/tilsig.

SFE forventar store investeringar dei neste åra i nødvendig nettutbygging og investering i vasskraftanlegg, samt deleigarskap i vindkraft. Om lag 70 % av desse investeringane kan eigenkapitalfinansierast.

Statkraft har signalisert at dei ynskjer å selje sine aksjar (49,9%) i BKK. BKK sjølv og selskapa i Vestlandsalliansen er i drøftingar som mogelege kjøparar. Eventuell deltaking frå SFE vil bidra til å styrke kjerneverksemndene ytterlegare, men også aktualisere styrking av eigenkapitalen gjennom ein retta emisjon mot eigarane.

Mål for fylkeskommunen sin eigarskap i selskapet

Eit viktig mål for fylkeskommunen er å bidra til å utvikle SFE som ein konkurransedyktig og lønnsam aktør i den nasjonale / internasjonale energibransjen. Basert på dette skal selskapet gje fylkeskommunen god avkastning på investert kapital kvart år gjennom utbytte. Fylkeskommunen som eigar må sorgje for at styret i selskapet til ein kvar tid har nødvendig kompetanse til å utvikle selskapet som ein lønnsam og sterkt aktør i bransjen.

Selskapet er eit viktig instrument for auka satsing innan fornybar energi i fylket. Fylket har eit stort potensiale her og SFE spelar ei viktig rolle med å bygge opp nødvendig kapasitet i nettet for ei slik satsing. SFE sin kompetanse er viktig for å realisere fylket sitt potensiale på dette område.

Er fylkeskommunal eigarskap framleis føremålstenleg?

SFE er den største energileverandøren med lokal eigarskap i Sogn og Fjordane og mellom dei store kraftselskapa på Vestlandet. Fylkeskommunen sin eigarskap er viktig mot å sikre at inntekter frå naturressursane i fylket kjem innbyggjarane til gode. Investeringa i SFE gjev fylkeskommunen god avkastning på investert kapital.

SFE er også ein viktig reiskap for å sikre god infrastruktur i fylket med omsyn til satsing på auka energiproduksjon i framtida (fornybar energi) og satsing på breiband.

Tilråding: Aksjepost med betydeleg avkastningspotensiale. Vidareføre eigarskapen

Sogn og Fjordane Holding AS

Adresse: c/o SFE AS, Bukta, 6823 Sandane
 Tlfnr: 57 88 47 00
 E-post: post@sfe.no

Styret

Nils R. Sandal (leiar), Åshild Kjelsnes (nestleiar), Marit Barsnes Krogsæter.

Etter generalforsamlinga i juni 2012 styret sett saman slik: Åshild Kjelsnes (leiar), Jenny Følling (nestleiar) og Noralv Distad.

Styregodtgjersler m.v.

- Godtgjersle til styreleiaren: Ingen.
- Godtgjersle til andre styremedlemer: Ingen.
- Andre godtgjersler/gode til styremedlemer: Ingen.
- Løn til dagleg leiar i selskapet: Ingen.

Revisor

Deloitte AS

Fylkeskommunal eigardel

Eigarprosent: 100 Aksjane sin pålydande verdi: 30 000

Aksjekapitalen vart endra frå 100 000 til 30 000 i generalforsamling i juni 2012.

Formål marknad, kundar, aktivitet m.v.

Selskapet sitt formål er investeringsverksemd, under dette kjøp og sal av aksjar, andelar, konsesjonskraftrettar og fast eigedom, og anna verksemd som står i samband med dette.

Viktige hendingar i 2010

Det har ikkje vore drift i selskapet i 2011.

Økonomisk utvikling (omsetning, resultat, resultatgrad, utbyte til fylkeskommunen for rekneskapsåret 2011, økonomiske nøkkeltal samanlikna med året før)

(1000 kroner)	2009	2010	2011
Sum inntekt	0,07	0,03	0,03
Resultat etter skatt (overskot)	-14	-7	-20
Totalkapitalrentabilitet	-34 %	-22 %	-70 %
Sjølvfinansiering i % av Langsiktig gjeld	0 %	-	-
Arbeidskapital i % av driftsinntekter	0 %	-	-
Eigenkapitalprosent:	76 %	74 %	4 %

Selskapet er eit holdingselskap utan driftsinntekter. Selskapet sin eigenkapital vart i 2009 mindre enn halvparten av aksjekapitalen, og var ved utgangen av 2011 på kr 1 027. For å rette opp denne situasjonen fremma styret saker til generalforsamlinga om nedsetting av aksjekapitalen og om emisjon på kr 100 000. Begge sakene vart vedteke, og selskapet sin eigenkapital vil etter dette vere i samsvar med aksjelova sine minimumskrav.

Aktuelle planar og utsikter for dei komande åra

Det er ikkje lagt spesielle planar, dette vil avhenge av utviklinga i kraftmarknaden.

Mål for fylkeskommunen sin eigarskap i selskapet

Å kunne bruke selskapet i samsvar med formålet dersom det skulle bli ønskjeleg.

Er fylkeskommunal eigarskap framleis føremålstenleg?

Selskapet vart oppretta som ein beredskap i høve forvaltningsreforma for å sikre lokalt eigarskap i dei to store selskapene; SFE AS og Fjord1 AS. Forvaltningsreforma vart gjennomført utan at det vart turvande å nytte dette beredskapsinstrumentet. Fylkeskommunen har oppretta eit eige selskap, F1 Holding AS, som har overteke heile aksjeposten i Fjord1 AS.

Det kan framleis verte aktuelt å overføre aksjane i SFE AS til Sogn og Fjordane Holding AS i samband med moglege endringar i kraftmarknaden. Dette tilseier at fylkeskommunen framleis bør oppretthalde eigarskap i selskapet, slik at vi har høve overføre aksjane ved behov.

Tilråding: Vidareføre eigarskapen i selskapet.

F1 Holding AS

Adresse: Askedalen 2, 6863 Leikanger
 Tlfnr: 57 65 61 00
 E-post: jan.ohlckers@sfj.no

Styret

Nils R. Sandal (leiar), Åshild Kjelsnes og Kjartan Longva.

Etter generalforsamling i juni 2012 er styret sett saman slik: Åshild Kjelsnes (leiar), Jenny Følling (nestleiar) og Frank Willy Djuvik.

Styregodtgjersler mv.

- Godtgjersle til styreleiaren: Ingen.
- Godtgjersle til andre styremedlemer: Ingen.
- Andre godtgjersler/gode til styremedlemer: Ingen.
- Løn til dagleg leiar i selskapet: Ingen.

Revisor

PricewaterhouseCoopers AS

Fylkeskommunal eigardel

Eigarprosent: 100 Aksjeposten sin pålydande verdi: kr 147 250 000

I 2011 overførte fylkeskommunen heile aksjeposten i Fjord1 til F1 Holding AS.

Fylkeskommunalt lån eller garanti

Ingen.

Verksemd

Investeringsverksemd, under dette kjøp og sal av aksjar i transportselskap og anna verksemd som står i samband med føremålet. F1 Holding AS er eit selskap som skal forvalte eigarskapen i Fjord1.

Viktige hendingar i 2011

Det har ikkje vore aktivitet i F1 Holding AS i 2011. Aktiviteten skjer gjennom selskapet Fjord1 og datterselskapa. Fjord1 vert handsama særskilt i eit eige punkt.

Økonomisk utvikling (omsetning, resultat, resultatgrad, utbyte til fylkeskommunen for rekneskapsåret 2011, økonomiske nøkkeltal samanlikna med året før)

Konsern:

(1000 kroner)	2010	2011
Sum inntekt	3 023 458	2 980 459
Resultat etter skatt	202 244	71 747
Totalkapitalrentabilitet	9 %	5 %

Sjølvfinansiering i % av Langsiktig gjeld	21 %	13 %
Arbeidskapital i % av driftsinntekter	0 %	-6 %
Eigenkapitalprosent:	27 %	26 %

Konsernet hadde i 2011 eit resultat før skatt på 98,5 mill. kr for 2011, mot 268,2 mill. kr i 2010. I resultatet inngår gevinstar ved sal av aksjar, eigedomar, fartøy m.m. på i alt 19 mill. kr. I 2010 var tilsvarende gevinst på 176,3 mill. kr. Den underliggende drifta i 2011 gjev eit resultat som er 56 mill. kr lågare enn året før. Resultatsvekkinga skuldast i hovudsak bortfall av marginar på avslutta kontraktar og start av økonomisk krevjande nye anbodskontraktar.

Arbeidskapital i prosent av driftsinntekter er noko svak, men konsernet har ein unytta trekkrett på 300 mill. kr hos Nordea.

Morselskapet F1 Holding AS hadde i 2011 eit resultat før skatt på 46,8 mill. kr. Resultatet kjem i all hovudsak fra utbytte frå datterselskapet Fjord1 AS for 2010 og 2011. Det er avsett 13 mill. kr. til utbytte til Sogn og Fjordane fylkeskommune. Resten av overskotet vert overført til annan eigenkapital.

Eigenkapitalen i morselskapet er på 96,7%.

Konsernet si stilling er tilfredsstillende både med omsyn til likviditet og soliditet og gjev grunnlag for ytterlegare deltaking i marknadsbaserte anbodskonkurransar innafor kjerneverksemda.

Aktuelle planar og utsikter for dei komande åra

Det er ikkje lagt spesielle planar, utover å forvalte eigarposten i Fjord1 på best mogleg måte.

Mål for fylkeskommunen sin eigarskap i selskapet

Selskapet vart etablert i april 2011, jf. fylkestingssak 16/11. Bakgrunnen for at selskapet vart oppretta var å kunne bruke F1 Holding AS som eit middel ved ein eventuell bruk av forkjøpsretten. Forkjøpsretten vart ikkje nytta. No sikrar eigenkapitalen i F1 Holding AS moglegheiter ved investering t.d. i kraftmarknaden.

Eit viktig mål for F1 Holding AS er å bidra til å utvikle Fjord1 AS som ein konkurransedyktig og lønnsam aktør innan transport-, kommunikasjons- og reiselivsverksemd. Basert på dette skal selskapet gje F1 Holding AS, og såleis fylkeskommunen, god avkastning på investert kapital kvart år gjennom utbytte.

Målet for den fylkeskommunale eigarskapen i Fjord1 vart diskutert gjennom heile 2010 og deler av 2011. Saka vart avslutta med eit vedtak i fylkestinget 25. august sak 42/11 som inneber at fylkeskommunen framleis er den største eigaren i selskapet med 59 % via F1 Holding AS, og eig no i lag med Havilafjord AS.

Er fylkeskommunal eigarskap framleis føremålstenleg?

Det er framleis føremålstenleg å eige aksjane i Fjord1 AS gjennom F1 Holding AS, jf. kommentarane til målet for den fylkeskommunale eigarskapen. Dette kan likevel forandre seg.

Tilråding: Videreføre eigarskapen.

Fjord 1 AS – einskilde opplysningar

Adresse: Postboks 354, 6902 Florø
 Tlfnr: 57 75 70 50
 E-post: fjord1@fjord1.no

Styret

Jarle Skartun (leiar), Oskar J. Grimstad (nestleiar), Toril Melheim Strand, Olav Støbak, Edith Aarebrot Madsen, Torgeir Dahl, Åshild Kjelsnes og Atle Olav Trollebø.

Styret i Fjord1 AS er per september 2012 sett saman slik: Reidar Sandal (leiar), Vegard Sævik (nestleiar), Nils R. Sandal, Heidi-Kathrin Osland, Eva von Hirsch, Lars Pamer, Atle Olav Trollebø og Arnstein Aamås.

Representantar valt av fylkeskommunen/F1 Holding AS: Reidar Sandal, Nils R. Sandal, Heidi-Kathrin Osland og Eva von Hirsch.

Styregodtgjersler m.v.

Styret:

- Godtgjersle til styreleiaren: kr 182 000 per år.
- Godtgjersle til nestleiaaren: kr 88 400 per år.
- Godtgjersle til andre styremedlemer: kr 41 600 per år og kr 2 340 per møte.
- Andre godtgjersler/gode til styremedlemer: Ingen
- Løn til dagleg leiar i selskapet: kr 1 699 000 + pensjonsutgifter kr 179 000 + anna godtgjersle 75 000

Revisor

PricewaterhouseCoopers AS

Fylkeskommunal eigardel

I 2011 overførte fylkeskommunen heile aksjeposten i Fjord1 til selskapet F1 Holding AS, som er 100 % eigm av Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Fylkeskommunalt lån eller garanti

Ingen.

Verksemd

Selskapet sitt formål er sjølv, eller gjennom heilt eller delvis eigarskap i andre verksemder, å drive transport- og reiselivsverksemnd. Selskapet kan også engasjere seg i andre forretningsområde når dette er forretningmessig interessant og er eigna til å styrke hovudføremålet, eller dette fører til ei meir rasjonell utnytting av ressursane i selskapet.

Som følgje av ny strategiplan vart hovudvekta lagt på sjøverksemd. Fjord1 dyrkar no kjerneaktiviteten på sjøsida vidare, og selskapa Fjord1 MRF, Fjord1 Fylkesbaatane og Fjord1 Nordvestlandske (morselskapet) gjekk inn i eit nytt selskap – Fjord1 AS – frå april 2012. Fjord1 vert med dette det største ferjeselskapet i Norge.

Det skjer ei konsolidering i bussbransjen, og Fjord1 har funne ein partnar for å bidra til å sikre langsiktig lønnsemd. I juni 2011 selde Fjord1 51 % av bussverksemda til Nettbuss AS. Nettbuss AS og Fjord1 satsar vidare på ekspressbuss i Noreg gjennom det nyopprettet selskapet Nettbuss Ekspress AS der Fjord1 eig 34 % av aksjane.

I tillegg driv konsernet reiseliv- og cateringverksemd i forlenging av ruteproduksjonen og har aktivitetar innanfor andre forretningsområde som reisebyrå, verkstaddirft, finans og egedomsforvaltning.

Aktiviteten til Fjord1 vert driven gjennom seks dotterselskap med underliggende selskap, i tillegg til eigarinteresser i ei rekke andre selskap.

Konsernet har 2183 tilsette.

Viktige hendingar i 2011

Fjord1 vann anbodet for drift av dei lokale båtrutene i Flora, Bremanger og Vågsøy og ambulanse i Flora-området. Avtalen vart signert 15. desember 2011, og sikrar drift i ein periode på åtte år med ei årleg ramme på 53 mill. kroner.

Som følgje av dei pågåande organisasjonsendringane vart det i 2011 bestemt å slå saman dei tre selskapene Fjord1 MRF, Fjord1 Fylkesbaatane og Fjord1 Nordvestlandske (morselskapet) til eit nytt selskap – Fjord1 AS – frå april 2012. Det nye selskapet vert leidd av Leif Øverland.

Ny ferje til Smøla vart bygd i 2011, og i starten på 2012 fekk øysamfunnet den nye ferje, 35 år etter førre gongen. Med «Edøyfjord» som tek 50 personbiler og 150 passasjerar vert kapasiteten nærmast dobla på sambandet Edøya-Sandvika. Grunna eventyrleg trafikkutvikling dei siste åra, 85 % sidan 2000, var det behov for å auke kapasiteten.

Fjord1 Sogn billag fylte 75 år. Selskapet har såleis sidan 1936 frakta passasjerar på bussane sine og vore med på ei rivande utvikling innan samferdsle.

Fjord1 gjorde avtale om sal av 51 % av bussverksemda til Nettbuss AS.

Økonomisk utvikling (omsetning, resultat, resultatgrad, utbyte til fylkeskommunen for rekneskapsåret 2011, økonomiske nøkkeltal samanlikna med året før)

(1000 kroner)	2009	2010	2011
Sum inntekt	2 922 493	3 023 458	2 980 459
Resultat etter skatt	70 579	202 244	70 524
Totalkapitalrentabilitet	5 %	9 %	5 %
Sjølvfinansiering i % av Langsiktig gjeld	17 %	25 %	13 %
Arbeidskapital i % av driftsinntekter	11 %	-4 %	-7 %
Eigenkapitalprosent:	22 %	27 %	25 %

Aktuelle planar og utsikter for dei komande åra

Fjord1 dyrkar kjerneaktiviteten på sjøsida vidare med eit konsolidert selskap, Fjord1 AS, som er det største ferjeselskapet i Norge.

Selskapet har søkt om å få drive turistrute mellom Bergen og Flåm. Løyve vart tildelt av fylkeskommunen i 2012, men Norled klaga saka inn for Samferdsledepartementet. Klagesaka er ikkje ferdig handsama enno.

Dei fylkeskommunale bussrutetenestene vert sett ut på anbod frå 2014 og framover. Det er sterk konkurranse om persontransporten, med stramme rammevilkår. Fjord1 har teke omsyn til dette i samband med sal av deler av bussverksemda si.

Gjennom det nyopprettet selskapet Nettbuss Ekspress AS vil Fjord1 vere med på ei vidare satsing på ekspressbuss i Noreg.

Ferdamatprosjektet som vart starta opp i 2011 har som føremål å utvikle og standardisere cateringkonseptet, med sal av kvalitetsprodukt som samla sett gir eit betre økonomisk resultat. Planen er å fase inn konseptet på alle ferjene med cateringdrift i løpet av 2012.

NÆRINGSUTVIKLING

Botnaneset Industriselskap AS

Adresse: Postboks 103, 6901 Florø
 Tlfnr: 57 75 18 00 / 90 97 70 27
 E-post: jim.haugland@incgruppen.no

Styret

Kjartan Longva (leiar), Oddgeir Igland (nestleiar), Nils R. Sandal, Odd Husebø, Per A. Nødseth, Per Ytrehus og Bente Frøyen Steindal.

Etter generalforsamlinga i juni 2012 er styret sett saman slik: Kjartan Longva (leiar), Oddgeir Igland (nestleiar), Åshild Kjelsnes, Karen Marie Hjelmeseter, Bengt Solheim-Olsen, Bente Frøyen Steindal, Nils R. Sandal, Odd Husebø, Per Arvid Nødseth og Per Ytrehus.

Representantar valt av fylkeskommunen: Kjartan Longva, Åshild Kjelsnes, Karen Marie Hjelmeseter, Nils R. Sandal.

Styregodtgjersler m.v.

- Godtgjersle til styreleiaren: kr 50 000 per år, nestleiaren: kr 40 000 per år
- Godtgjersle til andre styremedlemer: kr 25 000 per år
- Andre godtgjersler/gode til styremedlemer: Ingen, møtegodtgjersle kr 5 000,- til vararepr.
- Løn til dagleg leiar i selskapet: 247 533 (inkl. folketrygdavgift og pensjonskostnader). Dagleg leiar er innleidd frå Fjord Base AS.

Revisor

Deloitte AS

Fylkeskommunal eigardel

Eigarprosent: 0,62 Aksjeposten sin pålydande verdi: kr 100 000

Sogn og Fjordane fylkeskommune har ein A-aksje. Denne aksjen gjev 81 stemmer ved avstemming som gjeld selskapet. Etter generalforsamlinga i 2011 er vedtekten endra slik at A- og B-aksjar er likestilte m.o.t. utbytte og skeivdeling av utbytte, dvs. ein stemme per akse.

Flora kommune har ein A-aksje. Andre aksjonærar er Fjord Base AS med 150 B-aksjar, Sparebanken Vest og Sparebanken Sogn og Fjordane har fem B-aksjar kvar.

Fylkeskommunalt lån eller garanti

Ingen.

Formål, marknad, kundar, aktivitet m.v.

Selskapet sitt formål er å legge til rette for næringslivet på sunt økonomisk grunnlag i Flora-regionen.

Viktige hendingar i 2011

I 2011 er det gjennomført ein fisjon som inneber at Botnaneset Industriselskap AS sine eigedomar (tomter og bygningar) og langsiktig gjeld er overført til Fjord Base AS. Som vederlag for eigenkapitalen i Botnaneset Industriselskap AS (ca. MNOK 32 minus framtidig utbytte), får selskapet ei fordring på Fjord Base AS på tilsvarende beløp.

Fisjonen er grunngjeve med at Fjord Base AS og BIS i stor utstrekning eit eigedomar i same området (Botnaneset), og at heimelsituasjonen er uoversiktleg og fordyrande. For å sikre ei optimal forvaltning av eigedomsmassen, var det vurdert som hensiktmessig å samle all eigedomsmasse i Fjord Base AS som i dag allereie forvaltar eigedomane. Botnaneset Industriselskap AS sine næringspolitiske interesser kan ivaretakast utan at selskapet står som eigar av desse eigedomane.

Økonomisk utvikling (omsetning, resultat, resultatgrad, utbyte til fylkeskommunen for rekneskapsåret 2011, økonomiske nøkkeltal samanlikna med året før)

(1000 kroner)	2009	2010	2011
Sum inntekt	9 812	9 853	1 517
Resultat etter skatt	605	734	200
Totalkapitalrentabilitet	5 %	5 %	0 %
Sjølvfinansiering i % av Langsiktig gjeld	6 %	6 %	-
Arbeidskapital i % av driftsinntekter	-13 %	-47 %	-
Eigenkapitalprosent:	33 %	31 %	87

Etter fisjonen har ikkje selskapet driftsinntekter lenger. Inntektene kjem som finansinntekter på ein fordring på Fjord Base AS, sidan Fjord Base AS har overteke eigedomar og langsiktig gjeld. Arbeidskapital i prosent av driftsinntekter er derfor ikkje mogleg å rekne ut. Omløpsmidlar er på 728' kr og kortsiktig gjeld er på 4 528' kr. Av dette utgjer skuldig utbytte 4 mill. kr som er blitt betalt ut i 2012. Selskapet har ein svak, men stabil lønnsemnd. Det har god soliditet, men dårlig likviditet. Lønnsemnda må vurderast i lys av at dette er eit eigedoms-/utviklingsselskap.

Aktuelle planar og utsikter for dei komande åra

Halde fram med å legge til rette for næringsutvikling i Flora-regionen.

Mål for fylkeskommunen sin eigarskap i selskapet

Selskapet vart etablert for å leggje til rette for oljeretta næringsutvikling i Flora-regionen og dette var bakgrunnen for at fylkeskommunen gjekk inn som eigar. Formålet vil no verte vidareført i det nye selskapet etter fisjon/fusjon.

Er fylkeskommunalt eigarskap framleis føremålstenleg?

Selskapet skal sikre god infrastruktur for oljeretta aktivitet i Flora-regionen. Dette er eit etablert selskap med ein økonomisk/finansiell plattform som burde vurderast overteke av private. Fylkeskommunen har her vore med å initiert selskapet som no er kome i ein fase der det bør vurderast å få private inn og overta fylkeskommunen sin aksjepost

Fylkeskommunen sin rolle som pådrivar for oljeaktivitet i fylket bør kunne utøvast uavhengig av eigarrolla i selskapet. Selskapet bør konkretisere korleis dei skal vere ein pådrivar og tilretteleggjar i det vidare arbeidet.

Tilråding: Vidareføre eigarskapen inntil vidare.

Fjord Invest Såkorn AS

Adresse: Postboks 47, 6801 Førde
 Tlfnr: 950 00 120
 E-post: aud.ingrid.espeland@fjordinvest.no

Styret

Arlid Bødal (leiar), Vidar Grønnevik (nestleiar), Per Dag Nedreberg, Randi Engen og Leif Øverland.

Etter generalforsamling i juni 2012 er styret sett saman slik: Vidar Grønnevik (leiar), Leif Øverland (nestleiar), Irene Bøe, Ingar Valvik, Agnes Landstad.

Styregodtgjersler m.v.

- Godtgjersle til styreleiaren: kr 30 000,- pr. år.
- Godtgjersle til andre styremedlemer: kr 15 000,- pr. år.
- Andre godtgjersler/gode til styremedlemer: kr 4 000,- pr. møte.
- Løn til dagleg leiar i selskapet: Selskapet har ingen tilsette. Forvaltningshonorar til Fjord Invest Management AS er 4 % av forvaltningskapitalen, for 2011 var honoraret kr 2 208 020,-

Revisor

Deloitte AS.

Fylkeskommunal eigardel

Eigarprosent: 50,58 Aksjeposten sin pålydande verdi: kr 15 350 000

Andre eigarar er REKOMP (32,95 %) og Fjord Invest AS (16,47 %).

Fylkeskommunalt lån eller garanti

Ingen.

Formål, marknad, kundar, aktivitet m.v.

Fjord Invest Såkorn AS er eit investeringsselskap som skal arbeide etter forretningsmessige prinsipp, og som har som føremål å styrke utviklinga av såkornbedrifter og små og mellomstore bedrifter i fylket gjennom å tilføre eigenkapital og kompetanse.

Viktige hendingar i 2011

Selskapet har gjort seks oppfølgingsinvesteringar i eksisterande portefølje. Aktiviteten i fondet er i samsvar med andre aktive eigarfond, der talet nyinvesteringar er lågt, medan det er gjort eit større tal oppfølgingsinvesteringar for å styrke og vidareutvikle porteføljeselskapa.

Ved årsskiftet har selskapet følgjande investeringar:

Beat.no AS	(19,6 % eigardel)
Fras Technology AS	(17,1 % eigardel)
Kunnskapsparken AS	(38,2 % eigardel)
Easy Form AS	(6,4 % eigardel)
OceanGlobe AS	(15,0 % eigardel)

Tape Invent AS	(8,2 % eigardel)
Yast AS	(15,8 % eigardel)
Havkraft AS	(19,4 % eigardel)

Økonomisk utvikling (omsetning, resultat, resultatgrad, utbytte til fylkeskommunen for rekneskapsåret 2011, økonomiske nøkkeltal samanlikna med året før):

(1000 kroner)	2009	2010	2011
Sum inntekt	776	695	861
Resultat etter skatt	-4 154	-2 914	-5 415
Totalkapitalrentabilitet	4 %	-4 %	-4 %
Sjølvfinansiering i % av Langsiktig gjeld	0 %	-	-
Arbeidskapital i % av driftsinntekter	0 %	-	-
Eigenkapitalprosent:	100 %	99,7 %	99,7 %

Selskapet har svak lønnsemrd, men god likviditet og soliditet. I 2011 er verdien av porteføljeselskapa nedskriven med 3,8 mill. kr. Selskapet sin investeringsstrategi tilseier at minst 25 % av selskapet sin totalbalanse skal haldast attende for vidare investering i eksisterande portefølje. Dette kan medføre behov for ytterlegare kapital til nyinvesteringar.

Aktuelle planar og utsikter for dei komande åra

Fjord Invest Såkorn vil prioritere å arbeide vidare med selskapsporteføljen for å identifisere bedriftene med mest utviklings- og realisasjonspotensiale. Styret ventar at tal bedrifter som har behov for kapital vil vere aukande.

Mål for fylkeskommunen sin eigarskap i selskapet

Målet er å vidareutvikle Fjord Invest Såkorn AS som eit viktig regionalt investeringsselskap for nyetablerte bedrifter. Gjennom eigarskapet i Fjord Invest Såkorn bidreg fylkeskommunen indirekte med kapital for å skape ny verksemd i fylket. Dette er ei langsiktig investering for fylkeskommunen.

Er fylkeskommunal eigarskap framleis føremålstenleg?

Investeringa i Fjord Invest Såkorn AS er grunngjeven i selskapet si rolle som regionalt investeringsselskap for bedrifter i ein tidleg fase. Det er mangel på investorkapital i fylket og Fjord Invest Såkorn har ei viktig rolle med omsyn til etablering og utvikling av nye selskap. Fylkeskommunen sin investering var viktig for å få Fjord Invest Såkorn etablert. Det er viktig at fylkeskommunen her opptrer som langsiktig eigar.

Tilråding: Videreføre eigarskapen

Framtidsfylket AS

Adresse: Postboks 26, 6731 Davik
 Tlfnr: 92 83 52 32
 E-post: anne@framtidsfylket.no

Styret

Janne Marie Solheimslid (leiar), Anne Mette Hjelle, Jan Petter Vadheim, Alfred Bjørlo, Rolf Årdal, Jannicke Lindvik, Wilhelm Tangerud og Synne Nessestrand Vefring.

Etter generalforsamlinga i juni 2012 er styret sett saman slik: Janne Marie Solheimslid (leiar), Anne Mette Hjelle, Rold Årdal, Geir Espe og Jannicke Lindvik.

Styregodtgjersler m.v.

- Godtgjersle til styreleiaren: Ingen
- Godtgjersle til andre styremedlemer: Ingen
- Andre godtgjersler/gode til styremedlemer: Ingen
- Løn til dagleg leiar i selskapet: kr 548 684 + anna godtgjering kr 4 253.

Revisor

Deloitte AS

Fylkeskommunal eigardel

Eigarprosent: 4 % Aksjane sin pålydande verdi: kr 17 000

Andre eigarar er privat næringsliv i fylket (17 selskap), tre sparebankar i fylket, Stiftinga Vestlandsforsking, Lotteri- og Stiftelsestilsynet, NHO Sogn og Fjordane og Sunnfjord Næringsråd. Alle eigarar har lik del aksjar og same stemmerett.

Fylkeskommunalt lån eller garanti

Ingen.

Formål, marknad, kundar, aktivitet m.v.

Selskapet sitt formål er drift og utvikling av ei felles trainee-ordning for alle private og offentlege verksemder i Sogn og Fjordane som arbeider for å fremje næringslivet i fylket, drifte nettportalen Framtidsfylket.no og anna rekrutteringsverksemd som i vid forstand kan vere i verksemder si interesse.

Viktige hendingar i 2011

I 2011 har Framtidsfylket gjennomført karrieremesser i Oslo, Bergen og Trondheim både i februar og i september/oktober. I februar var det også karrieremesse i Sogndal. Det har vore eit stort tal gjester som har delteke på stands.

Trainee-ordninga har vore vellukka, med 110 søkerar til stillingar i 15 traineebedriftar.

Økonomisk utvikling (omsetning, resultat, resultatgrad, utbyte til fylkeskommunen for rekneskapsåret 2011, økonomiske nøkkeltal samanlikna med året før)

(1000 kroner)	2009	2010	2011
Sum inntekt	3 766	3 339	3 898
Resultat etter skatt	15	62	240
Totalkapitalrentabilitet	1 %	5 %	15 %
Sjølvfinansiering i % av Langsiktig gjeld	1 603 %	-	-
Arbeidskapital i % av driftsinntekter	41 %	17 %	21 %
Eigenkapitalprosent:	81 %	41 %	45 %

Selskapet har tilfredstillende lønnsemd, god soliditet og likviditet. Selskapet ventar ei stabil økonomisk utvikling framover. Grunnfinansieringa av aktivitetane, utanom messene, kjem frå Stiftinga REKOMP. Dei har gitt ei grunnløyving på 5,7 mill. kr over 3 år (2012 – 2014).

Aktuelle planar og utsikter for dei komande åra

Selskapet vil arbeide vidare med å ta vare på statusen som Sogn og Fjordane si merkevare for jobb og rekruttering. Dette vert gjort gjennom nettportalen framtidsfylket.no, Framtidsfylket Trainee og Framtidsfylket Karrieremesser.

Det går føre seg ein strategidebatt i selskapet, om ein skal utvide aktiviteten til å gjelde også fagarbeidarar. Det ligg føre ein førespurnad frå prosjektet Samfunnsansvar om å ta ansvar for eit nettverk for bedriftene etter avslutta hovudprosjekt.

Mål for fylkeskommunen sin eigarskap i selskapet

Fylkeskommunen vart aksjonær hausten 2009 etter ein retta emisjon i selskapet. Grunngjevinga for å gå inn på eigarsida var at selskapet allereie var ein viktig samarbeidspartner for fylkeskommunen, samt at selskapet oppfyller eit av dei kriteria som fylkeskommunen har for eigarskap i selskap.

Er fylkeskommunal eigarskap framleis føremålstenleg?

Eigarskap i selskapet er framleis føremålstenleg då selskapet er ein viktig samarbeidspartner for fylkeskommune, samt at hovudmålsetingar og aktivitet i selskapet samsvarar med våre retningslinjer for eigarskap. Det er kort tid sidan fylkeskommunen gikk inn på eigarsida i selskapet, slik at det ikkje er aktuelt no å vurdere eventuell sal/avvikling av eigarskapen.

Tilråding: Vidareføre eigarskapen.

Gulen og Masfjorden Utvikling AS

Adresse: Sløvåg, 5960 Dalsøyra
 Tlfnr: 57 78 18 32
 E-post: post@gmu.no

Styret

Irene K. Wergeland (leiar), Trude Brosvik (nestleiar), Håkon Matre, Bjørn Falck Russenes, Roald Moi, Steinar Østerbø, Frode Langhelle og Marit Austgulen Wick.

Etter generalforsamlinga i juni 2012 er styret sett saman slik: Irene K. Wergeland (leiar), Karstein Totland (nestleiar), Marit Austgulen Wick, Hallvard Oppedal, Bjørn Falck Russenes, Ivar Eide og Frode Langhelle.

Styregodtgjersler m.v.

- Godtgjersle til styreleiaren: kr 20 000 pr. år
- Godtgjersle til andre styremedlemer: kr 15 000 pr. år
- Andre godtgjersler/gode til styremedlemer: Ingen
- Løn til dagleg leiar i selskapet: kr 513 814 + 19 374 (pensjonsutgifter) + 3 996 (anna godtgjersle).

Revisor

Bjørgvin Revisjon AS

Fylkeskommunal eigardel

Eigarprosent: 22,42 % Aksjane sin pålydande verdi: kr 1 156 250

Andre eigarar er Gulen kommune, Masfjorden kommune, Hordaland fylkeskommune og SIVA.

Fylkeskommunalt lån eller garanti

Ingen.

Formål, marknad, kundar, aktivitet mv.

Selskapet har som føremål å medverke til næringsutvikling og lønnsame arbeidsplassar i Gulen og Masfjorden kommunar. Selskapet skal vidare vere ein koordinator for offentlege midlar til næringsarbeid og vere ein pådrivar for at næringslivet får ei god kunnskaps- og teknologisk utvikling. Selskapet kan drive kjøp/sal og ha anna verksemd i samband med dette. Selskapet kan delta i andre selskap med liknande verksemd. Selskapet skal ha eit nært samarbeid med Gulen/Masfjorden Næringsråd.

Viktige hendingar i 2011

Selskapet har jobba vidare med forretningsplanen som styringsdokument. Planen vert revidert kvart år. Handlingsplanen, mål og strategiar viser dei konkrete prosjekta som GMU arbeider med.

Arbeidet med Sløvåg Næringsbygg er no i avslutningsfasen, eit trettitals verksemder er påmeldte som leigetakalar.

Søknaden om næringshage har vore eit krevjande arbeid. Medlemsbedrifter har teikna seg for 550 000 kr i aksjekapital i næringshagen.

Økonomisk utvikling (omsetning, resultat, resultatgrad, utbyte til fylkeskommunen for rekneskapsåret 2011, økonomiske nøkkeltal samanlikna med året før)

(1000 kroner)	2009	2010	2011
Sum inntekt	801	756	1 424
Resultat etter skatt (overskot)	87	99	-84
Totalkapitalrentabilitet	1 %	1 %	0 %
Sjølvfinansiering i % av Langsiktig gjeld	0 %	-	-
Arbeidskapital i % av driftsinntekter	2029 %	2 163 %	1 118 %
Eigenkapitalprosent:	99 %	99 %	98 %

Selskapet har noko svak lønnsemd, men sterkt finansiell stilling. Driftsresultatet er minus 616 443 kr. Renteinntekter utgjer 536 777 kr. Omløpsmidlar 16,3 mill. kr. Kortsiktig gjeld 387 229 kr. Langsiktig gjeld = 0 kr. Eigenkapital 16,3 mill. kr.

Aktuelle planar og utsikter for dei komande åra

Selskapet har ei klar målsetting om å auke tal arbeidsplassar i regionen med 400 innan 2015. Gulen Industrihavn, og aksen Matre – Oppedal er to viktige satsingsområder for selskapet; herunder gassbasert industri, vekst i offshorerelatert leverandørindustri, vekst i havbruk-, transport- og servicenæring.

Etablering av Sløvåg Næringsbygg og Matre Næringsbygg er dei viktigaste prosjekta å realisere i 2013/14.

Gulen og Masfjorden Næringshage har søknad til næringshageprogrammet, med base i Sløvåg og node på Matre.

Mål for fylkeskommunen sin eigarskap i selskapet

Eigarskap i selskapet er i samsvar med fylkeskommunen sin eigarpolitikk og bidreg til styrking av næringsgrunnlaget i Gulen/Masfjorden. Fylkeskommunen aukar sitt engasjement i utviklinga av naturgassbasert industri i Sløvåg og bidreg til å styrke næringsgrunnlaget generelt i denne delen av fylket.

Er fylkeskommunal eigarskap framleis føremålstenleg?

På noverande tidspunkt er det ikkje aktuelt å vurdere sal/avvikling av eigarskapen.

Tilråding: Vidareføre eigarskapen.

Innovasjon Norge

Adresse: Postboks 448 Sentrum, 0104 Oslo
 Tlfnr: 22 00 25 00
 E-post: post@innovasjonnorge.no

Styret

Reidar Sandal (leiar), Bente Rathe, Anne Breiby, Tone Lindberg, Roar Flåthen, Jørand Ødegård Lunde, Jan Løkling, Reidar Bye, Hanne Refsholt, Rolf Almklov, Toini H. A. Ness.

Etter føretaksmøtet i juni 2012 er styret sett saman slik:

Reidar Sandal (leiar), Tone Lindberg Hofstad (nestleiar), Reidar Bye, Roar Flåthen, Jørand Ødegård Lunde, Jan Løkling, Martha Kold Bakkevig, Einar Enger og Sarita Sehjpal.

Styregodtgjersler m.v.

- Godtgjersle til styreleiaren: kr 250 000, nestleiar kr 150 000.
- Godtgjersle til andre styremedlemer: kr 125 000, tilsetterepresentantar kr 45 000.
- Andre godtgjersler/godar til styremedlemer: ingen.
- Løn til dagleg leiar i selskapet: kr 2 099 000 + pensjonsavtale kr 71 000 + anna kr 95 000.

Revisor

KPMG. I føretaksmøtet i juni 2012 vart Deloitte valt som ny revisor.

Fylkeskommunal eigardel

Eigarprosent: 2,58 % Innskoten kapital frå fylkeskommunen: kr 505 474

Innovasjon Norge er eit særlovselskap, ikkje eit aksjeselskap.

Fylkeskommunalt lån eller garanti

Ingen

Formål, marknad, kundar, aktivitet mv.

Selskapet sitt føremål er å fremje bedrifts- og samfunnsøkonomisk lønsam næringsutvikling i heile landet. Innovasjon Norge skal bidra til auka innovasjon i næringslivet, til auka internasjonalisering, til å styrkes profilieringa av Noreg og norsk næringsliv internasjonalt og å bidra til næringsutvikling basert på regionale føresetnader.

Viktige hendingar i 2011

På grunn av reduksjon i budsjettpostane til Nærings- og handelsdepartementet måtte Innovasjon Norge gjennomføre ein omfattande omstillingss prosess i 2011. Talet på tilsette vart redusert med nærmare 100 og prosessen var ein stor utfordring for organisasjonen. Aktivitets- og servicenivået overfor kundar vart redusert som følgje av dette.

Økonomisk utvikling (omsetning, resultat, resultatgrad, utbyte til fylkeskommunen for rekneskapsåret 2011, økonomiske nøkkeltal samanlikna med året før)

(1000 kroner)	2010	2011
Sum inntekt	1 249	1 106
Resultat etter skatt	-46	-85
Totalkapitalrentabilitet	1 %	1 %
Sjølvfinansiering i % av Langsiktig gjeld	0 %	-1 %
Arbeidskapital i % av driftsinntekter	71 %	56 %
Eigenkapitalprosent:	4 %	4 %

Innovasjon Norge (morselskapet) sitt resultat før tap vart 132,7 mill. kr. Dette er 59,4 mill. kr betre enn i 2010.

I konsernrekneskapen er datterselskapet Investinor AS konsolidert inn.

Driftsinntektene minka med 140 468 mill. kroner til 1 108 583 mill i 2011. Dette skuldast reduksjon i offentlege løyvingar frå Nærings- og handelsdepartementet og reduksjon i kundeinntekter knytt til avslutninga av EXPO 2010. Konsernresultatet syner eit underskot på 84,6 mill. kroner mot eit underskot på 46 mill. kroner i 2010. Netto renteinntekter utgjorde 306 mill. kroner i 2011 mot 272 mill. kroner i 2010.

Arbeidskapital i prosent av driftsinntekter er god, men noko svekka frå 2010.

Aktuelle planar og utsikter for dei komande åra

Statsbudsjettet for 2012 inneber ikkje noko løft for næringsutvikling og innovasjon, men Innovasjon Norge får hove til å realisere nokre av sine ambisjonar. Det vert satsa på sterke klyngar og næringsmiljø, auka vekst basert på marknadsorientering og bedrifter med internasjonale vekstambisjonar.

Det er forventa noko høgare tap enn i 2011 kva gjeld tap på utlån.

Mål for fylkeskommunen sin eigarskap i selskapet

I samband med innføring av forvaltningsreforma frå 1.1.2010 var det føresett at 49 % av staten sin eigarskap i Innovasjon Norge skulle overførast til fylkeskommunane. I FT-sak 63/09 vedtok fylkestinget å gå inn som medeigar i Innovasjon Norge med ein eigardel på 2,58 %.

Innovasjon Norge er ein viktig reiskap i næringsutviklinga i Norge og i Sogn og Fjordane.

Er fylkeskommunal eigarskap framleis føremålstenleg?

Det har ikkje skjedd endringar pr. dato som tilseier at det skal skje endring i eigarskapen. Fylkeskommunal eigarskap er framleis føremålstenleg.

Tilråding: Vidareføre eigarskapen.

Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane AS

Adresse: Fosshaugane Campus, Trolladalen 30, 6856 Sogndal
 Tlfnr: 952 06 574
 E-post: kjetil@kpsf.no

Styret

Vidar Grønnevik (leiar), Siw Heggedal Longvastøl (nestleiar), Jan Erik Sandbakk, Terje Laberg, Frank Sandnes, Oddbjørn Bukve og Stig Vattekær.

Etter generalforsamlinga i juni 2012 er styret sett saman av dei same personane. Vidar Grønnevik vart på nytt valt som styreleiar.

Styregodtgjersler m.v.

- Godtgjersle til styreleiaren: kr 33 000 pr. år og kr 2 500 pr. møte.
- Godtgjersle til andre styremedlemer: kr 6 000 pr. år og kr 2 000 pr. møte.
- Løn til dagleg leiar i selskapet: kr 677 367 + pensjonskostnadar og anna godtgjersle kr 38 603.

Revisor

PricewaterhouseCoopers AS

Fylkeskommunal eigardel

Eigarprosent: 38,17 Aksjane sin pålydande verdi: kr 2 500 000.

Andre eigarar:

Fjord Invest Såkorn AS, SIVA, Sogndal kommune, Stryn Næringshage.

Fylkeskommunalt lån eller garanti

Ingen.

Formål, marknad, kundar, aktivitet m.v.

Selskapet har som formål å medverke til auka verdiskaping og nyetablering innanfor kunnskapsintensive verksemder lokalt og regionalt og å få nasjonale kunnskapsbaserte arbeidsplassar til fylket.

Selskapet skal vere ein

- sentral tilretteleggjar for nyskaping og kunnskapsbaserte arbeidsplassar i fylket,
- etablerer og driftar av nettverk og utviklingsarenaer for innovasjon, nyskaping og kunnskapsbasert næringsliv
- aktiv utviklar og deltar i konkrete nyskappingsprosjekt.

Viktige hendingar i 2011

Kunnskapsparken opererer i dag to nasjonale inkubaturprogram; eitt som gjeld distribuert FoU-inkubator (med nodar i kommunane Gloppen, Stryn, Vågsøy, Florø, Fjaler, Førde og Sogndal) og eitt som gjeld inkubator for mat- og naturbasert næringsutvikling. Ein viktig føresetnad for ein velfungerande fylkesdekkjande distribuert inkubator, er lokal tilhørsle og kjennskap til lokalt næringsliv.

Ved utgangen av året er det 15 bedrifter i inkubatoren.

Selskapet er sekretariat for Sparebanken Vests næringsstiftelse. I 2011 fekk fondet inn 32 søknader der 7 prosjekt vart imøtekomne.

Gjennom Connect Vest er Kunnskapsparken også ein del av eit investornettverk for Hordaland og Sogn og Fjordane. Samarbeidet er formalisert gjennom ein avtale i 2009, og samarbeidsavtalen er også vidareført i 2012.

Kunnskapsparken overtok frå 1. november 2011 prosjektleiinga i VRI. I tillegg er Kunnskapsparken ansvarleg institusjon for kompetansemekling.

Høgskulen i Sogn og Fjordane og Kunnskapsparken har samarbeidd om to FoU-prosjekt innan fornybar energi.

Økonomisk utvikling (omsetning, resultat, resultatgrad, utbyte til fylkeskommunen for rekneskapsåret 2011, økonomiske nøkkeltal samanlikna med året før)

(1000 kroner)	2009	2010	2011
Sum inntekt	6 608	5 153	5 491
Resultat etter skatt	337	91	652
Totalkapitalrentabilitet	7 %	2 %	10 %
Sjølvfinansiering i % av Langsiktig gjeld	0 %	-	-
Arbeidskapital i % av driftsinntekter	90 %	117 %	123 %
Eigenkapitalprosent:	72 %	89 %	88 %

Selskapet har positivt driftsresultat i 2011 med kr 35'. Resultat etter finans er kr 699'. Dei store finansinntektene i 2011 skuldast særleg salsgevinst i selskapet Melin Medical med kr 586'.

Selskapet sin soliditet og likviditet er god.

Aktuelle planar og utsikter for dei komande åra

KPSF arbeider vidare med etablering av eit presåkornsfond, og har von om at dette kan realiserast i 2012.

Samarbeidet med innovasjonsmiljø og investornettverk held fram i 2012.

Mål for fylkeskommunen sin eigarskap i selskapet

Gjennom sin eigarskap i Kunnskapsparken og Fjord Invest Såkorn AS har fylkeskommunen vore utløysande for å etablere ein reiskap for nyskaping og utvikling i regionen. Saman med investeringa i Fjord Invest Såkorn AS er investeringa i Kunnskapsparken viktig med omsyn til å skape nye verksemder i fylket.

Er fylkeskommunal eigarskap framleis føremålstenleg?

Eigarskap i selskapet er framleis føremålstenleg då selskapet har etablert seg som ein god aktør i FoU-miljøet i fylket, inkl. Høgskulen. Vidare har fylkeskommunen som eigar ei viktig rolle i det partnarskapet som finansierer selskapet.

Tilråding: Videreføre eigarskapen.

Luna Industri AS

Adresse: 5745 Aurland
 Tlf.nr:
 E-post: stig.vattekar@sfj.no

Styret

Olav Lægreid (styreleiar), Stig Vattekær og Osvald Turlid.

I generalforsamlinga i juni 2012 vart følgjande personar valt inn i styret: Stig Vattekær (leiar), Svein Tuft og Nils Oskar Fardal.

Styregodtgjersler m.v.

Ingen styregodtgjersle. Selskapet hadde ikkje tilsette i 2011.

Revisor

Ernst & Young AS

Fylkeskommunal eigardel

Eigarprosent: 65,99 % Aksjeposten sin pålydande verdi: kr 194 000

Den andre eigaren er Luna Mineral AS.

Fylkeskommunalt lån eller garanti

Ingen. Lån vart konvertert til aksjekapital i 2010.

Formål, marknad, kundar, aktivitet m.v.

Selskapet forvaltar lisensar og patenter som har kome til gjennom det forskingsarbeidet som Ife har utført på oppdrag frå Luna Mineral AS. Selskapet vart oppretta i 2004 med det føremål å bidra til realisering av industriell utnytting av anortositt. Selskapet har ein avtale med Luna Mineral AS som gjev rett til uttak av anortositt.

Luna Industri AS har fått gjennomført ein del forsking for å finne ut korleis ein kan utnytte anortositt til utvinning av bl.a. alumina, kalsium og silisium, samt binding av co2 i prosessen. Forskinga har så langt ikkje gjeve klare konklusjonar på om dette er mulig å få til i større skala og på kommersielle vilkår.

Viktige hendingar i 2011

Det har ikkje vore aktivitet i selskapet i 2011.

Økonomisk utvikling (omsetning, resultat, resultatgrad, utbyte til fylkeskommunen for rekneskapsåret 2011, økonomiske nøkkeltal samanlikna med året før)

(1000 kroner)	2010	2011
Sum inntekt	0	0

Resultat etter skatt	-26	-9 992
Totalkapitalrentabilitet	-10 %	-4 %
Sjølvfinansiering i % av langsiktig gjeld	-65 %	- 25 %
Arbeidskapital i % av driftsinntekter	-	-
Eigenkapitalprosent:	84 %	82 %

Etter at det fylkeskommunale lånet vart konvertert til aksjekapital er eigenkapitalen i selskapet god. Selskapet har ved årsskiftet ca. kr 248 000 i bankinnskot. Driftskostnadane i selskapet omfattar berre utgifter til rekneskap og revisjon.

Aktuelle planar og utsikter for dei komande åra

Ein har ønskje om å få inn ein investor som vil ta i bruk og starte utvinning av anortositt. I tillegg ønskjer ein å sjå på om det er mogleg å få til ei felles utskipingshamn for Luna Industri AS og Nordic Mining ASA med plassering nordaust for Gudvangen via ein tunnel.

Mål for fylkeskommunen sin eigarskap i selskapet

Sogn og Fjordane fylkeskommune ytte eit lån til selskapet i 2003. Selskapet prøvde å få til kommersiell utnytting av anortositt. Lånet vart konvertert til aksjar i 2010, jf. FT-sak 4/10. I same sak vedtok fylkestinget å gje fylkesrådmannen fullmakt til å selje fylkeskommunen sin aksjepost i samsvar med gjeldande regelverk.

Er fylkeskommunal eigarskap framleis føremålstenleg?

Alternative løysingar for kva som skal gjerast med aksjeposten i Luna Industri AS er under vurdering. Per no ligg det ikkje føre aktuelle kjøparar til aksjeposten, og det kan såleis vere hensiktsmessig for fylkeskommunen å halde på aksjeposten. Saka vil verte lagt fram for hovudutvalet for plan og næring på eit seinare tidspunkt.

Tilråding: Vidareføre eigarskapen inntil vidare.

Lutelandet Utvikling AS

Adresse: Dale Senter, 6963 Dale i Sunnfjord
 Tlfnr: 57 73 63 22
 E-post: post@lutelandet.no

Styret

Jan Balstad (leiar), Arve Helle (nestleiar), Jenny Følling, Stig Vattekar, Tore Bråstad og Aud Ingrid Espeland.

Styregodtgjersler mv.

- Godtgjersle til styreleiaren: kr 125 000 pr. år.
- Godtgjersle til nestleien: kr 18 750 pr. år
- Godtgjersle til andre styremedlemer: 12 500 pr. år.
- Andre godtgjersler/gode til styremedlemer: Ingen
- Løn til dagleg leiar i selskapet: kr 522 822 + andre ytingar kr 34 252.

Revisor

Deloitte AS.

Fylkeskommunal eigardel

Eigarprosent: 48 Aksjeposten sin pålydande verdi: kr 768 000

Andre eigara er Fjaler kommune (34 %), Askvoll kommune (6 %), Hyllestad kommune (6 %) og Solund kommune (6 %).

Fylkeskommunalt lån eller garanti

Lån kr 1,7 mill., jf. FT-sak nr 10/08.

Formål, marknad, kundar, aktivitet mv.

Selskapet sitt formål er å vere eit utviklingsselskap som skal virke for utnytting av Lutelandet i Fjaler som industriområde. Selskapets strategi byggjer på tre hovudområde, som er tilrettelegging for infrastruktur, bygging av nettverk og marknadsarbeid.

Selskapet er sekretariat for HAFS Regionråd (40 % årsverk) og Vindkraftforum Sogn og Fjordane (40 % årsverk).

Viktige hendingar i 2011

I fyrste halvår i 2011 har det føregått eit storstilt anleggsarbeid i regi av Lutelandet Offshore AS og deira datterselskap LLOF Site & Dry Dock.

Selskapet har jobba med nettverksbygging innan vindkraftnæringa, politiske miljø på regionalt og nasjonalt nivå, innan energibransjen, miljørørsla og blant selskapa som driv olje- og gassverksemd på norsk sokkel.

NVE gav i 2011 konsesjon for ein vindpark på 45 MW på Lutelandet, i tillegg vart det gitt ein konsesjon for eit testanlegg for inntil 10 MW. Begge konsesjonane er anka til Olje- og energidepartementet.

Økonomisk utvikling (omsetning, resultat, resultatgrad, utbyte til fylkeskommunen for rekneskapsåret 2011, økonomiske nøkkeltal samanlikna med året før)

(1000 kroner)	2009	2010	2011
Sum inntekt	2 648	43 961	1 744
Resultat etter skatt	750	41 702	-825
Totalkapitalrentabilitet	11 %	144 %	-1 %
Sjølvfinansiering i % av Langsiktig gjeld	41 %	2 112 %	-39 %
Arbeidskapital i % av driftsinntekter	196 %	-1 %	-66 %
Eigenkapitalprosent:	67 %	94 %	93 %

I 2011 har driftsinntektene i Lutelandet Utvikling vore basert på prosjektmidlar og sal av tenester. Sjølvfinansiering og arbeidskapital syner derfor svake tal for 2011.

Leigeavtale og festeavtale med Lutelandet Offshore Site & Dry Dock AS kom på plass i slutten av året, slik at selskapet er sikra større inntekter frå 2012 og framover.

Den sterke eigenkapitalen i selskapet kjem i hovudsak frå verdien på aksjane i Lutelandet Eigedom AS, som er bokført til 49,5 mill. kr.

Aktuelle planar og utsikter for dei komande åra

Lutelandet Utvikling AS kan i løpet av 2012 få ei avklaring på konsesjon til vindkraftsatsinga. Dette er avhengig av ankehandsaminga i departementet.

Dersom LLOFF (Lutelandet Offshore AS) lukkast i marknaden, vil ein også få stor aktivitet i samband med demontering av gamle oljeriggjar. Dersom ein lukkast med dette vil den fyrste oljeplattforma bli teken til land i 2016.

Leige- og festeavtalane med LLOFF vil i fyrste omgang sikre økonomien i driftsselskapet slik at selskapet kan arbeide vidare med å skape aktivitet i regionen.

Mål for fylkeskommunen sin eigarskap i selskapet

Selskapet er eit reint utviklingsselskap som skal virke for utnytting av Lutelandet i Fjaler som industriområde. Selskapet vart skipa 26.5.2005 med fylkeskommunen som hovudaksjonær og driftstilskot frå eigarane er viktig for å følgje opp dei aktivitetar som er sett i gang med omsyn til å få aktivitet i Lutelandet.

Er fylkeskommunal eigarskap framleis føremålstenleg?

I FT-sak 33/09 vart det gjort ei vurdering av fylkeskommunen sin eigarskap i selskapet. Konklusjonen i saka var at eigarskapet var i samsvar med fylkeskommunen sin eigarpolitikk.

Tilråding: Videreføre eigarskapen

Njøs Næringsutvikling AS

Adresse: Njøsavenge 5, 6863 Leikanger
 Tlfnr: 95 73 45 76
 E-post: post@njos.no

Styret

Nina Heiberg (leiar), Åslaug Stadheim Ese (nestleiar), Idun Christie, Rikard Lysne, Britt Brækhus og Grethe Kristin Lerum.

Etter generalforsamlinga i mai 2012 er styret sett saman slik: Nina Heiberg (leiar), Åslaug Stadheim Ese (nestleiar), Idun Christie, Jens Terje Hammervoll, John Elling Vereide og Grethe Kristin Lerum.

Styregodtgjersler mv.

- Godtgjersle til styreleiaaren: kr 5 000 pr. år + kr 1 700 pr. styremøte.
- Godtgjersle til andre styremedlemer: kr 1 000 pr. år + kr 1 700 pr. styremøte.
- Andre godtgjersler/gode til styremedlemer: Reisegodtgjersle etter statens regulativ.
- Løn til dagleg leiar i selskapet: kr 367 854.

Revisor

Deloitte AS

Fylkeskommunal eigardel

Eigarprosent: 22,2 Aksjeposten sin pålydande verdi: kr 100 000

Andre eigarar er Graminor AS, Gartnerhallen, Lerum AS, Innvik fruktlager, Sognefrukt, Lærdal grønt, Vangsnes fruktlager, Luster grønt, Sognabær og Gloppen produsentlag.

Fylkeskommunalt lån eller garanti

Ingen.

Formål marknad, kundar, aktivitet m.v.

Selskapet skal drive med rådgjeving, produkt- og marknadsutvikling, leie utviklingsprosjekt primært retta mot frukt og bær og andre prioriterte landbruksprosjekt.

Viktige hendingar i 2011

Selskapet har hatt god prosjekttilgang i 2011, og samla prosjektinntekter utgjorde 4,9 mill. kr.

Dei viktigaste prosjekta i 2011 har vore Arena frukt og bær, Sogn fruktrute og Atlantberry. Dei tilsette har publisert fleire artiklar i fagtidsskriftet Norsk frukt og bær, i tillegg var det sju avisomtalar av prosjekt og eit tinnslag i NRK Vestlandsrevyen om plantesjukdomen heksekost i eple.

Totalt var det 8 tilsette i bedrifta i 2011.

Økonomisk utvikling (omsetning, resultat, resultatgrad, utbyte til fylkeskommunen for
rekneskapsåret 2011, økonomiske nøkkeltal samanlikna med året før)

(1000 kroner)	2009	2010	2011
Sum inntekt	2 070	3 589	5 344
Resultat etter skatt	223	256	341
Totalkapitalrentabilitet	17 %	15 %	17 %
Sjølvfinansiering i % av Langsiktig gjeld	2 212 %	3 043 %	5 392 %
Arbeidskapital i % av driftsinntekter	30 %	24 %	21 %
Eigenkapitalprosent:	43 %	41 %	47 %

2011 er det siste året selskapet mottar omstillingstilskot på 0,2 mill. kr frå Sogn regionråd. Lønnsemda i selskapet har ein positiv utvikling. Selskapet har god soliditet og likviditet. Eigenkapitalen i selskapet er på 1,45 mill. kr. Den finansielle risikoene i selskapet er knytt opp til tilgangen på prosjekt. Prosjektporleføljen for 2012 er god, med fleire prosjekt som går over fleire år, slik at den finansielle risikoene vert vurdert som liten.

Aktuelle planar og utsikter for dei komande åra

Selskapet jobbar vidare med prosjekta Arena frukt og bær, Sogn fruktrute og Atlantberry.

Prosjekttilgangen er god og veksande, men det er trong for ei basisfinansiering av nettverksfunksjonar mellom næringa, det offentlege verkemiddelapparatet og FoU-miljøet på Njøs. Det trengs også langsiktige midlar til eit basisprosjekt som kan støtte kompetanseoppbygging og utprøving av eksotisk plantemateriale.

Mål for fylkeskommunen sin eigarskap i selskapet

Fylkeskommunen etablerte selskapet saman med Graminor AS, AL Gartnerhallen, Lerum AS og frukt-/bærmottaka i fylket i 2007. Etableringa vart gjort for å sikre vidareføring av det viktige FoU-miljøet på Njøs etter at Graminor trekte seg ut. Det er turvande med ei langsiktig satsing på kompetansebygging for å bidra til vekst/lønsemd i frukt- og bærnæringa i fylket.

Er fylkeskommunalt eigarskap framleis føremålstenleg?

I fylkestingssak 54/06 er det lagt opp til at fylkeskommunen skal vere aktiv eigar i 5-10 år, for å sikre at selskapet får eit godt fagleg og økonomisk fundament. Det er ikkje forhold til tilseier at denne strategien skal endrast.

Tilråding: Vidareføre eigarskapen

SAMFERDSLE

Firda Billag AS

Adresse: Postboks 204, 6802 Førde
 Tlfnr: 57 72 50 00
 E-post: post@firda-billag.no

Styret

Agnar Strømsnes (leiar), Steinar Talle, Olve Grotle, Rita Lilletvedt, Monica Oppedal, Arne Råheim og Gunvor Beate Bjordal.

På generalforsamlinga i juni 2012 er styret sett saman slik: Agnar Strømsnes (leiar), Rita Lilletvedt, Christina Kvamme, Petter Sortland og Inger Johanne Osland.

Styregodtgjersler m.v.

- Godtgjersle til styreleiaren: kr 100 000 pr. år.
- Godtgjersle til andre styremedlemer: kr 25 000 pr. år.
- Andre godtgjersler/gode til styremedlemer: varamedlemer får kr 2 000 pr. møtedag.
- Løn til dagleg leiar i selskapet: kr 919 532.

Revisor

Deloitte AS

Fylkeskommunal eigardel

Eigarprosent: 5 % Aksjane sin pålydande verdi: kr 500 000

Fylkeskommunalt lån eller garanti

Ingen.

Formål, marknad, kundar, aktivitet m.v.

Selskapet sitt føremål er å drive transportverksemd og tenesteyting i samband med person- og godstransport, samt reisebyrå. Selskapet kan i tillegg eige og forvalte fast eigedom. Selskapet kan også eige eller delta i andre selskap som har liknande verksemd.

Viktige hendingar i 2011

Firda Billag er i 2011 organisert som eit konsern, der Firda Billag er morselskap.

Firda Billag AS overtok aksjane i Fjord1 Transport AS den 30. desember 2010. Selskapet vart i januar 2011 gjeve namnet Transferd AS, og har overtatt all godsaktivitet frå Firda Billag.

Hausten 2011 vart all bussaktivitet lagt over i Firda Billag Buss As gjennom ein fusjon av gamle Firda Billag AS. Også selskapet Fjordane Reisebyrå vart stifta i 2011.

Økonomisk utvikling (omsetning, resultat, resultatgrad, utbyte til fylkeskommunen for rekneskapsåret 2011, økonomiske nøkkeltal samanlikna med året før)

(1000 kroner)	2009	2010	2011
Sum inntekt	343 796	346 057	576 967
Resultat etter skatt	-3 445	371	-5 022
Totalkapitalrentabilitet	-1 %	1 %	0,2 %
Sjølvfinansiering i % av Langsiktig gjeld	32 %	19 %	23 %
Arbeidskapital i % av driftsinntekter	-6 %	2 %	-0,4 %
Eigenkapitalprosent:	31 %	27 %	25 %

Selskapet vart omdanna til eit aksjeselskap i 2010 samstundes som det vart eit konsern. Det er såleis konsernrekneskaperen som er lagt til grunn for åra 2010 og 2011, medan det er rekneskaperen for Firda Billag IKS som står i kollonna for 2009. Dette gjer at det ikkje vert reelt å foreta samanlikningar mot 2009. Det har i løpet av 2011 skjedd store organisatoriske endringar i konsernet der delar av verksemda er skilt ut i eigne datterselskap.

Konsernet syner ein auke i driftsinntektene frå 2010 til 2011. Dette skuldast i hovudsak kjøpet av Fjord 1 transport AS i slutten av 2010 samt ein aktivitetsauke innan gods i 2011. Konsernet syner eit underskot på om lag 5 mill. kr, som vart dekka inn ved overføring frå anna eigenkapital. Styret skriv i årsmeldinga at dei ikkje er nøgd med resultatet for 2011. Underskotet er forårsaka av:

- høge fusjonskostnadene,
- auke i avskrivning -og rentekostnadene,
- høge drivstoffkostnadene,
- ombyggingskostnadene,
- pressa marginar i godsmarknaden.

Selskapet har såleis framleis noko svak lønnsemnd, likviditeten er svak og syner ein negativ utvikling medan soliditeten er tilfredsstillande. Selskapet har ein strategi som skal sikre økonomisk vekst.

Selskapet skriv i si årsmelding at selskapet og konsernet er i ein sunn finansiell stilling og vurderer konsernet sin likviditet som god. Innføring av konsernkonto gjer at konsernet nyttar intern likviditet effektivt mellom selskapene før ekstern kreditt vert nytta.

Aktuelle planar og utsikter for dei komande åra

Selskapet ser store utfordringar innan gods- og bussmarknaden dei komande åra. Dette er ein del av bakgrunnen for dei organisatoriske endringane som er gjennomførte i 2011, mellom anna ved å skilje ut bussdrifta som eige selskap, slik Transferd har godsdrifta. Konsernmodellen gjev fleksibilitet og risikospreiing.

Selskapet vil framover leggje vekt på effektiv drift og framleis utvikling av organisasjonen.

Firda Billag AS utfører bussproduksjon for Sogn og Fjordane fylkeskommune. Denne produksjonen vil kome på anbod dei nærmaste åra.

I mars 2012 vart det inngått avtale med Trucknor om etablering av eit felles selskap; Trucknor Firda AS. Selskapet skal drive verkstaden til Firda Billag i Førde. Styret meiner dette vil sikre fortsatt god kvalitet på verkstadtenester til vognparken.

Mål for fylkeskommunen sin eigarskap i selskapet

Selskapet vart etablert gjennom eit interkommunalt spleiselas for å sikre infrastruktur i Sunnfjord. Fylkeskommunen kom inn som eigar saman med 13 kommunar ved at fylkeskommunen i 1997 overtok FSF sin eigardel i det opphavlege lutlaget.

Er fylkeskommunalt eigarskap framleis føremålstenleg?

Den bedriftsøkonomiske lønnsemda er svak og gjev ikkje avkastning til eigarane.

Spørsmålet er om fylkeskommunen gjennom sin eigarskap i selskapet har mulegheit for å styre/styrke utviklinga av infrastrukturen i fylket. Normalt vil ein 5 % eigardel ikkje representere styringsmulegheit. Omsynet til infrastruktur vert ivaretake gjennom politiske vedtak og løyving av midlar til bevaring og oppretting av rutetilbod. Det er no anbodsprosessen, og ikkje lokale omsyn, som avgjer kva ruteselskap som skal drive rutene.

Det kan såleis stillast spørsmål om eigarskapen i selskapet framleis er føremålstenleg basert på dei oppsette kriteria. Omdanninga til ny selskapsform har aktualisert spørsmålet om endringar i eigarskap og eventuelt sal av fylkeskommunen sine aksjar, men det kan verte utfordrande å få selt aksjane i Firda Billag.

Tilråding: Vidareføre eigarskapen inntil vidare.

OPPLÆRING

Opplæringfartøy AS

Adresse: Postboks 25, 6701 Måløy
 Telfnr: 57 84 92 90
 Epost: jeholvik@online.no (styreleiar)

Styret

Jan E. Holvik (leiar), Jan Torvanger og Alfred Bjørlo.

Etter generalforsamlinga i juni 2012 er styret sett saman slik: Jan E. Holvik (leiar), Jan Torvanger, Asgeir Solheim.

Styregodtgjersler m.v.

- Godtgjersle til styreleiaren: Ingen.
- Godtgjersle til andre styremedlemer: Ingen
- Andre godtgjersler/gode til styremedlemer: Ingen
- Løn til dagleg leiar i selskapet: Ingen. Styreleiar fungerer som dagleg leiar.

Revisor

Ernst & Young AS.

Fylkeskommunal eigardel

Eigarprosent: 77 Aksjane sin pålydande verdi: kr 6 000 000

Fylkeskommunalt lån eller garanti

1 mill. kr

Fylkestinget vedtok i sak 37/10 å gje Opplæringsfartøy AS eit rente- og avdragsfritt lån på kr 1 mill. kr for ein periode på inntil 6 år. Dette lånet vart utbetalt i juni 2010.

Formål, marknad, kundar, aktivitet mv.

Selskapet eig og driv eit opplæringsfartøy, SKULEBAS, som vert nytta i undervisninga ved Måløy vidaregåande skule på grunnlag av leigeavtale med fylkeskommunen. Avtalen gjeld for eitt år om gongen.

Viktige hendingar i 2011

«Fiskebas» har for dårlig innteningsevne, - og utfordringane vert endå større når det avdrags- og rentefrie lånet på 1 mill. kr skal betalast tilbake. Vidare står båten framfor ei ny klassing og det medfører auka kostnader.

Økonomisk utvikling (omsetning, resultat, resultatgrad, utbyte til fylkeskommunen for rekneskapsåret 2011, økonomiske nøkkeltal samanlikna med året før)

(1000 kroner)	2009	2010	2011
---------------	------	------	------

Sum inntekt	2 346	2 413	2 391
Resultat etter skatt	-899	-321	-559
Totalkapitalrentabilitet	-10 %	-3 %	- 7 %
Sjølvfinansiering i % av Langsiktig gjeld	-1 %	18 %	10 %
Arbeidskapital i % av driftsinntekter	-80 %	-10 %	11 %
Eigenkapitalprosent:	43 %	41 %	34 %

Selskapet har negativt driftsresultat også i 2011 (- kr 452').

Omløpsmidlar utgjer kr 992', medan kortsiktig gjeld er på kr 723'. Arbeidskapitalen i prosent av driftsinntekter er kraftig betra frå 2009 og fram til i dag og er no på eit akseptabelt nivå.

Båten har ein bokført verdi på kr 5,3 mill. Bokført verdi er basert på anskaffingskost redusert med årlege avskrivningar, men ein bør vere merksam på at denne verdien kan vere for høg samanlikna med ein reell salsverdi. Dermed vert også reell eigenkapital i selskapet lågare.

Aktuelle planar og utsikter for dei komande åra

Halde fram verksemda i samsvar med formålet. Selskapet avventar tilbakemelding fra fylkeskommunen når det gjeld eventuelt vidare samarbeid.

Mål for fylkeskommunen sin eigarskap i selskapet

Det har vore viktig å kunne disponere eit opplæringsfartøy for Måløy vidaregåande skule så lenge skulen tilbyr slik opplæring. Båten fyller ein viktig funksjon for fleire av gruppene ved skulen, mellom anna matfag, motormekanikar, fiske og fangst. Båten er i bruk både ute til sjøs og som klasserom når den ligg ved land.

Er fylkeskommunal eigarskap framleis føremålstenleg?

Det var fylkeskommunen som tok initiativet til etablering av aksjeselskapet saman med 30 fiskeri- og reiarverksemder i fylket, kommunane Askvoll og Solund, og bankar og forsikringsselskap. Fylkeskommunen er den største eigaren med 77 % og har såleis høve til å ha ei god styring med drifta av selskapet.

Fylkeskommunen sin eigarskap er knytt til at opplæringsfartøyet er ein viktig del av det faglege tilbodet ved Måløy vidaregåande skule. I eigarmeldinga for 2011 går det fram at fylkestinget vil få høve til å ta stilling til vidare eigarskap i selskapet når moglege alternative løysingar på praksisopplæringa ligg føre. Fylkesrådmannen har arbeidd med å finne alternative løysingar som er meir økonomisk gunstige, og samtidig tek vare på den faglege kvaliteten ved opplæringa. Saka vert lagt fram for handsaming i fylkestinget i oktober.

Tilråding: Videreføre eigarskapen inntil vidare

Vigo IKS

Fylkestinget vedtok i sak 63/10 å gå inn som eigar i eit felles interkommunalt selskap for fylkeskommunane, eit selskap kalla Vigo IKS. Føremålet til selskapet er å utvikle/vidareutvikle, drifta og eventuelt eige fylkeskommunane sitt felles inntaks- og forvaltingssystem for elevar og lærlingar.

Selskapet vart stifta 1. januar 2012. Det er såleis ikkje levert rekneskap eller gjennomført ordinær generalforsamling i 2012.

Tilråding: Vidareføre eigarskapen.

KULTUR

Sogn og Fjordane Teater L/L

Adresse: Postboks 324, 6802 Førde
 Tlfnr: 90 99 06 00
 E-post: post@softeater.no

Styret

Rasmus Felde (leiar), Norunn Lunde Furnes (nestleiar), Tone Stangeland, Steinar Lægreid, Olve Grotle og Kjell Furevik.

Etter årsmøtet i juni 2012 er styret sett saman slik: Håkon Fimland (leiar), Iris Loftheim (nestleiar), Ola Tarjei Kroken, Kristine Lie og Kyrre Eikås Ottersen.

Representantar utpeikt av fylkeskommunen: Håkon Fimland, Ola Tarjei Kroken og Kristine Lie.

Styregodtgjersler m.v.

- Godtgjersle til styreleiaren: kr 32 000.
- Godtgjersle til andre styremedlemer: Dei same satsane som gjeld for fylkeskommunen sine hovudutval.
- Andre godtgjersler/gode til styremedlemer: Tapt arbeidsforteneste etter fylkeskommunen sine satsar.
- Løn til dagleg leiar i selskapet: kr 614 751 + pensjonsutgifter kr 12 000 + anna godtgjersle kr 43 321

Revisor

PricewaterhouseCoopers AS.

Fylkeskommunal eigardel

Eigarprosent: 80 Aksjeposten sin pålydande verdi: kr 80 000

Førde kommune eig dei resterande 20 % av aksjane

Fylkeskommunalt lån eller garanti

Ingen.

Føremål, marknad, kundar, aktivitet mv.

Føremålet med selskapet er å drive teaterverksemd i Sogn og Fjordane fylke. Det kan også spele i andre fylke som lekk i utvekslingsprogram med andre teater. Teateret skal nytte nynorsk målform eller nynorske målføre. Teateret går inn som ein naturleg del av fylket sitt samla kulturtildel. Det skal søkje å fremje amatørteaterarbeidet i fylket.

Viktige hendingar i 2011

Sogn og Fjordane teater har hatt eit kunstnarisk godt år i 2011, og besøkstala er gode (25 287). Teateret var involvert i 10 produksjonar, av desse 5 eigenproduksjonar.

Teatret har i 2011 arbeidd vidare med å utvikle og setje opp ny norsk dramatikk. Ei av oppsetjingane, «Brenningsmysteriet – to levande og to døde» av Otto Homlung, var urpremiere.

Teateret hadde 16 fast tilsette per 31. desember 2011, i tillegg var det 7,44 årsverk knytt til engasjerte frilanspersonale og vikarar gjennom året. Teatret har i 2011 hatt ein lærling i kostumesyrfaget på systova.

Teatersjef Terje Lyngstad vart tilsett i ny åremålsperiode frå 2012 til 2015.

Økonomisk utvikling (omsetning, resultat, resultatgrad, utbyte til fylkeskommunen for rekneskapsåret 2011, økonomiske nøkkeltal samanlikna med året før)

(1000 kroner)	2009	2010	2011
Sum inntekt	21 099	23 742	24 718
Resultat etter skatt	558	2 232	714
Totalkapitalrentabilitet	18 %	50 %	11 %
Sjølvfinansiering i % av Langsiktig gjeld	0 %	-	-
Arbeidskapital i % av driftsinntekter	-6 %	5 %	8 %
Eigenkapitalprosent:	22 %	49 %	48 %

Driftstilskotet utgjer kr 23,2 mill. i 2011, herav kr 16,3 mill. frå staten, kr 5,2 mill. frå fylkeskommunen og kr 1,7 mill. frå Førde kommune.

Av samla driftsinntekter i 2011 var ca. kr 1,4 mill. eigeninntekter, tilsvarande om lag 5,6 % av totale inntekter, mot 4,3 % i 2010. Auken skuldast i hovudsak høgare billettinntekter i 2011.

Selskapet gikk, som tidlegare år, med overskot i 2011. Overskotet vart noko større enn budsjettet grunna høgare billettinntekter, lågare materialkostandar og lågare avskrivinger. Overskotet vart avsett til anna eigenkapital. Selskapet har over fleire år styrka eigenkapital slik at ein er betre rusta til å tåle svingingar i økonomien. Opptent eigenkapital ved utgangen av 2011 er på 3,5 mill. kr.

Lønnsemda i selskapet er tilfredsstillande men syner ein negativ utvikling frå 2010 til 2011. Selskapet sin likviditet syner ein positiv utvikling og soliditeten er god. Selskapet melder også om god likviditet i si årsmelding. Selskapet har berre kortsiktig finansiering.

Aktuelle planar og utsikter for dei komande åra

SoFts profil er å vere eit regionteater som blir oppfatta som relevant for publikum i Sogn og Fjordane. Det skal skje gjennom stykke skrive på nynorsk, spelt på vestnorsk. Stykka skal på ulikt vis både utfordre og spegle den vestlandske identiteten og tida vi lever i, nokre av stykkene skal vere politisk engasjerande, og kunne vekke debatt kring viktige tema. Teatret søker å bruke dramatikarar og andre scenearbeidarar som har røter i regionen, og stoffet i fleire av stykkene skal ha sitt utspring i Vestlandet og Sogn og Fjordane. Repertoaret dei neste åra vil spegle denne programprofilen, utan at teatret vil røpe kva titlar det vil presentere.

Mål for fylkeskommunen sin eigarskap i selskapet

Investeringa i Sogn og Fjordane er kulturelt motivert. Denne investeringa er forankra i fylkeskommunen si kultursatsing. Evaluering av denne satsinga ligg utanfor ramma av det som skal vurderast i eigarmeldinga.

Er fylkeskommunal eigarskap framleis føremålstenleg?

Selskapet er etablert som ein reiskap innan kultursatsinga i fylket. Fylkeskommunen sin eigarskap og økonomiske støtte er avgjerande for at dette tilbodet vert vidareført.

Tilråding: Videreføre eigarskapen

AS Norsk Fjordhestsenter

Adresse: 6770 Nordfjordeid
 Tlfnr: 57 86 48 00
 E-post: fjordhest.senter@c2i.net

Styret

Kristen Atle Hundeide (leiar), Liv Stokkenes Jacobsen (nestleiar) og Magne Hus.

Etter generalforsamlinga i juni 2012 er styret sett saman slik: Kjell Mange Åshamar (leiar), Liv Stokkenes Jacobsen (nestleiar) og Janne Sellen.

Representant frå fylkeskommunen: Liv Stokkenes Jacobsen.

Styregodtgjersler mv.

- Godtgjersle til styreleiaren: Ingen
- Godtgjersle til andre styremedlemer: Ingen
- Andre godtgjersler/gode til styremedlemer: Ingen
- Løn til dagleg leiar i selskapet: kr 462 430 + anna godtgjersle kr 58 793.

Revisor

RevisorGruppen Fjordane AS

Fylkeskommunal eigardel

Eigarprosent: 30 (A-aksjar) Aksjeposten sin pålydande verdi: kr 30 000
 Eigarprosent: 33 (B-Aksjar) Aksjeposten sin pålydande verdi: kr 1 330 000

Andre eigarar er Eid kommune med 30 % av A-aksjane og 33 % av B-aksjane og Norges Fjordhestlag med 40 % av A-aksjane og 34 % av B-aksjane.

Fylkeskommunalt lån eller garanti

Ingen.

Formål, marknad, kundar, aktivitet m.v.

Norsk Fjordhestsenter AS er eit av tre nasjonale hestesenter i landet. Hovudoppgåva til Norsk Fjordhestsenter AS er å arbeide for fjordhesten og å vere eit nasjonalt kompetansesenter for fjordhestarbeidet. Selskapet mottar statstilskot med grunngjeving i dei nasjonale oppgåvene som er knytt til senteret sitt arbeid for fjordhesten som særnorsk rase.

Norsk Fjordhestsenter jobbar internasjonalt knytt til prosjektarbeid med fjordhestsemin, kjøp og sal av fjordhestar og kontakt med medlemsorganisasjonen Fjord Horse International.

Det nasjonale arbeidet inneber samarbeid med Norges Fjordhestlag, utvida bruksprøve for fjordhingstar, drift av seminstasjon, kurssenter og turisme.

Regionalt innehavar selskapet sekretærfunksjonen til Sogn og Fjordane Hest, medan det lokale arbeidet mellom anna inkluderer samarbeid med Eid Fjordhestlag og Eid Køyre- og rideklubb. I tillegg er dette undervisningsstad for Fjordane Folkehøgskule.

Viktige hendingar i 2011

2011 har vore eit aktivt år med noko redusert bemanning av dei fast tilsette. Fjordhesten står overfor store utfordringar, med lave bedekningstal i meldingsåret og faretruande få fødde føl. Fjordhesten tapar terreng mot andre hesterasar, trass i at hestetalet i Noreg stig.

Landbruks- og matdepartementet, Norsk Hestesenter, Norsk Fjordhestsenter og Nord-Norsk Hestesenter har hatt drøftingar om samarbeid og arbeidsoppgåver med bakgrunn i ein utredning som vart sendt departementet i 2010. Målet er å klargjere og avtalefeste arbeids-, ansvars og oppgåvefordeling mellom dei tre nasjonale sentra, samt synleggjere nødvendig nivå på midlar til drift og investeringsoppgåver for kvar av partane.

Norsk Fjordhestsenter har ei betydeleg bygningsmasse på ca. 4 000 m² med bygningar. Hausten 2011 vart området påført stor skade på vegar som følgje av flaum. Det kom også vatn inn i ridehallen. Nødvendige tiltak for å hindre at liknande skal skje igjen er gjennomført i 2011.

Økonomisk utvikling (omsetning, resultat, resultatgrad, utbyte til fylkeskommunen for rekneskapsåret 2011, økonomiske nøkkeltal samanlikna med året før)

(1000 kroner)	2009	2010	2011
Sum inntekt	3 768	3 969	4 447
Resultat etter skatt	-337	-65	167
Totalkapitalrentabilitet	-1 %	2 %	5 %
Sjølvfinansiering i % av Langsiktig gjeld	1 %	7 %	15 %
Arbeidskapital i % av driftsinntekter	-8 %	-7 %	-7 %
Eigenkapitalprosent:	37 %	37 %	41 %

Av inntektene utgjer 1,9 mill. kr ulike tilskot, inkludert 0,93 mill. kr frå Landbruksdepartementet.

Selskapet har ein positiv utvikling og rekneskap viser eit overskot i selskapet for 2011. Overskotet vert nytta til å dekke inn tidlegare års underskot. Lönsemada i selskapet har såleis vorte noko betre, men likviditeten er framleis svak. Soliditeten er god.

Aktuelle planar og utsikter for dei komande åra

Arbeidet med å få til ei meir langsigting og føreseieleg finansiering enn det ein har i dag, held fram. Vidareutvikling av semintenestene mot inn- og utlandet er ein svært viktig del av arbeidet for å sikre framtida til fjordhestrasen.

Mål for fylkeskommunen sin eigarskap i selskapet

Bakgrunnen for fylkeskommunen sin eigarskap er at eigedomen Haugen i 1989 vart overdregen til Eid kommune, fylkeskommunen og Noregs Fjordhestlag. Kommunen og fylkeskommunen betalte kvar kr 850.000 og fjordhestlaget kr 500.000. Norsk Fjordhestsenter AS vart då skipa og aksjane vart fordelte på dei tre eigarane. I 1997 overførde eigarane eigedomen til Norsk Fjordhestsenter AS, og fekk vederlag i form av B-aksjar. B-aksjane gir ingen røysterett på generalforsamlinga.

Er fylkeskommunal eigarskap framleis føremålstenleg?

Fjordhesten som særnorsk hesterase står overfor store utfordringar; både med redusert tilvekst, og ved at han taper terreng i høve andre hesteraser.

Sogn og Fjordane fylkeskommune har i fleire år signalisert at det er ynskjeleg å selje aksjeposten i Norsk Fjordhestsenter. Det har vist seg vanskeleg å få gjennomført eit sal. Til orientering må vedtekten i alle høve endrast viss eit sal vert aktuelt.

Eid kommune har kome med ein offensiv og eit ønskje om vidareutvikling av AS Norsk Fjordhestsenter gjennom ein strategiprosess som styret gjennomfører. Fylkeskommunen vil som følge av dette revurdere vedtaket om å trekkje seg ut på eigarsida. Dagens eigarmodell har sikra AS Norsk Fjordhestsenter stabilitet. Som regional utviklingsaktør vil fylkeskommunen kunne spele ei konstruktiv rolle på eigarsida i selskapet, og bidra til lokal/regional utvikling.

Tilrådinga er derfor endra til at fylkeskommunen deltek i strategiprosessen, og at eigarskapen held fram inntil vidare.

Tilråding: Fylkeskommunen deltek i strategiprosessen, og eigarskapen held fram inntil vidare.

ARBEIDSMARKEDSBEDRIFTER

Sandane Industri AS

Adresse: Postboks 122, 6821 Sandane
 Tlfnr: 57 86 66 50
 E-post: post@sandane.no

Styret

Jon Gimmestad (leiar), Svanhild Mosebakken (nestleiar), Brynhild Lund Notøy, Rune Engeset og Alf Osa.

Etter generalforsamlinga i 2012 er styret sett saman slik: Jon Gimmestad (leiar), Svanhild Mosebakken (nestleiar), Brynhild Lund Notøy, Rune Engeset og Jarle Berentzen.

Styregodtgjersler m.v.

- Godtgjersle til styreleiaren: kr 45 000 pr. år
- Godtgjersle til andre styremedlemer: kr 2 000 pr. møte.
- Andre godtgjersler/gode til styremedlemer: Ingen
- Løn til dagleg leiar i selskapet: kr 604 791 + anna kr 4 000.

Revisor

BDO AS

Fylkeskommunal eigardel

Eigarprosent: 32 Aksjeposten sin pålydande verdi: kr 325 500

Andre eigarar er åtte kommunar og Sparebanken Sogn og Fjordane.

Fylkeskommunalt lån eller garanti

Ingen.

Formål, marknad, kundar, aktivitet mv.

Verksemda er ei arbeidsmarknadsbedrift som er knytt til NAV sine tiltak for avklaring, kvalifisering og opplæring av personar med redusert arbeidsevne, med sikte på attføring til ordinært arbeid eller utdanning. Selskapet har avdelingar i Gloppen, Stryn og Eid.

Viktige hendingar i 2011

I 2011 vart Sandane Industri sertifisert innan Equass Assurance, eit kvalitetssystem for attføringsarbeidet i bedrifa.

Det er tilsett to nye medarbeidarar på kursavdelinga.

Det har vore aktivitet knytt til fleire forskjellig områder på produksjons- og driftsavdelingane på Eid og i Stryn, mellom anna leidningsopplegg til Tysse-hengar, kasser til Stryvo, montering og kapping til West Mekan og blindrammer til Eurofoto.

Økonomisk utvikling (omsetning, resultat, resultatgrad, utbyte til fylkeskommunen for rekneskapsåret 2011, økonomiske nøkkeltal samanlikna med året før)

(1000 kroner)	2009	2010	2011
Sum inntekt	10 356	9 213	8 340
Resultat etter skatt	1 410	715	626
Totalkapitalrentabilitet	20 %	8 %	7 %
Sjølvfinansiering i % av Langsiktig gjeld	0 %	225 %	157 %
Arbeidskapital i % av driftsinntekter	21 %	38 %	49 %
Eigenkapitalprosent:	65 %	62 %	68 %

Nøkkeltales viser at selskapet er inne i ein positiv utvikling. Soliditeten er tilfredsstillande og likviditeten viser også ein positiv utvikling.

Aktuelle planar og utsikter for dei komande åra

Selskapet vil jobbe vidare for å samle avdelingane på Nordfjordeid, og å følgje opp kvalitetssystemet.

Det vert også lagt vekt på å fortsetje den positive utviklinga i samarbeidet med NAV Sogn og Fjordane og dei lokale kontora i Nordfjord. Det skjer mykje innan tiltakssida sentralt, og Sandane Industri må vere klar for dei forandringane som kjem.

Planen er vidare å utvikle samarbeide med dei andre attføringsbedriftane i Sogn og Fjordane.

Mål for fylkeskommunen si eigarskap i selskapet

Som aksjeeigar å støtte opp om verksemda til selskapet.

Er fylkeskommunal eigarskap framleis føremålstenleg?

Fylkeskommunen er den størst aksjeeigaren saman med åtte kommunar og ein bank. Selskapet er ei arbeidsmarknadsbedrift som har tett kontakt med NAV og oppfyller såleis ikkje fylkeskommunen sine kriterium for å gå inn/sitje som eigar. Samfunnsmessige omsyn tilseier likevel at fylkeskommunen held fram som eigar.

Tilråding: Vidareføre eigarskapen

Firda Produkt AS

Adresse: Postboks 109, 6801 Førde
 Tlf.nr: 57 83 36 00
 E-post: post@firda-produkt.no

Styret

Asbjørn Steen (leiar), Salmøy Runde (nestleiar), Normann Aarseth, Mari Jacobsen og Linda Ness Rotihaug.

Etter generalforsamlinga i 2012 er styret sett saman slik: Bjørn Harald Haugsvær (leiar), Salmøy Runde (nestleiar), Normann Aarseth, Mari Constanse Jacobsen, Linda Nes Rotihaug

Styregodtgjersler m.v.

- Godtgjersle til styreleiaren: kr 35 000 pr. år + kr 1 200 pr. møte
- Godtgjersle til andre styremedlemer: kr 6 000 pr. år + kr 1 200 pr. møte.
- Andre godtgjersler/gode til styremedlemer: Ingen
- Løn til dagleg leiar i selskapet: kr 551 475 + pensjonsutgifter kr 17 476.

Revisor

PricewaterhouseCoopers AS

Fylkeskommunal eigardel

Eigarprosent: 30 Aksjane sin pålydande verdi: kr 150 000

Andre eigarar er åtte kommunar (Førde kommune størst med 20,4 % av aksjane), Sparebanken Sogn og Fjordane, DnB NOR og NHF Nordvest

Fylkeskommunalt lån eller garanti

Ingen.

Formål, marknad, kundar, aktivitet mv.

Verksemda er ei arbeidsmarknadsbedrift som er knytt til NAV sine tiltak. Selskapet skal legge til rette for at yrkesvalhemma gjennom arbeidsplasspraksis eller kurs kan kome attende i eit ordinært arbeid på heil- eller deltid, eventuelt bli motivert til vidare skulegang eller få ei funksjonsvurdering i høve til søknad om trygd

Viktige hendingar i 2011

Firda Produkt er Equass-sertifisert og godkjent vidare som attføringsbedrift.

Det vart gjennomført eit strategimøte med styret, NAV SFJ, Førde kommune, leiargruppa og tillitsvalde ved Firda Produkt.

Økonomisk utvikling (omsetning, resultat, resultatgrad, utbyte til fylkeskommunen for
rekneskapsåret 2011, økonomiske nøkkeltal samanlikna med året før)

(1000 kroner)	2009	2010	2011
Sum inntekt	10 640	12 422	11 933
Resultat etter skatt	125	377	971
Totalkapitalrentabilitet	3 %	7 %	15 %
Sjølvfinansiering i % av Langsiktig gjeld	100 %	231 %	897 %
Arbeidskapital i % av driftsinntekter	18 %	18 %	28 %
Eigenkapitalprosent:	63 %	64 %	74 %

Selskapet har god soliditet og likviditet.

Aktuelle planar og utsikter for dei komande åra

Rammene for 2012 er auka med ca. kr 900 000. Stortinget har endra rammevilkår fra 1. juli 2012. Dette inneber endring frå forskots- til etterskotsbetaling og at selskapet får betaling for brukte plassar mot tildelte plassar frå før. Firda Produkt ventar større svingingar i tenestenivået, inntektsnivået og driftsresultat framover grunna mindre føreseielege rammevilkår. Dette gjer det vanskelegare å dimensjonere bemanninga. Styret meiner Firda Produkt er godt budd til å møte utfordringane.

Mål for fylkeskommunen sin eigarskap i selskapet

Som aksjeeigar å støtte opp om selskapet si verksemd.

Er fylkeskommunal eigarskap framleis føremålstenleg?

Selskapet er ei arbeidsmarknadsbedrift som har tett kontakt med NAV og oppfyller såleis ikkje fylkeskommunen sine kriterium for å gå inn/sitje som eigar. Samfunnsmessige omsyn tilseier likevel at fylkeskommunen held fram som eigar.

Tilråding: Vidareføre eigarskapen

Origod AS

Adresse: Postboks 274, 6902 Florø
 Tlfnr: 57 75 21 40
 E-post: post@origod.no

Styret

Siv Merete Stadheim (leiar), Heidi Grande Røys (nestleiar), Berit Seljeseth Osa og Karianne Torvanger.

Styregodtgjersler m.v.

- Godtgjersle til styreleiaren: kr 31 000 pr. år
- Godtgjersle til andre styremedlemer: 15 000 pr. år
- Godtgjersle til observatør frå dei tilsette: 6 000 pr. år
- Andre godtgjersler/gode til styremedlemer: Ingen
- Løn til dagleg leiar i selskapet: kr 671 699 + anna godtgjering kr 103 559.

Revisor

Deloitte AS.

Fylkeskommunal eigardel

Eigarprosent: 24,2 Aksjane sin pålydande verdi: kr 150.000

Andre eigarar er fire kommunar (Flora kommune størst med 32,3 % av aksjane), Sparebanken Sogn og Fjordane, Sparebanken Vest, Flora Lag av NHF, Elkem ASA, Vest EDB AS og Origod AS (eigne aksjar)

Fylkeskommunalt lån eller garanti

Ingen.

Formål, marknad, kundar, aktivitet mv.

Verksemda er ein attføringsbedrift og NAV er verksemdas største og viktigaste kunde. Selskapet og NAV sin jobb er å sjå mulegheiter og utløyse ressursar hos dei mange som står i fare for å miste fotfeste i arbeidslivet, eller aldri har hatt plass i arbeidslivet. Dette vert gjort i kombinasjon med produksjon av varer og tenester.

Viktige hendingar i 2011

Samarbeidet med NAV Sogn og Fjordane vart styrka i 2011.

Origod er godkjent som tiltaksarrangør for fem arbeidsmarknadstiltak i skjerma sektor. Samla har Origod hatt 57 faste plassar i 2011.

Origod har også kontrakt med NAV Sogn og Fjordane om levering av tre tiltak utanfor skjerma sektor, desse er Avklaring, Oppfølging og Arbeidsretta Rehabilitering. I denne kontrakten samarbeider Origod med dei tre andre attføringsbedriftene i Sogn og Fjordane. Tenestene har hatt auka bestillingar i andre halvår 2011.

Det har vore jobba med trening og fysisk aktivitet, og selskapet har fått to Libra-instruktørar.

Selskapet har jobba med korleis ein skal takle svingingar i talet på bestillingar/oppdrag med dei tilsette som bedrifa har.

Per 31.12.2011 var det 15 ordinært tilsette ved Origod AS.

Økonomisk utvikling (omsetning, resultat, resultatgrad, utbyte til fylkeskommunen for rekneskapsåret 2011, økonomiske nøkkeltal samanlikna med året før)

(1000 kroner)	2009	2010	2011
Sum inntekt	24 484	23 317	20 880
Resultat etter skatt	1049	190	-129
Totalkapitalrentabilitet	7 %	3 %	2 %
Sjølvfinansiering i % av Langsiktig gjeld	26 %	17 %	14 %
Arbeidskapital i % av driftsinntekter	9 %	10 %	8 %
Eigenkapitalprosent:	55 %	56 %	55 %

Selskapet har eit underskot i 2011 på 129 364 kr som vert dekka av eigenkapitalen. Likviditeten/arbeidskapitalen i 2011 er tilfredsstillande.

Aktuelle planar og utsikter for dei komande åra

Origod har same rammeavtaler med NAV Sogn og Fjordane i 2012 som dei hadde i 2011.

NOU'en om arbeidsretta tiltak vil truleg vere ein viktig premissleverandør for korleis skjerma sektor skal organiserast og driftast i framtida. Styret og administrasjon ved Origod vil ha stor merksemd på handaminga av Nou'en.

Noko av det viktigaste vil vere å minst oppretthalde dagens nivå som leverandør av attførings- og kvalifiseringstenester til NAV Sogn og Fjordane, jf. selskapet sitt føremål. Det er venta god aktivitet på alle områder som Origod leverer produksjon og tenesteyting til. Origod har fått godkjening som tiltaksarrangør for tiltak i skjerma verksemd av NAV Sogn og Fjordane for perioden 2009 t.o.m. 2014.

EQUASS-resertifisering vert gjennomført i 2012.

Mål for fylkeskommunen sin eigarskap i selskapet

Som aksjeeigar å støtte opp om selskapet si verksemd.

Er fylkeskommunal eigarskap framleis føremålstenleg?

Selskapet er ein arbeidsmarknadsbedrift som har tett kontakt med NAV og oppfyller såleis ikkje fylkeskommunen sine kriterium for å gå inn/sitje som eigar. Samfunnsmessige omsyn tilseier likevel at fylkeskommunen held fram som eigar.

Tilråding: Vidareføre eigarskapen

Sogneprodukt AS

Adresse: Postboks 13, 6891 Vik i Sogn
 Tlfnr: 57 69 83 40
 E-post: post@sopro.no

Styret

Stig Roar Hovland (leiar), Lasse Sælthun (nestleiar), Janne Aalien, Arne Hovland, Astrid Hove, Jan Fjell og Nils Magnar Feten.

Styregodtgjersler m.v.

- Godtgjersle til styreleiaren: 22 000
- Godtgjersle til andre styremedlemer: kr 13 285
- Andre godtgjersler/gode til styremedlemer: Ingen
- Løn til dagleg leiar i selskapet: kr 791 925

Revisor

Deloitte AS

Fylkeskommunal eigardel

Eigarprosent: 27 Aksjane sin pålydande verdi: kr 150 000

Andre eigarar er åtte kommunar (Vik kommune størst med 22,6 % av aksjane), seks sparebankar lokalisert i Sogn og Norges Handikapforbund.

Fylkeskommunalt lån eller garanti

Ingen.

Formål, marknad, kundar, aktivitet mv.

Verksemda er ei attføringsbedrift som har ein rammeavtale med NAV Sogn og Fjordane. Selskapet skal drive avklaring og kvalifisering med sikte på formidling til ordinært arbeidsliv eller utdanning. Verksemda skal også i avgrensa omfang gje tilbod om varig sysselsetting for personar som ikkje er aktuelle for den opne arbeidsmarknaden eller for andre sysselsettingstiltak.

Viktige hendingar i 2011

Sogneprodukt har rammeavtale med NAV Sogn og Fjordane, og i 2011 har det vore tett kontakt med kvart enkelt NAV-kontor.

Sogneprodukt er underleverandør i Sogn av tenester i samband med oppfølging av mellom anna sjukmelde arbeidstakrar. Origod vart tildelt kontrakten, men samarbeider med mellom anna Sogneprodukt om leveringa. Det har vore større aktivitet i 2011 enn i 2010.

I 2011 gjekk seks personar opp til prøve som lærekandidatar, og alle besto prøven. Ved utgangen av 2011 hadde Sogneprodukt 14 personar på opplæringskontrakt.

Selskapet hadde 21 fast tilsette i 2011, og av desse arbeider 15 med attføring og administrasjon. Inkludert alle deltarar/tilsette på ulike tiltak ligg selskapet på rundt 100 personar.

Sogneprodukt er ei IA-verksemd og ny avtale vart inngått i januar 2011.

På generalforsamling i 2012 bytte selskapet namn frå Sogneprodukter til Sogneprodukt, slik at namnet på selskapet vert likt namnet i logoen. Vedtekten vart endra som følgje av dette.

Den 21. oktober var det 35 år sidan den offisielle opninga av bedrifta, og dette vart feira av tilsette og styret i lag.

Økonomisk utvikling (omsetning, resultat, resultatgrad, utbyte til fylkeskommunen for rekneskapsåret 2011, økonomiske nøkkeltal samanlikna med året før)

(1000 kroner)	2009	2010	2011
Sum inntekt	29 353	32 100	29 338
Resultat etter skatt (overskot)	-1 623	2 447	876
Totalkapitalrentabilitet	-6 %	9 %	3 %
Sjølvfinansiering i % av Langsiktig gjeld	0 %	-	-
Arbeidskapital i % av driftsinntekter	41 %	45 %	43 %
Eigenkapitalprosent:	81 %	85 %	87 %

Selskapet har god soliditet og likviditet.

Aktuelle planar og utsikter for dei komande åra

Rammevilkåra er i endring, og kva som kjem ut av Brofoss-utvalet si innstilling (NOU for arbeidsretta tenester) er ikkje kjent. Uansett er godt samarbeid med NAV Sogn og Fjordane og dei lokale NAV-kontora avgjerande for at Sogneprodukt skal lukkast.

Sogneprodukt ønskjer å ha tenlege lokale og godt arbeidsmiljø. Garderobane er oppussa i Vik. Kaupanger står for tur i 2012. Vidare skal selskapet jobbe målretta for å ha oppdaterte IT-verktøy og mobiltelefonar.

Mål for fylkeskommunen sin eigarskap i selskapet

Fylkeskommunen har ønske om å støtte opp om selskapet sine mål.

Er fylkeskommunal eigarskap framleis føremålstenleg?

Selskapet er ei arbeidsmarknadsbedrift som har tett kontakt med NAV og oppfyller såleis ikkje fylkeskommunen sine kriterium for å gå inn/sitje som eigar. Samfunnsmessige omsyn tilseier likevel at fylkeskommunen held fram som eigar.

Tilråding: Vidareføre eigarskapen

ANDRE OPPGÅVER

Kommunekraft AS

Adresse: Postboks 1148, Sentrum, 0104 Oslo
 Tlfnr: 99 11 99 00
 E-post: kb@lundogco.no

Styret:

Arvid Lillehauge (leiar), Magnar Lussand, Kjell Idar Juvik og Torhild Bransdal og Solveig Sundbø Abrahamsen.

Styregodtgjersler m.v.

- Godtgjersle til styreleiaren: kr 15 000
- Godtgjersle til andre styremedlemer: Ingen
- Andre godtgjersler/gode til styremedlemer: Ingen
- Løn til dagleg leiar i selskapet: Det er ingen dagleg leiar i selskapet. Administrasjonsoppgåver vert ivaretatt av arbeidande styreleiar og advokatane Stein Erik Stinessen og Caroline Lund i Advokatfirmaet Lund & Co DA.

Revisor

Beckman Lundevall Revisjon AS

Fylkeskommunal eigardel

Eigarprosent: 0,31 Aksjane sin pålydande verdi: kr 1 000

Totalt er det 127 primærkommunar og 8 fylkeskommunar på eigarsida. LVK (Landssamanslutninga av Vasskraftkommunar) er største eigar med 58 % av aksjane

Fylkeskommunalt lån eller garanti

Ingen.

Formål, marknad, kundar, aktivitet mv.

Selskapet sitt formål er å formidle tilgjengeleg konsesjonskraft på vegne av deltagande kommunar og fylkeskommunar til best muleg kommersielle vilkår.

Viktige hendingar i 2011

Kommunekraft formidla i 2011 forvaltningsavtalar om konsesjonskraftrettar i marknaden til fleire kommunar, inkludert Sogn og Fjordane fylkeskommune, med ein samla konsesjonskraftmengde på i overkant av 700 GWh. Det er no inngått totalt 14 forvaltningsavtalar.

Erfaringa frå 2011 er at stadig fleire kommunar viser interesse for desse forvaltningsavtalane. I pressemelding frå desember 2011 underretta Olje- og energidepartementet om vedtak av konsesjonskraftprisen for 2012, sett til 10,79 øre/kWh, ein auke frå 2011 med 0,11 kWh.

Kraftprisane i 2011 gjekk noko ned samanlikna med 2010. Systemprisen for 2011 er likevel den fjerde høgste som er notert på Nord Pool Spot sidan 1998.

Kommunekraft og LVK avholdt seminar om konsesjonskraft i Oslo i mai 2011. Føremålet med kurset var å gje ei brei orientering om reglar og mulegheiter ved uttak, bruk og sal av konsesjonskraft.

Økonomisk utvikling (omsetning, resultat, resultatgrad, utbyte til fylkeskommunen for rekneskapsåret 2011, økonomiske nøkkeltal samanlikna med året før)

(1000 kroner)	2009	2010	2011
Sum inntekt	761	2 423	1 923
Resultat etter skatt	-255	1 151	543
Totalkapitalrentabilitet	-30 %	82 %	28 %
Sjølvfinansiering i % av Langsiktig gjeld	0 %	-	-
Arbeidskapital i % av driftsinntekter	58 %	66 %	111 %
Eigenkapitalprosent:	53 %	67 %	72 %

Endra bokføringsprinsipp førde til ein mellombels auke i inntektene i 2010 på 1 451 384 kr. Selskapet har god lønsemid, god soliditet og likviditet.

Aktuelle planar og utsikter for dei komande åra

Ikkje opplyst.

Mål for fylkeskommunen sin eigarskap i selskapet

Kommunekraft bidreg til å optimalisere avkastninga på konsesjonskraftrettane, og er såleis eit strategisk viktig selskap for fylkeskommunen.

Er fylkeskommunalt eigarskap framleis føremålstenleg?

Fylkeskommunen sin eigarskap er svært liten, 0,31 %. LVK (Landssamanslutninga av Vasskraftkommunar) er største eigar med 58 % av aksjane. Sidan fylkeskommunen er medlem i LVK vil fylkeskommunen også kunne nyte godt av Kommunekraft sine tenester utan å vere aksjeeigar. Fylkeskommunen nyttar no selskapet aktivt i samband med konsesjonskraftrettane, og ser derfor ingen grunn til å ikkje vidareføre eigarskapen i selskapet.

Tilråding: Vidareføre eigarskapen

Sogn og Fjordane Revisjon IKS

Adresse: Askedalen 2, 6863 Leikanger
 Tlfnr: 57 65 61 00
 E-post: post@sf-revisjon.no

Styret

Arne Hovland (leiar), Lars Sjøthun (nestleiar), Per Kjøllesdal, Gro Starheimseter, Bergljot Buskaker.

Styregodtgjersler m.v.

- Godtgjersle til styreleiaren: kr 45 150 pr. år.
- Godtgjersle til andre styremedlemer og representantskapsmedlemer: kr 1 100 pr. møte.
- Godtgjersle til leiaren i representantskapet: kr 14 710 pr. år.
- Andre godtgjersler/gode til styremedlemer: Ingen.
- Løn til dagleg leiar i selskapet: kr 704 600.

Revisor

Kommunerevisjonen i Ytre Sogn og Sunnfjord

Fylkeskommunal eigardel

Eigarprosent: 42 Eigardel: kr 480 000

Fylkeskommunen eig selskapet saman med åtte kommunar og har betalt inn kr 480 000 i selskapet.

Fylkeskommunalt lån eller garanti

Ingen.

Formål, marknad, kundar, aktivitet mv.

Selskapet sitt formål er å dekkje deltakarane sine behov innan finansiell revisjon og selskapskontroll samt attestasjonsoppdrag og yte slike tenester til kommunale føretak, interkommunalt samarbeid og interkommunale selskap tilhøyrande deltakarane. I tillegg kan selskapet yte forvaltningsrevisjon til deltakarane basert på særskilte avtalar eller rammeavtalar.

Viktige hendingar i 2011

Styret har arbeidd med utarbeiding av ny strategiplan for selskapet. Det er gjennomført kvalitetssikring av dei tenestene selskapet leverer. Det har mellom anna vore bestilt ei kartleggingsundersøking knytt til revisjonskostnader i kommunar og fylkeskommunar. Prosjektet vart gjennomført av Vestlandsforsking etter ein anbodsrounde.

Vidare har selskapet sett i gong effektiviseringstiltak for å få revisjon av kommunane ferdig innan fristen 15. april. Det har vore kompetanseheving både knytt til revisjonsstandardar og dataprogramvare.

Økonomisk utvikling (omsetning, resultat, resultatgrad, utbyte til fylkeskommunen for rekneskapsåret 2011, økonomiske nøkkeltal samanlikna med året før)

(1000 kroner)	2009	2010	2011
Sum inntekt	5 988	6 295	5 398
Resultat etter skatt	-184	676	-261
Totalkapitalrentabilitet	-5 %	21 %	-7 %
Sjølvfinansiering i % av Langsiktig gjeld	0 %	-	-
Arbeidskapital i % av driftsinntekter	33 %	37 %	40 %
Eigenkapitalprosent:	71 %	78 %	74 %

Selskapet sitt rekneskap viser eit underskot på 0,3 mill. kr i 2011. Av overskotet frå 2010 vart det avsett 0,6 mill. kr for å møte kostnadene knytt til eit konkret prosjekt samt større IT-omleggingar. Underskotet for 2011 må såleis sjåast i samanheng med dette. Selskapet har ikkje som mål å tene pengar, slik at lønsemada sjølvsgart vert påverka av dette.

Selskapet har god likviditet og soliditet.

Aktuelle planar og utsikter for dei komande åra

Våren 2011 utarbeida styret strategiplan for perioden 2011 til 2015. Eit av dei viktigaste grepene i den nye strategiplanen er å få utvida kundemarknaden til selskapet for på lengre sikt å kunne redusere revisjonskostnadene for eigarane.

Slik selskapet er organisert i dag, som eit interkommunalt selskap, kan SF Revisjon ikkje revidere selskap som er organisert som aksjeselskap. Det er derfor oppretta eit datterselskap, Sogn Revisjon AS, som kan revidere aksjeselskap, t.d. selskap eigd av eigarane. Selskapet vil kunne vere med på å sikre inntekter og kompetanse også framover.

Mål for fylkeskommunen sin eigarskap i selskapet

Fylkeskommunen sitt mål er å få dekka sitt nødvendige behov for revisjonstenester mv. på best muleg måte.

Er fylkeskommunal eigarskap framleis føremålstenleg?

Fylkeskommunen ønskjer å revurdere fordelinga av kostnadene mellom partane i selskapet, ut frå at fylkeskommunen betalar høvesvis meir enn dei andre deltagarane i selskapet, jf. FT-sak 10/11.

Etter oppdrag frå fylkesutvalet har fylkesrådmannen dei to siste åra vore i dialog med einskildkommunar og kommunane samla for å få til ein endra fordelingsnøkkelen. Dette har ikkje lukkast.

I sak 101/12 vedtok fylkesutvalet å varsle utmelding i SF Revisjon AS innan fristen for slik varsling. I samsvar med § 12 i selskapsavtalen av 25.9.2008 er dette varselet sendt alle eigarkommunane innan varslingsfristen 30.9.2012. Ein eventuell oppseiing vil kunne skje før oppseiingsfristen 31.12.2012.

Fylkeskommunen opnar for drøftingar for å kome fram til ny fordeling av kostnadene. Dette vil kunne føre til at fylkeskommunen likevel vil halde fram som medeigar.

Tilråding: Fylkestinget stadfester varsel om utmelding av SF Revisjon IKS.

Trivselshagen IKS

Adresse: Grandavegen 9, c/o Gloppen kommune, 6823 Sandane
 Tlfnr: 57 88 38 00
 E-post: anniken.rygg@gloppen.kommune.no

Styret

Jan-Kjetil Øygard(leiar), Inger-Marie Sande (nestleiar), Ragnhild Eimhjellen og Harald Offerdal.

Etter representantskapsmøtet i april 2012 er styret sett saman slik: Jan-Kjetil Øygard (leiar), Ragnhild Eimhjellen (nestleiar), Inger-Marie Sande, Svein Hågård.

Representantar utpeikt av fylkeskommunen: Inger-Marie Sande og Svein Hågård.

Styregodtgjersler m.v.

- Godtgjersle til styreleiaren: Ingen
- Godtgjersle til andre styremedlemer: Ingen
- Andre godtgjersler/gode til styremedlemer: Ingen
- Løn til dagleg leiar i selskapet: 650 000, 50 % som dagleg leiar, 50 % som prosjektleiar.

Revisor

Kommunerevisjonen i Nordfjord.

Fylkeskommunal eigardel

Eigarprosent: 50 Eigardel: kr 47,1 mill.

Fylkeskommunen eig selskapet saman med Gloppen kommune og har skote inn kr 47,1 mill. i selskapet.

Fylkeskommunalt lån eller garanti

Ca kr 29,6 mill. kr som er fylkeskommunen sin del av selskapet si langsiktige gjeld

Formål, marknad, kundar, aktivitet mv.

Selskapet sitt formål er å planleggje, byggje, eige og drive felles bygningsanlegg til undervisningsareal for Firda vidaregåande skule, og å skaffe skulane og lokalsamfunnet i Gloppen kultursal, symjehall, idrettshall m.v. i samsvar med vedtatt funksjonsplan.

Viktige hendingar i 2011

Styret har i 2011 arbeidd med gjennomføring av byggjeprosjektet "Idrett del 1". Romprogrammet i dette byggjesteget inneholdt ny symjehall, treningsenter, skule- og undervisningsareal m.v. Prosjektet er organisert med eiga prosjekteringsgruppe, leia av Nordplan v/arkitekt Torbjørn Sefland. I august 2010 vart det inngått generalentreprise med Veidekke Entreprenør AS.

Prosjektet har møtt mange utfordringar, og har av ulike årsakar hatt vanskar med å halde framdrift. Ny dato for ferdigstilling vart sett til 1. juni 2012. Utfordringar i prosjektet er særleg knytt til grunntilhøve på tomta og rehabiliteringstiltaka i Firdahallen.

Siste byggjesteg for Trivselshagen IKS er idrett del 2; storhallen. Eigarane har i samråd med brukargruppa vedteke å justere romprogrammet i høve til val av banedekke i storhallen.

Økonomisk utvikling (omsetning, resultat, resultatgrad, utbytte til fylkeskommunen for rekneskapsåret 2011, økonomiske nøkkeltal samanlikna med året før)

(1000 kroner)	2009	2010	2011
Sum inntekt	10 216	12 033	5 829
Resultat etter skatt	96	94	326
Totalkapitalrentabilitet	1 %	1 %	1 %
Sjølvfinansiering i % av Langsiktig gjeld	12 %	12 %	4 %
Arbeidskapital i % av driftsinntekter	278 %	159 %	82 %
Eigenkapitalprosent:	81 %	81 %	62 %

Rekneskapet består av driftsrekneskap, investeringsrekneskap og balanse. Rekneskapet er avgått etter kommunale rekneskapsprinsipp. Ved utrekning av økonomiske nøkkeltal er driftsrekneskap og investeringsrekneskap slått sammen.

Selskapet har svak lønnsemd, god likviditet og soliditet. Overskotet i 2011 på 0,3 mill. kr og er avsett til disposisjonsfond.

Aktuelle planar og utsikter for dei komande åra

Prosjekteringsgruppa v/Nordplan leverte like før årsskiftet framlegg til tilbodsgrunnlag til utlysing av konkurranse om totalentreprise for utbygging av storhallen.

Mål for fylkeskommunen sin eigarskap i selskapet

Målet er at fylkeskommunen skal få dekka behovet for areal for Firda vidaregåande skule

Er fylkeskommunal eigarskap framleis føremålstenleg?

Fylkeskommunen eig halvparten av selskapet saman med Gloppen kommune. Eigarskapen i selskapet er grunngjeve ut frå at tiltaket er nødvendig for at fylkeskommunen skal få dekka behovet for areal til Firda vidaregåande skule.

Tilråding: Vidareføre eigarskapen

Kommunal Landspensjonskasse (KLP)

Adresse: Postboks 1733 Vika, 0121 Oslo
 Tlf.nr: 22 03 35 00
 E-post: klp@klp.no

Styret

Arne Øren (leiar), Finn Jebsen (nestleiar), Marit Torgersen, Liv Kari Eskeland, Herlof Nilssen, Jan Helge Gulbrandsen, Freddy Larsen og Siv Holland.

Om selskapet

Kommunal Landpensjonskasse er eit gjensidig selskap, og har ikkje eigarar i tradisjonell forstand, men selskapsmedlemer. Selskapsmedlemene er alle kundar som har offentleg tenestepensjon i selskapet. KLP sine kundar og selskapsmedlemer er kommunar, fylkeskommunar, helseføretak og sjølvstendige verksemder som er knytt til offentleg sektor.

Selskapet sitt formål er å ivareta medlemenes behov for tenestepensjonsordningar. Selskapet kan også enten sjølv eller gjennom deltaking i andre selskap tilby andre pensjons- og forsikringsprodukt, og kan delta i eller drive verksemd som naturleg heng saman med forsikringsverksemd og anna verksemd som er tillate for livforsikringsselskap, her også administrasjon og forvaltning av pensjonskasser.

Fylkeskommunalt medlemskap

Sogn og Fjordane fylkeskommune har tenestepensjon i KLP. Som medlem i KLP pliktar fylkeskommunen å betale eigenkapitaltilskot i den grad det er nødvendig for å gi KLP tilfredsstillande soliditet. I fylkeskommunen sin rekneskap for 2011 står eigenkapitalinnskot i KLP oppført med ein verdi på 13,8 mill. kr. Innbetalt eigenkapitalinnskot i 2011 er 1,3 mill. kr og for 2012 er det innbetalt 1,4 mill. kr.

Ved ei eventuell utmelding av KLP er det fylkeskommunen sin del av selskapet sitt oppsamla eigenkapitalinnskot som vert utbetalt. Pr 31.12.2011 var fylkeskommunen sin del på om lag 14,5 mill. kr.

2. Stiftingar som fylkeskommunen er opprettar av

Generelt

Fylkeskommunen er med som opprettar, eller liknande, i 17 stiftingar, desse er i kronologisk rekjkjefolgja oppretta i tida 1963-2010:

Stiftinga Singerheimen
 Bustadstiftinga ved fylkessjukehuset i Lærdal
 Bustadstiftinga ved fylkessjukehuset på Nordfjordeid
 Bustadstiftinga ved Sentralsjukehuset Sogn og Fjordane
 Stiftinga Sogn og Fjordane Næringsutvikling
 Stiftinga Førde Internasjonale Folkemusikkfestival
 Stiftinga Vestlandsforskning
 Stiftinga Røde Kors Nordisk United World College
 Stiftinga Nynorsk Kultursentrum
 Stiftinga Langvin
 Stiftinga Vestnorsk Jazzsenter
 Stiftinga Balejazz
 Stiftinga Sogn og Fjordane Kunstmuseum
 Stiftinga Norsk Country-Treff
 Stiftinga Nærøyfjorden Verdsarvpark
 Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane
 Stiftinga Norsk Kvernsteinsenter

Sjå nærmere omtale av kvar stifting nedanfor.

Det spesielle ved ei stifting, i motsetning til eit aksjeselskap, er at ho er sjølveigande, det vil seie at ho er eigarlaus.

Fylkeskommunen sitt ansvar for stiftingane er å velje styremedlemer eller medlemer til eventuelt representantskap, og å gi fråsegn til forslag frå styret om omdanning. Fylkeskommunen har ikkje mynde til å instruere styremedlemene. Fylkeskommunen har ikkje plikt til å yte driftstilskot eller anna tilskot til stiftingane dersom dette ikkje er særskilt avtala.

Ein del av stiftingane har gjennom åra fått faste tilskot frå fylkeskommunen. Ønsket om å få faste tilskot synest å ligge bak oppmodinga om å få fylkeskommunen med som opprettar. For tre av stiftingane dekkjer fylkeskommunen utgiftene for våre medlemer i møta i styret eller representantskapet.

Det kjem av og til spørsmål om fylkeskommunen kan gå ut or ei stifting eller overføre stiftinga til andre. Ei stifting kan ikkje førast over til nokon, sidan ho eig seg sjølv. Når ei stifting er oppretta har opprettaren ikkje lenger ráderett over formuesverdiane som er overført til stiftinga, jf. stiftlingslova § 3. Fylkeskommunen kan difor ikkje overføre ei stifting til andre.

Fylkeskommunen kan ikkje gå ut som opprettar av ei stifting. Ei stifting er oppretta ein gong for alle med dei opprettarane som var med på opprettingstidspunktet.

For å ”kome seg ut or” ei stifting er det oppheving som er vegen å gå. Som opprettar har fylkeskommunen rett til å søkje om at Stiftelsestilsynet opphevar stiftinga. Dersom der er andre opprettarar, eller det er styret som søker om oppheving, har fylkeskommunen som opprettar hove til å uttale seg til opphevinga. For å få ei stifting oppheva må ein del vilkår vere oppfylt, jf.

stiftingslova § 46, der krava m.a. er at stiftinga er blitt unyttig, at den ikkje lenger oppfyller formålet med stiftinga, eller at ho er blitt openbert ufornuftig.

Dersom Stiftingstilsynet vedtek oppheving av stiftinga, skal tilsynet velje eit avviklingsstyre. Stiftinga sine eignelutar skal omgjerast i pengar for å dekke alle forpliktingar. Det som er att etter at kreditorane har fått sitt skal brukast på ein måte som samsvarar med stiftinga sitt formål. På dette stadiet kan det endeleg vere ein sjanse for å selje eventuelle eigedomar som hørde til stiftinga.

Fylkesrådmannen har oppdaga at for eit par av stiftingane (Stiftinga Nynorsk Kultursentrum og Stiftinga Vestnorsk Jazzsenter) er situasjonen at fylkeskommunen ikkje var med som opprettar då stiftinga i si tid vart oppretta. Fylkeskommunen er komen med etterpå etter særskilt invitasjon som ein slags medlem, men er gitt status som opprettar. Det er i strid med stiftingslova å ta inn medlemer eller nye opprettarar på denne måten. Fylkesrådmannen har teke dette opp med Stiftelsestilsynet, men tilsynet viser til at det er stiftingane sitt ansvar å syte for at vedtektena er i samsvar med stiftingslova og elles syte for at lova vert etterlevd. Tilsynet vil difor ikkje ta opp desse sakene. Desse stiftingane kan fylkeskommunen formelt sett gå ut or dersom det er ønskjeleg.

Fylkeskommunen er åleine som opprettar i fem av stiftingane, dette er dei tre bustadstiftingane, Stiftinga Sogn og Fjordane Næringsutvikling og Stiftinga Vestlandsforskning. Dette medførde til å byrje med at særleg bustadstiftingane meir eller mindre vart rekna som ein del av fylkeskommunen, m.a. slik at fylkeskommunen førde rekneskapen, sytte for forsikring og vedlikehald av bygningar og fylkesrevisjonen var revisor. Denne praksisen vart endra ut på 1990-talet då fylkeskommunen vart meir bevisst på den rettslege statusen til ei stifting. Denne situasjonen galdt også Stiftinga Singerheimen sjølv om fylkeskommunen ikkje var opprettar, på grunn av det nære forholdet mellom stiftinga og Nordfjord sjukehus.

Fylkeskommunen er også involvert i ein del stiftingar utan å vere opprettar, m.a. Stiftinga Sogn Folkemuseum, Stiftinga Sunnfjord Folkemuseum, Stiftinga Nordfjord Folkemuseum, Stiftinga Kystmuseet , Stiftinga Svanhild og Karl Eggums Legat. Fylkeskommunen si oppgåve har her vore å velje ein styremedlem og å gi driftstilskot eller andre tilskot. Denne situasjonen er no endra for dei fire førstnemnde musea etter konsolideringa og opprettinga av Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane i januar 2009.

Omtale av dei enkelte stiftingane

Stiftinga Singerheimen

Adresse: 6788 Olden
Tlfnr: 57 87 31 06
E-post: post@singerheimen.no

Oppretta

Den 31.7.1963

Opprettar

Anna Brugh Singers dødsbu.

Type stifting

Alminneleg stifting,

Føremål

Ta vare på og drive på ein verdig måte egedomen Dahlheim som ein kulturinstitusjon. Ved utleige skal ein prioritere tilsette ved sjukehusa i Sogn og Fjordane.

Grunnkapital

Kr 2 500 000 som er verditaksten av den innskotne egedomen.

Styret

Gunnvor Sunde, leiar, Inger Hoff, Margunn Skarstein, Jostein Fredheim og Gerd Dvergsdal.

Tilskot frå fylkeskommunen

Årleg tilskot etter søknad. I 2011: kr 250 000.

Fylkeskommunen sitt ansvar

Hovudutval for kultur vel heile styret.

Merknad

Fylkeskommunen er ikkje opprettar av denne stiftinga. Stiftinga vart oppretta ved at egedomen Dahlheim vart overført til stiftinga frå Anna Brugh Singers dødsbu. Styret skulle vere identisk med styret for Nordfjord sjukehus. Egedomen skulle brukast som rekonesentheim for sjukehuset sine pasientar og for sjukepleiarane ved sjukehuset. Vedtekten vart etter forslag frå styret vesentleg endra i 1999 og 2001. Tidlegare vart egedomen i praksis handsama som ein fylkeskommunal institusjon pga det historisk nære forholdet mellom egedomen og Nordfjord sjukehus. Stiftinga er fortsatt avhengig av faste tilskot frå fylkeskommunen.

Fylkeskommunen vel dei fem styremedlemene, og Stryn kommune har høve til å foreslå to av medlemene dersom kommunen yter faste tilskot til stiftinga.

Fylkesutvalet har høve til å gi fråsegn dersom styret vedtek oppløysing av stiftinga.

Bustadstiftinga ved fylkessjukehuset i Lærdal

Adresse: Lærdal sjukehus – Helse Førde, 6887 Lærdal.
Tlfnr: 902 02 893
E-post: kare.mentz.lysne@helse-forde.no

Det er vedteke å endre namnet til Bustadstiftinga ved sjukehuset i Lærdal, jf. FU-sak 166/10. Endringa er enno ikkje meldt Stiftelsestilsynet.

Oppretta

Den 9.1.1969.

Opprettar

Fylkeskommunen.

Type stifting

Næringsdrivande stifting.

Føremål

Skaffe tomtegrunn og byggje bustadar for utleige til personalet ved fylkessjukehuset.

Grunnkapital

Kr 7 563 135 som omfattar verdien av dei innskotne eigedomane. Det er vedteke å endre grunnkapital til 5 069 313, jf. FU-sak 166/10. Endringa er enno ikkje meldt Stiftelsestilsynet.

Styret

Ivar Kvalen, Arne Hovland og Brita Einemo.

Tilskot frå fylkeskommunen

Ingen.

Fylkeskommunen sitt ansvar

Fylkesutvalet vel heile styret

Merknader

Fylkeskommunen har ikkje lenger bruk for denne stiftinga etter at ansvaret for dei tilsette ved sjukehusa er overteke av Helse Førde. For å ”kome seg ut or” ei stifting er det oppheving som er vegen å gå. Som opprettar har fylkeskommunen rett til å søkje om at Stiftelsestilsynet opphevar stiftinga. I vedtekten står dessutan at styret med 2/3 fleirtal kan tilrå oppheving av stiftinga, og at fylkesutvalet då skal gi fråsegn. For at Stiftelsestilsynet skal vedta ei oppheving vert det kravd at eitt av fleire vilkår er oppfylt, m.a. at grunnlaget for opprettinga eller at vedtekten ikkje let seg etterleve, er openbart unyttig eller uheldig, eller er i strid med formålet med opprettinga. Det spørslag om dette kan hevdast å vere tilfelle her, for dei tilsette ved sjukehusa treng fortsatt husværa,

sjølv om fylkeskommunen sitt behov ikkje er der lenger. Dette vert det opp til Stiftelsestilsynet å avgjere.

Ein anna veg å gå kan vere at fylkeskommunen søker om vedtektsendring slik at det vert Helse Førde som skal velje styret. Fylkeskommunen vil då ikkje lenger ha noko ansvar. Ei slik vedtektsendring kan vere lettare å få godkjent av Stiftelsestilsynet enn ei oppheving av stiftinga.

Stiftinga har sidan Helse Førde overtok sjukehusa den 1.1.2002 leigt ut bustadmassen til Helse Førde. Helse Førde er leigd inn i funksjonen som dagleg leiar/forretningsførar.

Bustadstiftinga ved fylkessjukehuset på Nordfjordeid

Adresse: Postboks 10, 6771 Nordfjordeid
 Tlfnr: 415 30 489
 E-post: per.scott.olsen@helse-forde.no

Oppretta

Den 28.4.1970.

Opprettar

Fylkeskommunen.

Type stifting

Næringsdrivande stifting.

Føremål

Skaffe tomtegrunn og byggje bustadar for utleige til personalet ved fylkessjukehuset.

Grunnkapital

Kr 3 332 936 som omfattar verdien av dei innskotne eigedomane.

Styret

Olaug Solheim Rotihaug (leiar), Gunn Karin Sande og Lars-Svein Drabløs.

Tilskot frå fylkeskommunen

Ingen.

Fylkeskommunen sitt ansvar

Fylkesutvalet vel heile styret

Merknader

Fylkeskommunen har ikkje lenger bruk for denne stiftinga etter at ansvaret for dei tilsette ved sjukehusa er overteke av Helse Førde. For å ”kome seg ut or” ei stifting er det oppheving som er vegen å gå. Som opprettar har fylkeskommunen rett til å søkje om at Stiftelsestilsynet opphevar

stiftinga. I vedtektene står dessutan at styret med 2/3 fleirtal kan tilrå oppheving av stiftinga, og at fylkesutvalet då skal gi fråsegn. For at Stiftelsetilsynet skal vedta ei oppheving vert det kravd at eitt av fleire vilkår er oppfylt, m.a. at grunnlaget for opprettinga eller at vedtektene ikkje let seg etterleve, er openbart unyttig eller uheldig, eller er i strid med formålet med opprettinga. Det spørst om dette kan hevdast å vere tilfelle her, for dei tilsette ved sjukehusa treng fortsatt husværa, sjølv om fylkeskommunen sitt behov ikkje er der lenger. Dette vert det opp til Stiftelsetilsynet å avgjere.

Ein anna veg å gå kan vere at fylkeskommunen søker om vedtektsendring slik at det vert Helse Førde som skal velje styret. Fylkeskommunen vil då ikkje lenger ha noko ansvar. Ei slik vedtektsendring kan vere lettare å få godkjent av Stiftelsetilsynet enn ei oppheving av stiftinga.

Stiftinga har sidan Helse Førde overtok sjukehusa den 1.1.2002 leigt ut bustadmassen til Helse Førde. Helse Førde er leid inn i funksjonen som dagleg leiar/forretningsførar.

Bustadstiftinga ved Sentralsjukehuset Sogn og Fjordane

Adresse: Sentralsjukehuset i Førde – Helse Førde, 6807 Førde
 Tlfnr: 57 83 90 39
 E-post: kjell.lien@helse-forde.no

Oppretta

Den 8.7. 1975.

Opprettar

Fylkeskommunen.

Type stifting

Næringsdrivande stifting.

Føremål

Skaffe tomtegrunn og byggje bustadar for utleige til personalet ved sentralsjukehuset.

Grunnkapital

Kr 52 166 729 som omfattar verdien av dei innskotne eigedomane.

Styret

Ivar Svensøy, leiar, Bjørg Bergheim, Oddveig Birkeland og Jan Taule.

Tilskot frå fylkeskommunen

Ingen.

Fylkeskommunen sitt ansvar

Fylkesutvalet vel heile styret

Merknader

Fylkeskommunen har ikkje lenger bruk for denne stiftinga etter at ansvaret for dei tilsette ved sjukehusa er overteke av Helse Førde. For å ”kome seg ut or” ei stifting er det oppheving som er vegen å gå. Som opprettar har fylkeskommunen rett til å søkje om at Stiftelsetilsynet opphevar stiftinga. I vedtekten står dessutan at styret med 2/3 fleirtal kan tilrå oppheving av stiftinga, og at fylkesutvalet då skal gi fråsegn. For at Stiftelsetilsynet skal vedta ei oppheving vert det kravd at eitt av fleire vilkår er oppfylt, m.a. at grunnlaget for opprettinga eller at vedtekten ikkje let seg etterleve, er openbert unyttig eller ueheldig, eller er i strid med formålet med opprettinga. Det spørst om dette kan hevdast å vere tilfelle her, for dei tilsette ved sjukehusa treng fortsatt husværa, sjølv om fylkeskommunen sitt behov ikkje er der lenger. Dette vert det opp til Stiftelsetilsynet å avgjere.

Ein anna veg å gå kan vere at fylkeskommunen søker om vedtektsendring slik at det vert Helse Førde som skal velje styret. Fylkeskommunen vil då ikkje lenger ha noko ansvar. Ei slik vedtektsendring kan vere lettare å få godkjent av Stiftelsetilsynet enn ei oppheving av stiftinga.

Stiftinga har sidan Helse Førde overtok sjukehusa den 1.1.2002 leigt ut bustadmassen til Helse Førde. Helse Førde er leigd inn i funksjonen som dagleg leiar/forretningsførar.

Stiftinga Sogn og Fjordane Næringsutvikling

Adresse: Mentor AS, postboks 200, 6801 Førde
 Tlfnr: 90 52 22 35
 E-post: gitle.sande@mentor.no

Oppretta

Den 1.7.1988

Opprettar

Fylkeskommunen.

Type stifting

Næringsdrivande stifting.

Føremål

Å forvalte verdiane i stiftinga på ein slik måte at midlane kan brukast til å fremje næringsutvikling og nyskapning i fylket.

Grunnkapital

Kr 200 000

Styret

Odd Inge Hillestad, styreleiar, John Bjarne Hjelmeland og Åshild Kjelsnes.

Tilskot frå fylkeskommunen

Ingen.

Fylkeskommunen sitt ansvar

Hovudutval for plan og næring vel heile styret

Stiftinga Førde Internasjonale Folkemusikkfestival

Adresse: Postboks 395, 6801 Førde
Tlfnr: 57 72 19 40
E-post: info@fordefestival.no

Oppretta

Den 14.3.1992

Opprettar/opprettarar

Fylkeskommunen, Førde kommune, Førde Næringsutvikling, Landslaget for spelemenn, Sogn og Fjordane Folkemusikkklag, Førde Ungdomslag og Indre Sunnfjord Spelemannslag.

Type stifting

Alminneleg stifting.

Føremål

Å gjennomføre eit internasjonalt folkemusikkfestspel kvart år i Førde som skal ha folkemusikk og folkedans som hovudinhald.

Grunnkapital

Kr 100 000.

Styret

Kristin Hille Valla (styreleiar), Margrethe Henden Aaras (nestleiar), Jens Brekke, Mari Andrea Ness, Ivar Svensøy, Eva Kristin Svidal, Arild Herstad.

Tilskot frå fylkeskommunen

Årlege tilskot i følgje avtale med staten og kommunane.

Fylkeskommunen sitt ansvar

Hovudutvalet for kultur vel tre styremedlemmer med vara. Fylkeskommunen peikar ut styreleiar. Hovudutvalet vel og ein medlem til representantskapet.

Fylkeskommunen dekkjer utgiftene i samband med representantskapsmøtet for sin medlem.

Stiftinga Vestlandsforsking

Adresse: Vestlandsforsking, postboks 163, 6851 Sogndal

Tlfnr: 906 33 600
E-post: post@vestforsk.no

Oppretta

Den 13.5.1985

Opprettar

Fylkeskommunen.

Type stifting

Alminneleg stifting.

Føremål

Å fremje forskning med tilknyting til Sogn og Fjordane, ved bl.a. å skaffe midlar til eller drive forskning og forskningsformidling. Det er også høve til å ta oppdrag utanfor fylket.

Grunnkapital

Kr 4 000 000

Styret

Knut M. Olsen, leiar, Trude Brosvik, nestleiar, Sigurd Kvikne, Anne Grete Bruvoll, Berit Bringedal, Yngve Hallen, Øyvind Heimset Larsen

Tilskot frå fylkeskommunen

FT-sak 58/07: Tilskot kr 800 000 per år i perioden 2008-2011.

Fylkeskommunen sitt ansvar

Fylkesutvalet vel fem av sju styremedlemer, herunder leiar og nestleiar.

Stiftinga Røde Kors Nordisk United World College

Adresse: 6968 Flekke
Tlfnr: 57 73 70 00
E-post: info@rcnuwc.no

Oppretta

Den 2.9.1993

Opprettar/opprettarar

Fylkeskommunen, Noregs Røde Kors, Fjaler kommune, Sogn og Fjordane Røde Kors, Eckbos Legater og Stiftelsen Et Nordisk United World College.

Type stifting

Alminneleg stifting.

Føremål

Å fremje fred og internasjonal forståing, berekraftig utvikling og økologiske kunnskapar gjennom utdanning, forsking, kurs og andre tiltak.

Grunnkapital

Kr 50 000

Styret

Tove Veierød (leiar), Ingegerd Wärnersson (nestleiar), Matti Hovila, Hans Lindemann, Gisle Kavli, Ivar Lund-Mathiesen, Ragnhild Tveiten og Olivier Hugemark.

Tilskot frå fylkeskommunen

Ingen.

Fylkeskommunen sitt ansvar

Fylkesutvalet vel ein medlem av om lag 25 medlemer til Rådet.

Stiftinga Nynorsk kultursentrum

Adresse: Indrehovdevegen 176, 6160 Hovdebøygda.
 Tlfnr: 70 04 75 70
 E-post: admin@aasentunet.no

Oppretta

Den 31.8.1993

Opprettar/opprettarar

Fylkeskommunen, kr 10 000, Det Norske Teatret, Hordaland fylkeskommune, Høgskulen i Sogn og Fjordane, Høgskulen i Volda, Ivar Aasen-instituttet, Landssamanslutninga av nynorsk-kommunar, Litteraturselskapet Det Norske Samlaget, Møre Folkehøgskule, Møre og Romsdal fylkeskommune, Møreforsking Volda, Noregs Mållag, Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet, Noregs Ungdomslag, Rogaland fylkeskommune, Sunnmøre Museum, Ulvik herad, Universitetet i Bergen, Universitetet i Oslo, Universitetet i Tromsø, Vestmannalaget, Volda kommune og Ørsta kommune

Type stifting

Ideell stifting.

Føremål

Stiftinga Nynorsk kultursentrum er ei ideell stifting med hovudføremål å arbeide for nynorsk skriftkultur. Stiftinga skal kunne eige og drive språklege og litterære dokumentasjons- og

opplevelingsenter, festivalar, digitale tenester og forretningsstiltak som er med og oppfyller dette føremålet.

Grunnkapital

Minimum 100 000. Grunnkapitalen var 240 000 kr pr. 31.12.2011.

Styret

Reidar Sandal (leiar), Sigrun Høgetveit Berg (nestleiar), Bente LaForce, Georg Arnestad, Jon Østbø, Grete Riise, Åshild Widerøe. Fast observatør er rådsordførar Wegard Harsvik. .

Tilskot frå fylkeskommunen

Ingen.

Fylkeskommunen sitt ansvar

Hovudutval for kultur vel ein medlem av 23 medlemer i rådet.

Merknader

Stiftinga vart oppretta den 30.8.93 av 14 opprettarar. Fylkeskommunen var ikkje med. Ved stiftinga sitt brev av 7.6.94 fekk fylkeskommunen, og ein del andre, innbyding til å vere med som opprettar. Ved noko vi no kan kalle eit mistak vedtok fylkeskulturtutvalet i sak 56/94, den 29.9.94, at fylkeskommunen skulle ”teikne seg som stiftar”, og fylkeskommunen betalte kr 10.000 til grunnkapitalen.

Det viser seg at det i vedtekten for stiftinga står at rådet kan ta opp nye stiftarar/opprettarar. Dette gjer at stiftinga no opererer med 20 opprettarar. Dette er i strid med stiftingslova som føreset at opprettar er den som i si tid oppretta stiftinga. Ei stifting er ikkje ei forening der medlemer kan melde seg inn og ut.

Det blir no eit spørsmål om fylkeskommunen fortsatt skal rekne seg som opprettar av stiftinga. Formelt sett er fylkeskommunen ikkje opprettar, og kan difor trekkje seg ut. Ved ikkje å vere opprettar slepp fylkeskommunen å velje utsending til rådet i stiftinga, og ein unngår den ressursbruken deltaking i rådet medfører.

Stiftinga Langvin

Adresse: Postboks 33, 6793 Innvik
Tlfnr: 90 52 22 35
E-post: gitle.sande@mentor.no

Oppretta

Den 11.6.1997

Opprettar/opprettarar

Fylkeskommunen, kr 10 000 000 og Stryn kommune, kr 500 000.

Type stifting

Alminneleg stifting.

Føremål

Å forvalte verdiane i stiftinga på ein slik måte at midlane kan brukast til å fremje utvikling og nyskaping i Innvik.

Grunnkapital

Kr 6 000 000 som er verdien av innskotne eigedomar.

Styret

Gitle Sande, leiar, Ørjan Skåden, Jorunn Kirketeig, Oddvin Hanssen og Paul Jacob Helgesen.

Tilskot frå fylkeskommunen

Ingen.

Fylkeskommunen sitt ansvar

Fylkesutvalet vel tre medlemer til styret, og Styn kommune vel dei to andre medlemene.

Merknader

Eigedomen vart sold i april 2010 og skøyte er overdradd til ny eigar. Styret held på med å omdanne stiftinga i samsvar med dei endringar som har skjedd, mellom anna at grunnkapitalen blir endra, tal styremedlem, nedskrivning av balansen m.v. Saka vart handsama i møte i fylkesutvalet 19. oktober. Vedtektsendringane vart godkjent. Endringane er ikkje handsama av Stiftingstilsynet.

Stiftinga Vestnorsk Jazzsenter

Adresse: Georgernes Verft 12, 5011 Bergen
Tlfnr: 55 30 72 50
E-post: post@vestnorskjazzsenter.no

Oppretta

Den 10.9.1997.

Opprettar/opprettarar

Fylkeskommunen, Hordaland fylkeskommune, Rogaland fylkeskommune, Bergen Jazzforum og Norsk Jazzforum.

Type stifting

Alminneleg stifting.

Føremål

Å arrangere konserter som er forankra i jazz og tilgrensa musikkformer. I tillegg skal stiftinga ivareta Norsk Jazzforbund sine regionoppgåver i region 3, også i form av pedagogiske tiltak og turneformidling.

Grunnkapital

Kr 50 000

Styret

Dan Femoen (leiar), Asle S. Wingsternes (nestleiar), Gunhild Seim, Øyunn Viken, Bjarne Dankel jr., Hallgeir Oppedal, Svein Abrahamsen.

Tilskot frå fylkeskommunen

Årleg tilskot etter søknad. I 2011: kr 100 000.

Fylkeskommunen sitt ansvar

Hovudutval for kultur vel ein av sju styremedlemer + personleg vara.

Fylkeskommunen dekkjer utgiftene i samband med styremøta for sin medlem.

Merknader

Stiftinga vart oppretta i 1997. Fylkeskommunen var ikkje med som opprettar. I 1999 vart fylkeskommunen invitert til å vere med som ”medlem” i stiftinga mot å gå inn med årlege tilskot på kr 50.000, og fekk då ein plass i styret. Ei slik ordning med medlemskap i stiftingar er ikkje i samsvar med stiftingslova. Fylkeskommunen står difor fritt i å seie opp denne ”medlemskapen” og eventuelt slutte med å betale tilskot.

Stiftinga Balejazz

Adresse:	Boks 24, Kviknes Hotell, 6890 Balestrand
Tlfnr:	57 69 42 00
E-post:	booking@kviknes.no

Oppretta

Den 3.1.2002.

Opprettar/opprettarar

Fylkeskommunen (kr 10.000), Balejazz, Kviknes Hotell, Balestrand kommune og Vestnorsk Jazzsenter.

Type stifting

Alminneleg stifting.

Føremål

Å arrangere ein årleg jazzfestival i Balestrand som er forankra i, men ikkje avgrensa til norsk/regional jazz, herunder med sikte på å fremje og delta i utviklinga av musikarar og miljø som arbeider med jazz.

Grunnkapital

Kr 100 000.

Styret

Sigurd Kvikne, leiar, Olav Bergum, Lars Nes, Jon Skjerdal, Solveig Berstad Sande.

Tilskot frå fylkeskommunen

Tilskot etter søknad. I 2011: kr 200 000.

Fylkeskommunen sitt ansvar

Hovudutval for kultur vel ein av fem medlem til representantskapet som vel styret.

Stiftinga Sogn og Fjordane Kunstmuseum

Adresse: Postboks 663, 6804 Førde
 Tlfnr: 97 42 15 65
 E-post: sfkm@misf.museum.no

Oppretta

Den 6.1.2004

Opprettar/opprettarar

Sogn og Fjordane fylkeskommune (kr 40 000), Førde kommune, Jølster kommune, Biletkunstnarane i Sogn og Fjordane, Norske Kunsthåndverkarar Vest-Norge, Hornindal kommune, Lærdal kommune

Type stifting

Alminneleg stifting.

Føremål

Å skape interesse for og auke kunnskapen om biletkunst og kunsthåndverk i fylket gjennom å drive kunstmuseal verksemd, som er innsamling, bevaring, forsking og formidling.

Grunnkapital

Kr 110 000

Styret

Karen Marie Hjelmeseter, leiar, Cecilie Løvlid, Ivar Svensøy, Atle Reidar Sandnes, Norunn Holmøy-Wang, Lars Petter Nesse, Lars Bjarne Sture.

Tilskot frå fylkeskommunen

Fekk faste tilskot fram til 2009 inntil konsolideringa med Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane.

Fylkeskommunen sitt ansvar

Hovudutval for kultur vel to av sju medlemer til styret, herunder leiar og nestleiar.
Vedtekten er under revisjon.

Stiftinga Norsk Country-Treff

Adresse: 6827 Breim
Tlfnr: 57 86 63 44
E-post: nct@breim.no

Oppretta

Den 30.9.2004.

Opprettar/opprettarar

Fylkeskommunen, Breimsbygda Idrettslag, Byrkjelo Ungdomslag, Breim Bygdeungdomslag, A/L Breimshallen, Breim Countryklubb, Stiftinga Norsk Fjordhestgard, Gloppen kommune.

Type stifting

Alminneleg stifting.

Føremål

Norsk Country Treff er ein knutepunktinstitusjon med eit sjangeroppdrag, og skal ha ein leiande posisjon innanfor country-sjangeren. Føremålet er å i framtida vere den kvalitetsmessig beste festivalen i Noreg, og å arrangere eit årleg countrytreff i Gloppen kommune, med eit overordna mål å presentere nasjonale og internasjonale artistar og grupper på høgt musikalsk nivå.

Grunnkapital

Verdien av dei bygningar/anlegg som Norsk Country Treff eig.

Styret

Nils R Sandal, leiar, Vegar Sårheim, nestleiar, Torhild Fjørtoft, Anniken Rygg og Arve Kleppe

Tilskot frå fylkeskommunen

Tilskot etter søknad. I 2011: kr 550 000.

Fylkeskommunen sitt ansvar

Hovudutval for kultur vel ein medlem av ni medlemer i representantskapet. Sogn og Fjordane Fylkeskommune vel to styremedlemmer med varamedlemmer, og utpeiker styreleiar.

Fylkeskommunen dekkjer utgiftene i samband med representantskapsmøtet for sin medlem.

Stiftinga Nærøyfjorden Verdsarvpark

Adresse: Fjordsenteret, 5745 Aurland
 Tlfnr: 576 32 909 / 95 17 25 95
 E-post: erling@naroyfjorden.no

Oppretta

Den 25.1.2008.

Opprettar/opprettarar

Fylkeskommunen, kr 50.000, Aurland kommune, kr 100.000, Voss kommune, kr 50.000, Vik kommune, kr 50.000, og Lærdal kommune, kr 50.000.

Type stifting

Alminneleg stifting.

Føremål

Å følgje opp verdsarvstatusen for Nærøyfjordområdet som ei heilskapleg plattform for ei regional satsing på natur og kulturbasert verdiskaping.

Grunnkapital

Kr 300 000

Styret

- Varaordførar Erling M. Nesbø, Aurland kommune
- Ordførar Jan Geir Solheim, Lærdal kommune
- Ordførar Marta Finden Halset, Vik kommune (nestleiar)
- Ordførar Hans Erik Ringkjøb, Voss kommune
- Fylkesvaraordførar Jenny Følling, Sogn og Fjordane fylkeskommune
- Leif Inge Underdal, –Underdal Oppleving (styreleiar)
- Erling Brandseth, Stalheim Landskapspark
- Svein Tufte, Bakka Grendalag
- Dee Cunningham, Fresvik Bygdelag

Tilskot frå fylkeskommunen

I 2011: kr 50 000 + kr 1 094 000.

Fylkeskommunen sitt ansvar

Fylkesutvalet vel ein av ni styremedlemer.

Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane

Adresse: Gota 16, 6823 Sandane

Tlfnr: 57 86 84 80
E-post: post@misf.museum.no

Oppretta

Den 14.1.2009

Opprettar/opprettarar

Fylkeskommunen, kr 50 000, Sunnfjord Museum, Kystmuseet i Sogn og Fjordane, Sogn og Fjordane Kunstmuseum, Sogn Folkemuseum og Nordfjord Folkemuseum.

Type stifting

Alminneleg stifting.

Føremål

Å drive museum og å forvalte all drift ved museumsavdelingane, som ledd i gjennomføringa av den statlege museumsreforma (konsolidering).

Grunnkapital

Kr 100 000

Styret

Harry Mowatt, leiar, Laura Kvamme, Hallvard S. Oppedal, Olin Johanne Henden, Siv Rimmen, Arild Hartman Eriksen og Anna Jorunn Avdem.

Tilskot frå fylkeskommunen

Årlege tilskot i følgje avtale med kommunane og staten (knutepunktinstitusjon). I 2011: kr 11 137 000.

Fylkeskommunen sitt ansvar

Fylkestinget vel to medlemer av sju styremedlemer, herunder leiaren.

Fylkestinget vel ein medlem av 21 medlemer i rådet.

Stiftinga Norsk Kvernsteinsenter

Adresse: 6957 Hyllestad
Tlfnr: 458 71 940
E-post: post@kvernstein.no

Oppretta

Den 18.6.2009.

Opprettar/opprettarar

Fylkeskommunen, kr 50 000, og Hyllestad kommune, kr 50 000.

Type stifting

Alminneleg stifting.

Føremål

Å vere pådrivar for forsking på historia til produksjon og distribusjon av kvernstein, vere pådrivar i arbeidet med å sikre at kvernsteinbrota i Noreg vert tekne omsyn til i samfunns- og arealplanlegginga og formidle eit representativt uval av kvernsteinsbort for framvising.

Grunnkapital

Kr 100 000

Styret

Nils R. Sandal, leiar, Tore Bråstad, Trude Brosvik, Finn B. Førsund, Karin Galaaen, Ingvild Øye, Tom Heldal.

Tilskot frå fylkeskommunen

I 2011: kr 1 000 000.

Fylkeskommunen sitt ansvar

Hovudutval for kultur vel to av sju styremedlemmer.

3. Bompengeselskap med fylkeskommunal garanti

Bompengeselskapa høyrer eigentleg ikkje heime i ei eigarmelding sidan fylkeskommunen ikkje har nokon eigarskap i desse selskapa, og heller ikkje har rett til å møte på generalforsamlinga. Fylkesrådmannen ønskjer å ta med ein omtale av bompengeselskapa sidan fylkeskommunen har stilt garanti for store summar til selskapa.

Fatlatunnelen AS

Styret

Ellen Njøs (leiar), Arvid Stenehjem, Nils Geir Myrkaskog, Kjell Sverre Snøtun og Gro Starheimsæter.

Forretningsførar

Advokat Jan Arild Rømmen.

Fylkeskommunal garanti

Garantisum: 93,5 mill. kr

Attverande garantitid: 14 år.

Styregodtgjersler m.v.

Godtgjersle til styreleiaren: kr 30 000 pr. år.

Godtgjersle til andre styremedlemer: kr 15 000 pr. år.

Andre godtgjersler/godar til styremedlemer: Ingen.

Honorar til forretningsføraren: kr 159 319.

AS Fjærlandsvegen

Fylkeskommunen sitt garantiansvar har falt bort. Selskapet er under avvikling.

4. Vedlegg

Vedlegg 1

Oversikt over fylkeskommunal eigarskap i selskap

Pr. 10.9.2012

Selskapa er sortert etter eigarskap i prosent:

Namn	Aksjekapital i kr	Eigarskap i prosent
F1 Holding AS	147 250 000	100,00
Sogn og Fjordane Holding	30 000	100,00
Sogn og Fjordane Teater	80 000	80,00
Opplæringsfartøy	6 000 000	77,00
Luna Industri	194 000	65,99
Fjord Invest Såkorn	15 350 000	50,58
Sogn og Fjordane Energi	356 090 200	48,15
Lutelandet Utvikling	768 000	48,00
Kunnskapsparken i SFJ	2 500 000	38,00
Sandane Industri	325 500	32,00
Firda Produkt	150 000	30,00
Norsk Fjordhestsenter	30 000	30,00
Sogneprodukt	150 000	27,00
Origod	150 000	24,00
Gulen og Masfjorden Utv.	1 156 250	22,42
Njøs Næringsutvikling	100 000	22,20
Firda Billag	500 000	5,00
Framtidsfylket	17 000	4,00
Botnaneset Industriselskap	100 000	0,62
Kommunekraft	1 000	0,31

Interkommunale selskap:

Namn	Inniskot	Eigarskap i prosent
Trivselshagen IKS	47 100 000	50,00
Sogn og Fjordane Revisjon	480 000	40,00
Vigo IKS		5,26

Særlovselskap:

Innovasjon Norge	505 263	2,58
------------------	---------	------

Vedlegg 2

Etiske prinsipp og retningslinjer

vedteke av fylkestinget den 14.12.93, sak 36/93.

Etiske prinsipp

Medvit om etikk og haldningar skal styrke grunnlaget for innbyggjarane sin tillit til politikk og administrasjon i fylkeskommunen.

Etikk er å:

- vere lojal mot dei reglar og ordningar som gjeld i fylkeskommunen
- gi fullstendig og korrekt informasjon
- bruke mynde med varsemd og forstand
- ha ei fri og uavhengig stilling i høve til saker der ein har mynde
- ikkje blande eigne og offentlege interesser
- vere ærlege

Etiske retningslinjer

Omfang:

Dei etiske retningslinjene gjeld for alle folkevalde og tilsette i Sogn og Fjordane fylkeskommune.

§ 1 Føremålet med retningslinjene

Føremålet med dei etiske retningslinjene er å skape betre medvit om haldningar og etikk og dermed å styrke innbyggjarane sin tillit til administrasjon og politikk i fylkeskommunen.

§ 2 Handling og haldning

Sogn og Fjordane fylkeskommune legg stor vekt på at etisk haldning også må få gjennomslag i praktisk handling m.a. ved å;

- følge lover, føresegner og ordningar elles som gjeld for fylkeskommunen
- ta opp tilhøve som ein meiner er feil
- forvalte fylkeskommunen sine ressursar på ein best mogleg måte
- å vere lojal mot fylkeskommunen sine overordna mål
- å vise andre respekt i omtale og i handling

Sogn og Fjordane fylkeskommune byggjer si verksemd på at både folkevalde og tilsette aktørar er opne og ærlege. Som forvaltarar av fellesmidlar i samfunnet, vert det stilt spesielt høge krav til

den einskilde aktør sine etiske haldningar. Alle pliktar lojalt å halde lov, forskrifter og reglement som gjeld for verksemda i fylkeskommunen. I dette ligg også at alle skal vere lojale mot dei vedtak som er gjorde.

§ 3 Etisk forvaltningspraksis

Fylkeskommunale aktørar skal vere medvitne om at deira åtferd er grunnlaget for den tilliten innbyggjarane har til fylkeskommunen. Dei skal difor ta aktiv avstand frå å stå opp mot all uetisk forvaltningspraksis.

§4 Økonomiske og andre føremoner

a) Fylkeskommunale aktørar skal unngå personlege føremoner som kan påverke eller vere eigna til å påverke handlingar, saksførebuing eller vedtak.

Dette gjeld likevel ikkje gåver av liten verdi slik som reklamemateriell, blomar, ei bok eller konfekt og liknande når eit ytre høve gjer det naturleg og utan at det er knytt til nokon konkret vedtakssituasjon.

Gåver omfattar ikkje berre materielle gjenstandar, men også andre føremoner t.d. i form av personlege rabattar ved kjøp av varer og tenester.

b) Dersom ein får tilbod om gåver og liknande som i verdi går utover retningslinjene i fylkeskommunen, skal ein kontakte nærmeste overordna. Dette gjeld også om tilhøva kring tilbodet tilseier det. Gåver av denne karakter skal returneras avsendar saman med eit brev der ein gjer greie for fylkeskommunen sine reglar om dette.

c) Moderate former for gjestfridom og representasjon høyrer med i samarbeidstilhøve og som ramme for informasjonsutveksling. Både grad og karakter av slik merksemrd må ikkje utviklast slik at den usakleg påverkar avgjerdsprosessen eller kan gje andre rimeleg grunn til å tru det.

d) Reiseutgifter i fagleg samanheng skal dekkjast av fylkeskommunen der som ikkje annan offentleg instans står som arrangør og betalar utgiftene. Unntak frå dette kan berre skje etter særskilt vedtak.

§ 5 Interessekonfliktar

Fylkeskommunale aktørar skal unngå å kome i situasjonar som fører til konflikt mellom personlege interesser og interessene til fylkeskommunen. Dette kan også gjelde sjølv om tilhøvet ikkje vert ramma om ugildskap i forvaltningslova.

Dersom personlege interesser kan påverke avgjerder i ei sak eller eit saksområde ein har fagleg ansvar for eller elles deltek i handsaminga av, skal ein ta dette opp med overordna.

For politiske aktørar må det gjelde full opplysningsplikt i vedkomande kollegiale vedtaksorgan.

Dette skal også gjelde i dei høve ein måtte bli avskoren frå å hevde personlege interesser der det elles ville ha vore legitimt eller det er fare for at ein kan overkompensere mot personlege interesser for å halde oppe truverdet.

Døme på slike interessekonfliktar kan vere:

- Forretningstilhøve til tidlegare arbeidsgjevar eller arbeidskollegaer

- Løna attåtverv som kan påverke det arbeidet ein gjer i fylkeskommunen
- Engasjement i interesseorganisasjonen eller politisk verksemd som gjeld tilhøve som den einskilde
- arbeider med i fylkeskommunen
- Personlege økonomiske interesser som kan føret til at vedkomande medarbeidar kjem i ein konkurransesituasjon eller lojalitetskonflikt i høve til verksemda i fylkeskommunen
- Familiesamband eller andre nære sosiale samband
- Funksjonen som tillitsvald for tilsette som arbeider med arbeidsgjevarspørsmål
- Fylkeskommunalt tilsette i politiske verv i fylkeskommunen.

§ 6 Informasjon

I all sakshandsaming og verksemd skal ein leggje vekt på å få fram fullstendig, korrekt og sakleg informasjon som grunnlag for dei avgjerd som skal takast. Informasjon som ikkje er fortruleg skal vere open og tilgjengeleg for alle.

Opplysningar som ein har fått på fortruleg vis under handsaming av saker i fylkeskommunen, skal haldast fortrulege og ikkje nytast til personleg vinning.

All informasjon om fylkeskommunen skal gjevast på ein slik måte at ein kan vedkjenne seg den andsynes den/dei det vedkjem. Den skal vere korrekt og påliteleg.

Ein bør aktivt søkje å unngå tvetydige formuleringar. Har ein likevel kome i skade for å gje gal informasjon eller informasjon som er unødig uklår, bør det rettast opp ved første høve.

§ 7 Mynde

Myte gjennom tillitsverv eller stilling skal ein bruke til det føremål som det er meint for. Mynde skal ikkje brukast for å oppnå personleg vinning eller for å fremme personlege interesser.

Mynde skal brukast med særleg varsemd andsynes den som har små ressursar og som vanskeleg kan hevde rettane sine.

§ 8 Bruk av utstyr

Ein kan berre nytte fylkeskommunale maskiner, bilar og anna utstyr i samsvar med fastsette retningslinjer.

§ 9 Åferd

Alle som representerer fylkeskommunen må vidareutvikle og arbeide for å styrke den etiske standard og åferd i all politisk og administrativ verksemd.

Alle har eit sjølvstendig ansvar for å ta opp tilhøve ein får kjennskap til på arbeidsplassen som ikkje er i samsvar med fylkeskommunen sine etiske retningslinjer.

Leiarar på alle nivå har eit særleg ansvar for å:

- leggje vekt på personleg integritet

- halde opp, vidareutvikle, gjøre tydeleg og skape aksept for etisk forsvarleg åtferd
- legge tilhøva til rette for å praktisere etiske forsvarleg åtferd
- Følgje opp at folkevalde og tilsette er kjende med og etterlever fylkeskommunen sine etiske retningslinjer

Vedlegg 3

Valde utsendingar frå Sogn og Fjordane fylkeskommune

Valde utsendingar til generalforsamlingar og medlem av representantskap mv. for valperioden
2012 - 2015

Sogn og Fjordane Energi AS:

Utsending: Fylkesordføraren

Vara: Fylkesvaraordføraren

F1 Holding AS:

Utsending: Fylkesordføraren

Vara: Fylkesvaraordføraren

Fjord Invest Såkorn:

Utsending: Fylkesordføraren

Vara: Fylkesvaraordføraren

Opplæringsfartøy AS:

Utsending: Karianne Torvanger

Vara: Henrik Oppen

Kunnskapsparken Sogn og Fjordane AS:

Utsending: Hilmar Høl

Vara: Karen Marie Hjelmeseter

Gulen og Masfjorden Utvikling AS:

Utsending: Fylkesordføraren

Vara: Fylkesvaraordføraren

Sogn og Fjordane Holding AS:

Utsending: Fylkesordføraren

Vara: Fylkesvaraordføraren

Botnaneset Industriselskap AS:

Utsending: Fylkesvaraordføraren

Vara: Nils P. Støyva

Luna Industri AS:

Utsending: Hilmar Høl

Vara: Jenny Følling

Lutelandet utvikling AS:

Utsending: Fylkesordføraren

Vara: Fylkesvaraordføraren

Firda Billag AS:

Utsending: Fylkesordføraren

Vara: Fylkesvaraordføraren

Sandane Industri L/L:

Utsending: Nils P. Støyva

Vara: Klaus Iversen

Firda Produkt AS:

Utsending: Jorunn Eide Kirketeig
Vara: Bjørg Bergheim

Origod AS:

Utsending: Marit Barsnes Krogsæter
Vara: Helen Hjertaas

Sogneprodukter AS:

Utsending: Heidi Katrin Osland
Vara: Rita Navarsete

Innovasjon Norge:

Utsending: Fylkesordføraren
Vara: Anders Ryssdal

Njøs Næringsutvikling:

Utsending: Bjørn Birger Bremer
Vara: Lars Hustveit

Norsk Fjordhestsenter AS:

Utsending: Ingebjørg Erikstad
Vara: Svein Arne Skuggen Hoff

Sogn og Fjordane Teater L/L:

Utsending: Ingebjørg Erikstad
Vara: Svein Arne Skuggen Hoff

Framtidsfylket AS:

Utsending: Jan Heggheim
Vara: Endre Høgalmen

Sogn og Fjordane Revisjon IKS:

Utsending: Fylkesordføraren
Vara: Fylkesvaraordføraren

Trivselshagen IKS:

Utsending: Gunn Åmdal Mongstad
Vara: Svein Hansen
Utsending: Anders Kristian Sægrov
Vara: Helen Hjertaas

Vedlegg 4**Mal for rapportering****Mal for rapportering fra generalforsamling/representantskapsmøte til fylkesutvalet**

Alle eigarrepresentantar skal levere ein skriftleg rapport frå generalforsamlinga/representantskapsmøte til fylkesutvalet. Rapporteringsfrist er sett til 31.juli til fylkesrådmannen.

Følgjande mal skal leggast til grunn for rapporteringa:

1. Namn på selskapet
2. Kven møtte på generalforsamling/representantskapsmøte på vegne av fylkeskommunen:
 - a. Valt utsending
 - b. Vararepresentant
 - c. Andre m/fullmakt
 - d. Ingen møtte og grunngje orsaka til dette
3. Referere viktige saker / hendingar / planar for selskapet som det vart orientert om:
 - a. For året før
 - b. For inneverande år
 - c. For komande år
4. Kommenter hovudtrekka i årsrekneskap og årsmelding. Viss selskapet sin revisor har gitt ei revisjonsmelding med avvik frå normalmeldinga skal selskapet sine kommentarar og eventuelle tiltak i høve dette rapporterast. Opplys om selskapet har ein god og sunn økonomi eller om det er faktorar her som kan få konsekvensar for fylkeskommunen som eigar, t.d.:
 - a. Kapitalutviding
 - b. Kapitalnedsetting
 - c. Konkurs/styrt avvikling
5. Gje ei vurdering av om selskapet driv i høve til selskapet sitt formål
6. Gje ei vurdering av om målet for fylkeskommunen sitt eigarskap i selskapet, jf. om omtale i eigarmeldinga framleis er gjeldande
7. Gje ei vurdering av om fylkeskommunalt eigarskap framleis er føremålsteneleg
8. Gje ei vurdering av korleis styringssignal gitt av fylkesutvalet vart teken i mot av selskapet
9. Gje ei vurdering av om det har det skjedd endringar i høve til selskapet som gjer det naudsint med endringar på kven som er fylkeskommunen sin utsending / vararepresentant
10. Følgjande skal leggast ved rapporten:
 - a. Innkalling til generalforsamling m/saksliste og sakspapir
 - b. Protokoll frå generalforsamling viss det er motteke

Fylkesrådmannen føreset at rapporten vert utarbeidd av den som møtte på generalforsamlinga/representantskapsmøte. Vald utsending har ansvaret for rapporteringa viss det var andre med fullmakt eller ingen som møte, jf. pkt. 2 c og d.

Saksprotokoll

Organ: Fylkestinget

Møtedato: 16.10.2012

Sak nr.: 12/6859-6

Internt l.nr. 36123/12

Sak: 46/12

Tittel: Eigarmelding 2012 - Fylkeskommunal eigarskap i selskap

Behandling:

Frå fylkesutvalet låg det føre slik tilråding til vedtak:

1. Fylkestinget sluttar seg til vurderingane og prinsippa for eigarpolitikk i del I av eigarmeldinga, jf. vedlegg 1.
2. Fylkestinget sluttar seg til omtalen og vurderinga av dei einskilde selskap og stiftingar i del II av eigarmeldinga, jf. vedlegg 1.
3. Fylkestinget legg følgjande til grunn for dei einskilde selskapa, jf. del II i vedlegg 1:
 - a) Vidareføre eigarskapen. Dette gjeld Sogn og Fjordane Energi AS, Sogn og Fjordane Holding AS, F1 Holding AS, Fjord Invest Såkorn AS, Framtidsfylket AS, Gulen og Masfjorden Utvikling AS, Innovasjon Norge, Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane AS, Lutelandet Utvikling AS, Njøs Næringsutvikling, Vigo IKS, Sogn og Fjordane Teater L/L, Sandane Industri AS, Firda Produkt AS, Origod AS, Sogneprodukt AS, Kommunekraft AS og Trivselshagen IKS.
 - b) Vidareføre eigarskapen inntil vidare. Dette gjeld Botnaneset Industriselskap AS, Luna Industri AS, Firda Billag og Opplæringsfartøy AS.
 - c) Fylkeskommunen deltek i strategiprosessen, og eigarskapen held fram inntil vidare: Dette gjeld AS Norsk Fjordhestsenter.
 - d) Fylkestinget stadfester varsel om utmelding av SF Revisjon IKS: Dette gjeld Sogn og Fjordane Revisjon IKS.
4. Fylkesutvalet får fullmakt til å gjere naudsynte tiltak, t.d. søkje om vedtektsendring, slik at Helse Førde i framtida vel styret i Bustadstiftinga ved fylkessjukehuset i Lærdal, Bustadstiftinga ved fylkessjukehuset på Nordfjordeid og Bustadstiftinga ved Sentralsjukehuset Sogn og Fjordane.
5. Fylkestinget ber om at det i framtida også vert rapportert på selskapet sitt etiske regelverk og implementering av dette.

Endringsframlegg:

Høgre, Framstegspartiet og Venstre sette fram slikt framlegg til vedtak:

Selskapet F1 Holding blir flytta frå kategori 3A, «vidareføre eigarskapen» til 3B, «vidareføre eigarskapen inntil vidare».

Avrøysting:

Framleggget frå Høgre, Framstegspartiet og Venstre fekk 13 røyster, og framleggget fall. Tilrådinga frå fylkesutvalet vart samråystes vedteken.

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

6. Fylkestinget sluttar seg til vurderingane og prinsippa for eigarpolitikk i del I av eigarmeldinga, jf. vedlegg 1.
7. Fylkestinget sluttar seg til omtalen og vurderinga av dei einskilde selskap og stiftingar i del II av eigarmeldinga, jf. vedlegg 1.
8. Fylkestinget legg følgjande til grunn for dei einskilde selskapa, jf. del II i vedlegg 1:
 - e) Vidareføre eigarskapen. Dette gjeld Sogn og Fjordane Energi AS, Sogn og Fjordane Holding AS, F1 Holding AS, Fjord Invest Såkorn AS, Framtidsfylket AS, Gulen og Masfjorden Utvikling AS, Innovasjon Norge, Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane AS, Lutelandet Utvikling AS, Njøs Næringsutvikling, Vigo IKS, Sogn og Fjordane Teater L/L, Sandane Industri AS, Firda Produkt AS, Origod AS, Sogneprodukt AS, Kommunekraft AS og Trivselshagen IKS.
 - f) Vidareføre eigarskapen inntil vidare. Dette gjeld Botnaneset Industriselskap AS, Luna Industri AS, Firda Billag og Opplæringsfartøy AS.
 - g) Fylkeskommunen deltek i strategiprosessen, og eigarskapen held fram inntil vidare: Dette gjeld AS Norsk Fjordhestsenter.
 - h) Fylkestinget stadfester varsel om utmelding av SF Revisjon IKS: Dette gjeld Sogn og Fjordane Revisjon IKS.
9. Fylkesutvalet får fullmakt til å gjere naudsynte tiltak, t.d. søkje om vedtektsendring, slik at Helse Førde i framtida vel styret i Bustadstiftinga ved fylkessjukehuset i Lærdal, Bustadstiftinga ved fylkessjukehuset på Nordfjordeid og Bustadstiftinga ved Sentralsjukehuset Sogn og Fjordane.
10. Fylkestinget ber om at det i framtida også vert rapportert på selskapet sitt etiske regelverk og implementering av dette.



**SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE**

**Fylkesrådmannen
Fylkeshuset
Askedalen 3, 6863 Leikanger
Telefon 57 65 61 00
Telefaks 57 65 61 01
E-post: postmottak.sentraladm@sfj.no
www.sfj.no**

**Framside: Hurrungane
Foto: Birthe Johanne Finstad/Sogn og Fjordane fylkeskommune**